



«Kommunen har gjennom fleire år hatt eit god samarbeid med næringslivet og frivilligheita i kommunen. Dette samarbeidet ser ein mellom anna i bygginga av Sjøperlo og den nye aktivitetsparken i Ølen, som vart vedteken av kommunestyret hausten 2018»

# Årsmelding 2018

# Vindafjord kommune

## Innhold

<b>1.</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>4</b>
<b>2.</b>	<b>Organisering.....</b>	<b>5</b>
2.1	<b>Administrativ organisering.....</b>	<b>5</b>
2.2	<b>Politisk organisering .....</b>	<b>6</b>
2.3	<b>Oversikt politiske saker og møte.....</b>	<b>7</b>
2.4	<b>Overordna Planverk.....</b>	<b>10</b>
2.5	<b>Kommuneøkonomi .....</b>	<b>10</b>
<b>3.</b>	<b>Visjon og overordna mål.....</b>	<b>19</b>
3.1	<b>Visjon.....</b>	<b>19</b>
3.2	<b>Overordna mål .....</b>	<b>19</b>
3.3	<b>Resultatmål .....</b>	<b>19</b>
3.4	<b>Avvik og Avvikshåndtering .....</b>	<b>23</b>
<b>4.</b>	<b>Strategiar.....</b>	<b>24</b>
4.1	<b>Samfunnsutvikling .....</b>	<b>24</b>
4.1.1	<b>Attraktivitet og Busetnad .....</b>	<b>27</b>
4.1.2	<b>Berekraftig arealforvaltning .....</b>	<b>28</b>
4.1.3	<b>Folkehelse .....</b>	<b>28</b>
4.1.4	<b>Oppvekst .....</b>	<b>28</b>
4.2	<b>Tenesteutvikling.....</b>	<b>29</b>
4.2.1	<b>Busetjing av flyktninger og integrering .....</b>	<b>29</b>
4.2.2	<b>Bustadsosial handlingsplan .....</b>	<b>29</b>
4.2.3	<b>Rusmiddelpolitisk handlingsplan .....</b>	<b>29</b>
4.2.4	<b>Velferdsteknologi.....</b>	<b>29</b>
4.2.5	<b>Kveldagsrehabilitering og førebyggjing .....</b>	<b>29</b>
4.3	<b>Organisasjonsutvikling.....</b>	<b>30</b>
4.3.1	<b>Økonomi, styring og service .....</b>	<b>30</b>
4.3.2	<b>Tverrfagleg samhandling og innovasjon .....</b>	<b>30</b>
4.3.3	<b>Rekruttera og behalda kompetanse .....</b>	<b>31</b>
4.3.4	<b>Samfunnstryggleik og beredskap .....</b>	<b>31</b>
<b>5.</b>	<b>Investeringar .....</b>	<b>32</b>
5.1	<b>Administrasjon og fellesdrift .....</b>	<b>32</b>
5.2	<b>Oppvekst og kultur .....</b>	<b>32</b>
5.3	<b>Helse og omsorg.....</b>	<b>34</b>

5.4	<b>Forvaltning, drift og utvikling.....</b>	35
5.5	<b>Kyrkja.....</b>	39
5.6	<b>VAR området.....</b>	40
6.	<b>Resultatvurdering Rammeområda.....</b>	44
6.1	<b>Rammeområde Administrasjon og Fellesdrift.....</b>	44
6.1.1	<b>Felles for rammeområde .....</b>	44
6.1.2	<b>Politisk styring.....</b>	45
6.1.3	<b>Administrasjon og fellesdrift .....</b>	45
6.1.4	<b>Kyrkja.....</b>	46
6.2	<b>Rammeområde Oppvekst og Kultur.....</b>	46
6.2.1	<b>Felles for rammeområde .....</b>	46
6.2.2	<b>Barnehage .....</b>	48
6.2.3	<b>Grunnskule.....</b>	49
6.2.4	<b>Skulefritidsordninga .....</b>	52
6.2.5	<b>PPT.....</b>	52
6.2.6	<b>Kultur og læring .....</b>	54
6.2.7	<b>SLT .....</b>	57
6.3	<b>Rammeområde Helse og omsorg .....</b>	59
6.3.1	<b>Felles for rammeområde .....</b>	59
6.3.2	<b>Helse- og psykiatritjenester .....</b>	60
6.3.3	<b>Pleie- og omsorgstenester.....</b>	63
6.3.4	<b>Tilrettelagte tenester.....</b>	65
6.3.5	<b>Barnevernstenesta.....</b>	67
6.3.6	<b>NAV – Kommunal del.....</b>	68
6.4	<b>Rammeområde Forvaltning, Drift og Utvikling.....</b>	71
6.4.1	<b>Felles for rammeområde .....</b>	71
6.4.2	<b>Areal og forvaltning .....</b>	72
6.4.3	<b>Kommunaltekniske tenester .....</b>	76
6.4.4	<b>Reinhold .....</b>	80
6.4.5	<b>Brann og Redning.....</b>	81
7.	<b>Vedlegg.....</b>	83

## 1. Innleiing

2018 var året der Vindafjord kommune tilsette ny Rådmann. Kristian Birkeland vart takka av som Rådmann 1. juni, etter nær 9 og eit halvt års teneste, og underteikna inntok «rådmannsstolen» frå same dag. Eg legg med dette fram mi første årsmelding.

Sjølv om kommunen samla sett har eit positivt økonomisk resultat, skuldast dette i stor grad utbetaling frå Havbruksfondet og ei ekstraordinær stor skatteinngang, medan den underliggjande drifta viste eit større meirforbruk samanlikna med budsjett. Framover er ikkje ei slik drift berekraftig for kommunen.

Driftsmessig var 2018 dels eit krevjande år. 1. mars brann det på Skjold skule, og sjølv om ein klarte å berga det meste av skulen vart delar av bygningsmassen totalskadd som følgje av brannskadar og vasskadar. Dette gav igjen utfordringar både for drifta av Skjold skule i kvardagen med brannskadde bygningar og alternativ drift, og for Eining kommunaltekniske tenester som i 2018 hadde sitt travlaste år gjennom dei store investeringane/byggeprosjekta som vart gjennomført.

Innanfor Helse- og Omsorg hadde ein fortsatt utfordringar med pasientar med MRSA-smitte ved Ølen omsorgssenter, og fleire særskilt krevjande enkeltsaker. Vidare hadde ein eit stort antal meldingar og aktive saker innanfor barnevernet. Saman med eit aukande sjukefråver medførte dette eit overforbruk for rammeområdet.

Folketilveksten i 2018 fortsette trenden frå 2017, med ein nedgang på 0,6 % (50 personar) i løpet av 2018. Dette er særskilt uheldig, og heng sannsynlegvis saman med fleire år med vanskelegare tider for delar av næringslivet i kommunen, der mellom anna arbeidsinnvandrarar har flytta ut frå kommunen. Sjølv om ein i 2018 såg teikn til vekst i næringslivet i kommunen, slo ikkje dette ut når det gjeld folketalsutvikling. Kommunen har difor i 2018 satsa på positiv omdømmebygging, og utvikling i dei 9 bygdene i kommunen, gjennom «Attraktivitetsprosjektet» og, særskilt for Ølen, gjennom deltaking i Rogaland fylkeskommune sitt tettstadsprosjekt. Det er viktig å fortsetja denne satsinga og framover, då folketalsutvikling og demografisk utvikling er viktige faktorar for utviklinga av kommuneøkonomien framover.

Kommunen har gjennom fleire år hatt eit god samarbeid med næringslivet og frivilligheita i kommunen. Dette samarbeidet ser ein mellom anna i bygginga av Sjøperlo og den nye aktivitetsparken i Ølen, som vart vedteken av kommunestyret hausten 2018, og i frivillige sin innsats som besøksvenar mv. på omsorgsheimane og i heimetenesta. Det er viktig å ta vare på, og utvikla dette samarbeidet vidare, slik at kommunen og i framtida er ein Vital og Sentral kommune på Haugalandet.

Ølen 29/3-19

Yngve Folven Bergesen

Rådmann

## **2. Organisering**

### **2.1 Administrativ organisering**

#### **Lokalisering**


Dei ulike tenesteeiningar i kommunen er spreidde i dei ulike bygdene og på mange hus. Kommunen har eit desentralisert skule- og barnehagertilbod, med lokal skule i 9 grender og omsorgssenter i Vats og Ølen. Kommunale administrasjonsbygg er det i Ølen og Sandeid. I februar 2016 tok ein i bruk nytt tilbygg til rådhuset i Ølen, og ein fekk då samla tenester som tidlegare har vore lokalisert i andre bygg, som barnevern, NAV og PPT flytta. I 2018 har ein hatt to større byggeprosjekt som, når dei vert opna, vil medføra endringar i lokalisering av enkelte av tenestene i kommunen. I ny Brann- og Ambulansestasjon, som er under oppføring i Ølen, vil mellom anna det kommunale legekontoret i Ølen, samt Etne og Vindafjord legevakt bli lokalisert. I det nye kultur- og læringscenteret «Sjøperlo» vil både vaksenopplæring, folkebibliotek og kulturskulen samlast i nye lokale.

#### **Organisasjonsstruktur**

Rådmannen, tre kommunalsjefar, økonomisjef og personal- og organisasjonssjef utgjer kommunen si strategiske leiargruppe. Den eine kommunalsjefen har utvida rolle som samfunnsutviklar med særleg ansvar for kommuneutvikling og samhandling med næringsliv, gjendelag andre aktørar. Administrativt er kommuneorganisasjonen to-delt ved at dei ulike einingar er direkte underlagt rådmannsnivået. Organisasjonen har ein felles stab med overordna fellesoppgåver som økonomi, personal, ikt, servicetorg, arkiv og post.

Det er etablert interkommunalt samarbeid innan fleire tenesteområde. Dei fleste i lag med Etne kommune. Vindafjord er vertskommune innanfor følgjande tenester; Legevakt, Barnevern, Pedagogisk Psykologisk Teneste. 1. juli 2018 vart Haugaland Brann og Redning IKS oppretta saman med 8 andre kommunar på Haugalandet, og brannverntenesta vart flytta ut av kommunal drift.


## Organisasjonskart pr desember 2018



## 2.2 Politisk organisering

### Politisk organisering

2015-2019



Tabellane nedanfor syner partirepresentasjon i dei ulike utvala (Talet på kvinner i parantes).

**2015-2019**

UTVAL	Ap	Sp	Krf	H	Frp	BBL	SV	V	SUM	Prosent kvinner
<b>Kommunestyret</b>	3 (1)	10 (5)	3 (1)	3 (1)	2 (1)	1 (0)	1 (0)	2 (0)	25 (9)	<b>36,0</b>
<b>Formannskapet</b>	1 (0)	4 (2)	1 (0)	1 (0)	1 (1)	0 (0)	0 (0)	1 (0)	9 (3)	<b>33,3</b>
<b>Utval for oppvekst og omsorg</b>	1 (1)	3 (2)	1 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	1 (1)	0 (0)	7 (4)	<b>57,1</b>
<b>Utval for drift, utvikling og kultur</b>	1 (0)	2 (1)	1 (1)	1 (1)	0 (0)	1 (0)	0 (0)	1 (0)	7 (3)	<b>42,9</b>
<b>Kontrollutvalet</b>	2 (1)	1 (0)	0 (0)	1 (1)	0 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	5 (2)	<b>40,0</b>

BBL = Bjoa Bygdeliste

## 2.3 Oversikt politiske saker og møte

### HANDSAMA SAKER I 2018

Kommunestyret (KS)	- 7 møte
Formannskapet (FS)	- 10 møte
Utval for oppvekst og omsorg (OPOM)	- 6 møte
Utval for drift, utvikling og kultur (DUK)	- 7 møte

Sakstypar	KS	FS	OPOM	DUK
Sakstypar	Tal saker	Tal saker	Tal saker	Tal saker
Faste saker	28	37	20	<b>23</b>
Kommuneplanar, kommunedelplanar	3	1	0	<b>3</b>
Reguleringsplanar	2	12	0	<b>0</b>
Andre plansaker/klagesaker	0	1	0	<b>6</b>
Kontrollutvalssaker	2	0	0	<b>0</b>
Økonomisaker og andre styringsdokument	8	10	7	<b>6</b>
Næringssaker	0	3	0	<b>0</b>
Interkommunalt samarbeid	10	10	2	<b>2</b>
Kommunalteknisk/brann	4	7	0	<b>10</b>
Skule/SFO	5	2	5	<b>0</b>
Barnehage	3	0	3	<b>0</b>
Kultur	5	5	2	<b>4</b>
Helse og omsorg	1	0	3	<b>0</b>
Sals- og skjenkesaker	2	0	3	<b>0</b>
Valsaker	6	2	0	<b>0</b>
Uttalar/høyringar	0	2	0	<b>0</b>
Administrasjon og organisasjon	6	6	1	<b>0</b>
<b>SUM</b>	<b>85</b>	<b>98</b>	<b>46</b>	<b>54</b>

## Rådet for eldre og funksjonshemmede – Årsmelding for 2018

Rådet si samansetjing fram til og med 09.04.18:

Medlemmer:	Varamedlemmer:
Olav Eikeland	leiar
Svein Sæle	Wenche Sandbekken Lilleland
Ingrid Marvik	1. Olav Vagle
Erna Vanwulpen	2. Margrethe Veim
Tore Haaland	nestleiar
Marianne Krog Lie	1. Sølvi Eide Lunde
Monrad Berge	2. Gøril Frette

Kommunestyret foretok i møte 10.04.18 suppleringsval som fylgje av at Monrad Berge er død.

Rådet fekk etter dette slik samansetjing:

Medlemmer:	Varamedlemmer:
Olav Eikeland	leiar
Svein Sæle	Wenche Sandbekken Lilleland
Ingrid Marvik	1. Olav Vagle
Erna Vanwulpen	2. Margrethe Veim
Tore Haaland	nestleiar
Marianne Krog Lie	1. Sølvi Eide Lunde
Gøril Frette	2. Ragnar Nesheim

Rådet har hatt 7 møte og har handsoma 14 saker pluss orienterings- og referatsaker.  
Oversikt over dei viktigaste sakene er å finna nederst i årsmeldinga.

### Representasjon

Leiar og nestleiar deltok på konferanse for felles råd for eldre og funksjonshemmede i Stavanger 18.04.18.

Leiar har deltatt på rehabilitetskonferanse i Haugesund 29. og 30.08.18.

Gøril Frette deltok også, som representant for Nord Rogaland Handikaplag.

Nestleiar har deltatt på oppstartsseminar i «Velferdsteknologiens ABC» i Haugesund 25.09.18, og han er rådet sin representant i velferdsteknologiprosjektet.

Leiar har deltatt på konferanse for kommunale eldreråd i Stavanger arrangert av fylkeseldrerådet 06.11.18.

Ingrid Marvik er rådet sin representant i Den kulturelle spaserstokken med Erna Vanwulpen som varamedlem.

### Arrangement

Rådet har vore arrangør av tilbodet om bading for eldre og funksjonshemmede i bassenget ved Ølen skule både vår og haust. Tilbodet vert organisert av symjegruppa i Ølen idrettslag.

Frammøte har vore nokonlunde stabilt.

Rådet markerte den internasjonale eldredagen med eldrefest på Kyrkjetunet mandag 01.10.18. Frammøte var noko større enn i 2017.

I tillegg vart det, som i 2017, arrangert ein eigen fest for funksjonshemmede ved Gnisten.

Festen var tysdag 16.10.18, også i år med svært gode tilbakemeldingar.

Bakgrunnen for at det vart arrangert både ein eldrefest og ein fest for funksjonshemmede var vedtak i rådet om å arrangera eigne festar for desse gruppene.

### Handsama saker:

- Bustadsosial handlingsplan 2018-2022
- Den kulturelle spaserstokken – Oppnemning av ny medlem frå Rådet for eldre og funksjonshemmede

- Rådet for eldre og funksjonshemma – Møteplan for 2018
- Rådet for eldre og funksjonshemma – Årsmelding for 2017
- Interkommunal legevaktordning i kommunane Etne og Vindafjord - Evaluering
- Årsmelding 2017
- Årsrekneskap 2017
- Tertiarrapport pr. 30. april 2018
- Tilgjengeleghetsprisen 2018 – Forslag til kandidat fra Rådet for eldre og funksjonshemma i Vindafjord
- Eldredag/eldrefest i 2018 - Planlegging
- Fest for funksjonshemma 2018 – Planlegging
- Tertiarrapport pr. 31. august 2018
- Taksthefte 2019
- Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022

## **Kontrollutvalet – Utdrag frå Årsmeldinga for 2018**

Kontrollutvalet si samansetjing:

Medlemmer:

Nils Terje Oma (Ap), leiar  
Johannes Vestbø (Sp), nestleiar  
Marit Aga Hustvedt (Ap)  
Gunn Haraldseid (H)  
Kristian Haraldson Resset (BBL)

Varamedlemmer:

1. Anne Tone Salte Andersen (H)
2. Oddvar Haugland (Krf)
3. Anja Mballow (Sp)
4. Margrethe Veim (Frp)
5. Arnfinn Øverland (Ap)

Johannes Vestbø er fast medlem av kommunestyret og Kristian Haraldson Resset er varamedlem. Leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Kontrollutvalet har hatt 3 møte fordelt på eit møte første halvår og to møte andre halvår.  
Møta er opne i tråd med kontrollutvalet sitt reglement og lovendring frå 01.07.13.

Kontrollutvalet har handsama 19 saker. Av desse vart 5 saker sendt til kommunestyret.  
32 saker har blitt lagt fram til orientering.

Nils Terje Oma deltok på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 7. - 8. februar.  
Kristian Haraldson Resset deltok på fagkonferansen i regi av FKT på Gardermoen 29. – 30. mai.

Nils Terje Oma deltok på haustkonferansen til Forum for kontrollutval i Rogaland 22. november i Sandnes.

Handsama saker gjennom året (bortsett frå faste saker og referat- og orienteringssaker):

- Vindafjord kommune – Uttale til rekneskapen for 2017
- Oppfølging av rapport – «Samhandlingsreforma»
- Årsmelding for kontrollutvalet 2017
- Personvernlova – Konsekvensar for kommunen
- Revisjonsrapport – «IKT og informasjonstryggleik»
- Orientering om personvernlova – Rådmannen sitt svar
- Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- Revisor si eigenerklæring for 2018
- Utvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn i 2019
- Orientering om framlegget til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 -2022
- Revisjonsplan for rekneskapsåret 2018
- Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Rus- og psykiatritenesta»
- Framlegg til møteplan for 2019

## **Oppsummering:**

Aktiviteten i 2018 har vore som planlagt. Utvalet har følgt opp ein tidlegare revisjonsrapport om «Samhandlingsreforma» og handsama ein ny rapport om «IKT og informasjonstryggleik». Det er bestilt ein ny rapport om «Rus- og psykiatritenesta» for levering i 2019. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

## **2.4 Overordna Planverk**

Kommunal planstrategi (2016-2019) avdekkar dei overordna utfordringane kommunen har, for så å avgjera kva planar som skal vidareførast eller reviderast, og eventuelt kva nytta planarbeid som skal utførast i løpet av dei neste fire åra.

4 års perioden går mot slutten, og mange av planane som skulle utarbeidast i perioden er sluttført. Planarbeidet i planstrategien er delt opp i strategiske planar, som skal handsamast politisk og taktiske planar (temaplanar) som skal utarbeidast i perioden. Av dei strategiske planane som skulle utarbeidast, blei bustadsosial handlingsplan vedteken 20.02.2018 og kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø blei vedteken 24.08.2018.

Av taktiske planar er mange ferdige, men framleis står det igjen nokre. Strategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket blei vedteken i 2018 og er ferdig. Trafikksikringsplanen, bustadanalsen og heilskapeleg ROS-analyse er under arbeid, men er ikkje sluttført i 2018, som dei skulle etter framdriftsplanen i planstrategien. Sjå kapittel 4 og 6 for nærmere omtale av desse planprosessane.

Bustadanalsen og heilskapeleg ROS analyse er svært viktige grunnlagsdokument for revisjon av kommuneplanen. I arbeid med ny communal planstrategi blir det viktig å vurdera i kva grad kommuneplanen skal reviderast i komande kommunestyreperiode. Kommunal planstrategi skal setja eit sterkt fokus på at all planlegging skal vera behovsstyrta og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig.

Ny planstrategi skal vera verktøyet for komande kommunestyreperiode og vedtak på ny planstrategi skal liggja føre tidleg vår 2020.

## **2.5 Kommuneøkonomi**

Rekneskapsanalyesen skal gi uttrykk for korleis kommunen si økonomiske stode er på balansedagen, og korleis denne har utvikla seg gjennom året. Ein kan også samanlikna med tidlegare år for å sjå utviklinga over tid. Som referanse kan ein nytta andre kommunar eller kommunegrupper. I denne analysen har me valt å samanlikna kommunen med KOSTRA gruppe 11, Rogalandskommunane og landet utanom Oslo.

Alle kommunane i landet er delt inn i KOSTRA grupper, basert på kriterium som gjer at dei har ein del fellestrekke. Vindafjord kommune er i gruppe 11, og det er difor naturleg å bruka denne gruppa som referanse i KOSTRA samanheng.


Rekneskapsanalyesen skal vera med å danna grunnlag for det vidare økonomiske planleggingsarbeidet. Når det gjeld Kostra-tal, har me valt ut ein del sentrale statistikkar. På [www.ssb.no/kostra](http://www.ssb.no/kostra) finst det eit utal statistikkar som også kan nyttast til dette formålet. KOSTRA-tala i denne analysen er henta frå SSB si første ureviderte publisering, datert 15. mars 2019. Endelege reviderte tal blir publisert 15. juni 2019 og kan innehalda avvik i høve til det.

## Økonomisk resultat

Det rekneskapsmessige driftsresultatet er gjort opp i balanse, etter at det er foretatt stryking i fondsavsetjing på kr 6 980 748.

Netto driftsresultat er på kr 14 770 551, og utgjer eit positivt netto driftsresultat på 1,92% av driftsinntektene. Rettleiande nivå er på 1,75%. Netto driftsresultat viser kor stor del av dei løpende inntektene som går med til å dekka dei løpende utgiftene. Eit positivt netto driftsresultat viser at det er økonomi til å delfinansiera investeringar.


Spesielt for 2018 har vore tilførsel av tilskotsmidlar frå Havbruksfondet. Den endelige storleiken på dette blei først kjent ved utbetaling i oktober. Ein har difor berre tekstmessig omtalt dette i tertialrapporteringa etter 2. tertial. Inntektene blei der foreslått avsett til fond. Vidare har ein hatt høgare skatteinngang enn budsjettet også i 2018. Endra skattereglar for utbytte forklarar storparten av meirinntektene. 2018 var siste året i innfasinga av desse endringane. Begge desse forholda påverkar netto driftsresultat i positiv retning. Om ein ser vekk frå ekstraordinære tilskotsmidlar frå Havbruksfondet, ville netto driftsresultat vore vesentleg dårlegare,- ned mot 0,56% av totale driftsinntekter. Ein kan såleis sei at desse midlane har vore med å «berge» kommuneøkonomien i 2018.



Resultatet innan rammeområda viser eit negativt avvik frå budsjett på kr 21 741 599,-. Dette tilsvarar 4,13% og er såleis eit vesentleg avvik. Rammeområde for helse og omsorg står for det største avviket på 18,98 mill kroner. Dei fire siste åra har det vore eit meirforbruk på området, med ei eksplosiv utvikling i 2018. Meirforbruket er hovudsakleg knytt til pleie og omsorg, barnevern og helse/psykiatri og tilrettelagte tenester. Det er ulike årsaker til resultatet, men i hovudsak skuldast det ei langt meir krevande drift, auka sjukefråver, smitteproblematikk, større omfang av særskilt ressurskrevande brukarar, og aukande omfang og kompleksitet i barnevernet.

Det andre store rammeområdet, Oppvekst og kultur, er nær balanse. Dei tre foregåande åra har desse levert mindreforbruk. Rammeområdet for forvaltning, drift og utvikling har prosentvis hatt eit nesten like stort avvik som Helse og omsorg, medan rammeområdet for Administrasjon og fellesdrift har mindreforbruk.

Drifta innan dei ulike rammeområda er nærmere omtalt under hovudkapittel 5.



Innan finansområdet har det som nemnt vore større inntekter enn budsjettert. Netto utgjer dette kr 3 536 868,-. Desse er avsett til eit eige havbruksfond i tråd med 2. tertialrapport.

## Økonomisk styring

Ein vurderer at den økonomiske styringa generelt er god, trass i stort meirforbruk i drifta. I tillegg til tertialrapportering til politisk nivå to gonger i året, rapporterer alle einingar internt til Rådmannen minimum annakvar månad. Eininger med særskilte utfordringar blir følgt opp på månadleg basis. Dei fleste einingane har resultat i samsvar med budsjett, medan nokre einingar har relativt store avvik. Desse blir følgt særskilt opp. Ei utfordring for kommunal drift er at tenestebehovet fort kan endra seg innan enkelte tenesteområde. Dette gjeld særleg ein-til-ein tenester, gjerne i kombinasjon med rettar heimla i lov eller forskrift.

På den overordna inntektssida er det ei utfordring å budsjettera med eit rettast mogeleg nivå på rammeoverføringane. Kommunen baserer seg på tal gitt av sentrale styresmakter. Det er til ei viss grad rom for at kommunen kan gjera andre vurderingar, men då må argumenta vera gode. Ein kan t.d. leggja inn andre føresetnader for lokal skatteinngang. Dette fordrar at ein har føresetnader for å kunna vurdera lokale tilhøve opp mot nasjonale, og gi eit kvalifisert anslag på korleis dette ville slå ut i kommunen sine budsjett. Så langt har ein vurdert at det statlege apparatet har meir kompetanse på dette enn det me har lokalt. Dei fleste kommunar gjer same vurdering.

## Inntekter og utgifter


Vindafjord kommune sine samla driftsinntekter var i 2018 på kr 771 070 122,69. Dette er om lag 12 mill. kr høgare enn året før. Veksten skuldast hovudsakleg at det er lagt inn

vekstfaktor i inntektssystemet til dekning av løns- og prisvekst. I tillegg har skatteinntektene vore høgare enn budsjettet. Andre faktorar er auke i tilskotsmidlar til ulike prosjekt, kommunale avgifter, gebyrinntekter og nav-refusjonar.

I figuren under ser ein fordelinga av kommunen sine inntekter. Overføringane frå staten, i form av rammetilskot og skatteinntekter, utgjer hovuddelen av inntektene (om lag 68%). Overføringer med krav til motyting, som t.d. statstilskot og refusjonar utgjer om lag 16%, medan andre sals- og leigeinntekter utgjer 6%. Inntekter frå eigedomsskatt utgjer om lag 3%, brukarbetalingar 3% og andre statlege og fylkeskommunale overføringer 3%.

I høve til 2017, er det mindre endringar i samansetninga av dei ulike inntektsgruppene. Dei frie inntektene er 2 %-poeng lågare, fordelt på 4 %-poeng lågare skatteinntekter og 2 %-poeng høgare rammetilskot. Dette er eit resultat av inntektssystemet, der meirinntekter på skatt medfører trekk i rammetilskot. 2017 var eit svært godt skatteår, og nivået i 2018 er nok meir normalt. Overføring med krav til motyting utgjer 1 %-poeng meir inn i 2017, medan andre statlege overføringer utgjer 1 %-poeng mindre. Dei øvrige inntektsartane er uendra.


Som ein del av økonomistyringa, er det viktig å sjå på kommunen sitt inntektpotensiale. Sjølv om ein har avgrensa påverknad i høve til storparten av inntektene, er det eit handlingsrom i høve til å kunna auka inntektene på enkelte område.



På utgiftsida er dei kommunale driftsutgiftene i 2018 på kr 761 777 213,94. Dette utgjer ein auke på 43,8 mill. kr i høve til året før. Dette representerer ein kraftig auke, og heng saman med meirforbruket i rammeområda. Både utgifter til løn, varer og tenester aukar meir enn prisveksten.


Samanhalde med driftsinntektene gir dette eit positivt brutto driftsresultat på kr 9 292 908,75 eller 1,21%. Dette er vesentleg lågare enn i 2017, då tilsvarande tal var 5,4%.

Hovuddelen av kommunen sine driftsutgifter er relatert til løn og sosiale utgifter. Dette utgjer til saman om lag 68% av utgiftene. Dei øvrige utgiftene er knytt til kjøp av varer og tenester (24%), overføringer som t.d. tilskot (5%), og avskrivningar 3%. I høve til 2017 er det ein reduksjon i andelen lønsutgifter med 2 %-poeng, medan det er ein auke i kjøp av varer og tenester med 3 %-poeng. Overføringer til andre er redusert med 1 %-poeng.



#### Netto driftsutgift pr. rammeområde


Figuren under viser netto driftsutgifter pr. rammeområde dei fire siste åra. Det går mest ressursar til dei to store rammeområda Oppvekst og kultur og Helse og omsorg, med høvesvis 209 mill kr (43,9%) og 241 mill kr (38,2%) i 2018. Dei to øvrige rammeområda, Administrasjon og fellesdrift og Forvaltning, drift og utvikling, står for høvesvis 50 mill kr (9,1%) og 49 mill kr (8,9%). I 2018 har det vore ein sterk vekst innan Helse og omsorg, som vokser med 20,3 mill kr, tilsvarande 9,2%. Prosentvis har også Forvaltning, drift og utvikling vokse kraftig (9%). Dei to øvrige områda har ein meir normal vekst, sjølv om også desse vokser meir enn ordinær løns- og prisvekst.




## Gjeld og eigenkapital

Figuren viser fordelinga mellom gjeld og eigenkapital i kommunen. Storparten av «kaka» er pensjonsforpliktingar, som utgjer 44%. Dette er 2%-poeng lågare enn året før. Lånedelen utgjer 23%, ein nedgang på 1 %-poeng frå året før. Den kortsiktige gjelda utgjer 6% som i fjor.

Eigenkapitalen utgjer 18% som er 4 %-poeng høgare enn i fjor. Fondsdelen har gått ned med 1 %-poeng til 9%. Samansetninga av gjeld og eigenkapital er relativt lik målt mot fjoråret.




Den langsiktige gjelda målt i prosent av brutto driftsinntekter viser ein auke frå 178,3 til 182,4 prosent for Vindafjord kommune. Både Kommunegruppe 11, Landet utan Oslo og Rogaland har hatt nedgang. Ser ein på langsiktig gjeld utan pensjonsforpliktingane, er mønsteret det same. I 2017 viste tilsvarende tal nedgang for Vindafjord kommune, medan dei øvrige samanlikningsgruppene var relativt stabile. Utviklinga i Vindafjord har si årsak i at lånegjelta veks sterkare enn driftsinntektene.



Kjelde: [www.ssb.no/kostra](http://www.ssb.no/kostra). Ureviderte tal pr. 15. mars 2019

Ser ein på netto långjeld, er bildet om lag likt. Netto lånegjeld viser langsiktig lånegjeld med frådrag av pensjonsforpliktingar, unytta lånemidler og totale utlån. Det er anbefalt at dette nivået ikkje bør vera vesentleg høgare enn 60%. Vindafjord har overstige denne grensa i 2018. Nivået er likevel lågare enn både Kostragrupperna og Landet utan Oslo.




Vindafjord kommune har investert mykje dei siste åra. Det er såleis ikkje uventa at gjelda veks. Vindafjord har relativt kort nedbetalingstid på lån, noko som bidreg til å halda veksten på eit moderat nivå.

Rente- og avdragsbelastninga dei siste 4 åra har samla sett vore relativt stabil. Avdragsutgiftene har vakse som følgje av aukande låneopptak, medan renteutgiftene har gått ned som følgje av lågare rentenivå. Avdragsutgiftene er vesentleg høgare enn renteutgiftene, noko som er positivt.

Kommunen har dei siste åra nytt godt av låge rentenivå. Det vert ført ein meir aktivt politikk i høve til å oppnå mest mogleg gunstige rentevilkår. Dette har medført hyppigare refinansieringar med kortare tidshorisont på låna. Dette medfører ein refinansieringsrisiko, men den blir vurdert til å vera handterbar. Gjeldsforvaltninga er i tråd med vedteke finansreglement, og blir rapport til politisk nivå tre gonger pr. år.

Prognose på Norges Bank si styringsrente viser ein svak vekst frå hausten 2018 og gradvis oppgang til 2% i 2021. Renteauken har vore varsle nokre år, men er stadig blitt flytta fram i tid. Sjølv om det er knytt stor usikkerheit til lånerenta, er det svært sannsynleg at den på eit eller anna tidspunkt vil gå opp. Det er viktig å ta omsyn til, slik at ein kan handtera auken når den kjem. Renteelementet er ikkje del av inntektssystemet, og må difor dekkast innanfor kommunen sine samla rammer.

Rentedekningsgraden er på 3,07. Dette er ein vesentleg reduksjon på 5,0 frå året før. Denne gir uttrykk for kor sårbart netto driftsresultat er i høve til svingingar i renteutgiftene. Talet bør vere høgst mogleg over 1.



## **Konklusjon**

2018 har vore eit krevande økonomisk år for Vindafjord kommune. Overskridinger innan fleire tenesteområde har vore skissert gjennom tertialrapporteringane, men har vist seg å vera krevande å retta opp i. Ei samla auke på inntektssida har bidratt til å betra det endelige resultatet. Ein har oppnådd rekneskapsmessig balanse, på bekostning av reduserte avsetningar. Det er særleg midlane frå Havbruksnæringa ein ikkje har fått sett av i tilstrekkeleg grad, slik ein planla i 2. tertialrapport.

Skatteinntektene har vore betre enn budsjettet. Mest sannsynleg skuldast det endringar i regelverket knytt til skattlegging av utbytte. Dette har vore ei tre-årig innfasing, og ein kan difor ikkje rekna med same nivå i komande år. Det historiske skattenivået i Vindafjord har vore på om lag 97-98% av landsgjennomsnittet. I 2018 var dette på 103,8%. Etter utjamning gjennom inntektssystemet er nivået 100,4%. Dette har bidratt til eit betre økonomisk resultat enn det elles ville vore.

Det låge rentenivået bidreg til lågare finansutgifter enn normalt. Rentenivået har ein liten innverknad på, men det er viktig at nivået på rente- og avdragsbelastning kan handterast. Lånebelastninga i Vindafjord er lågare enn for dei me samanliknar oss med, og er eit positivt trekk ved økonomien.

Den samla drifta innan rammeområda går med eit stort meirforbruk. Dette er svært alvorleg og ikkje berekraftig over tid. Det er Helse og omsorg som gir grunn til største bekymring, men også drifta innan forvaltning, drift og utvikling er krevande. For dei fleste einingane elles er avvika mellom rekneskap og budsjett relativt små. Dette er svært positivt. Men der det er avvik, er desse store! Det er iverksett omorganisering innan einingane for pleie og omsorg i 2019, med formål å gi lågare driftsutgifter. Det er særleg sjukefråveret ein ser for seg vil gå ned.

Ved politisk rapportering etter 1. tertial blei det gjort tilpasningar til driftsutfordringane. Dette har ikkje vore nok, og større grep innan fleire tenesteområde er påkrevd. Den totale ressursbruken må vurderast, og avvik frå 2018 må analyserast nærmare. Først då kan ein koma i grep med målretta tiltak.

Ein har system for oppfølging av økonomien gjennom året. Dei områda som har avvik frå budsjett, er følgt opp særskilt gjennom året. Desse blir også føgt opp vidare.

I vedlegg til årsmelding følgjer desse tabellane:

- finansielle nøkkeltal
- økonomisk oversyn over drifta
- netto drift pr. eining

### 3. Visjon og overordna mål

#### 3.1 Visjon

"Vindafjord kommune – **VITAL OG SENTRAL**" er kommunen sitt slagord, og er godt dekkande for kommunen si overordna målsetjing som **livskraftig distriktskommune** på Indre Haugalandet. Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgropa trivsel, handlekraft og levande bygder

I ordet **VITAL** ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg framføre oss. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val. I ordet vital ligg og at ein skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nyta den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggjarane. Kommunen skal vera stadig på leit etter betre løysingar for innbyggjarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene

Ordet **SENTRAL** femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for Indre Haugalandet. Det er forpliktande i høve til utvikling av Ølen sentrum og å leggja til rette for næringsutvikling og vekst. Det er og ei målsetjing at kommunen er sentral i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablera seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

#### 3.2 Overordna mål

Følgjande overordna mål støttar opp under visjonen om å vera ein "Vital og Sentral kommune"

- Den kommunale tenesteytinga skal vera prega av høg kvalitet og respekt for den einskilde. Tenestetilbodet skal bidra til at den einskilde opplever meistring av eigen kvardag og eige liv.
- Arbeidsmiljøet i Vindafjord kommune skal vera prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
- Vindafjord kommune skal vera i framkant av utviklinga. Innovasjon, samhandling og endringskompetanse skal prega organisasjonen og tenesteutviklinga. I dette ligg og det å ta vare på og vidareutvikla god praksis.
- Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.
- Vindafjord kommune skal ta ei sentral rolle i utviklinga av den indre delen av Haugalandet, med Ølen som eit naturleg senter.

#### 3.3 Resultatmål

Det er sett konkrete mål innan dei sentrale satsingsområda

- Økonomi
- Brukarar og tenestekvalitet
- Samfunnsutvikling
- Organisasjonsutvikling

Utover dette er det sett opp andre arbeidsmål, strategiar og tiltak for 2018 og økonomiplanperioden innan dei ulike satsingsområda og innan kvart tenesteområde.

Målområde	Hovudmål	Indikator	Målemetode	Resultat sist måling	Mål	Aksept. avvik
Økonomi	Sunn kommune-økonomi	Netto driftsresultat	Økonomi-system %	6,55 %	1,75 %	+/- 0,5%
		Likviditetsgrad ( <i>kommunen si evne til å dekka kortsiktige forpliktingar</i> )	Økonomi-system %	2,54 %	>1	
		Eigenkapitalprosent ( <i>eigenkapitalfinansiering av eigedelar</i> )	Økonomi-system %	24,62 %	>20%	
		Rentedekningsgrad ( <i>følsomhet i forhold til renteendringar</i> )	Økonomi-system %	8,06%	> 1	
	God økonomistyring	Avvik i forhold til budsjett (- betyr underforbruk)	Økonomi-system %	0,57 %	0	+/- 1,0%
		Avvik i forhold til budsjett - einingsnivå	Økonomi-system %	-0,41 %	0	+/- 1,5 %
	Opplevd kvalitet	Andel brukarar som uttrykkjer at dei alt i alt er nøgd med tenestene	Betre-kommune. %	91%	90%	
	Skule	Lesing, rekning, engelsk (landsnitt) Etter 4. trinn Etter 7.trinn Haust 2018	Nasjonale prøvar «Skoleporten» udir	48,67 49	50	
Barnehage	Gode læringsresultat på ungdomstrinnet	Snitt skriftleg eksamen i norsk hovudmål og sidemål, matematikk og engelsk (mål landssnitt) Vår 18	«Skoleporten» udir	3,58	3,6	
	God trivsel	Trivsel (mål landsnitt) 7. trinn 10. trinn Haust 18	Elevundersøkjinga «Skoleporten» udir	4,3 3,9	4,5 4,3	
	God lærarfagkompetanse	Lærarar skal ha godkjent fagkompetanse i dei faga dei underviser i.	Manglende kompetanse Skuleåret 18/19	15	0	vikariat
	God barnehagedekning	Andel barn med rett til plass som får førsteønsket sitt	Opptak	99 %	97 %	

	God fagkompetanse	Pedagogiske leiarar med utdanning i kommunale barnehagar	Dispensasjons-søknad frå norm	86,1%	100%	Deltid Korte vikariat
Kultur	Godt grunnlag for byrjaroplæring	Alle barn i barnehage skal ha «aktivitetar for å læra grunnleggjande omgrep»	Rapportering av gjennomføring	100%	100%	
Helsestasjon	Tilbod til barn og unge	Andel elevar i musikk- og kulturskule i % av talet på barn i alderen 6-15 år	KOSTRA	21,2 %	>30%	
	Utlån alle medier	Folkebibliotek per innbyggjar	KOSTRA	3,1	> 4	2.9
NAV	Heimebesøk helsejukepleiar	Andel heimebesøk, nyfødde innan to veker etter heimkomst	Helsestasjon statistikk	8	8 dagar	+/- 2 dagar
	Heimebesøk jordmor	Andel heimebesøk nyfødde innan 4 dager etter heimkomst	Helsestasjon statistikk	3	1-4	+/- 1-2 dager
	Flest mogeleg i arbeid og aktivitet	Gjennomsnittleg stønadslengde sosialtenester	KOSTRA (Månader)	4,3	< 4	
		Aktivitetsplikt – sosialhjelppsmottakarar under 30 år	NAV statistikk	83%	70%	+/-10%
		Tal personar i kvalifiseringsprogrammet	NAV statistikk	2	9	+/-4
Pleie og omsorg	Utskrivingsklare pasientar	Antall døgn på sjukehus for uskrivingsklare pasientar	Betaling for utskrivingsklare	427 230 kr	<200.000	+/- 50.000
	Korttidsplassar	Gjennomsnittleg oppholdstid per plass	Målt i tal dagar	31	25	+/- 10 dagar
Barnevern	Heimetenester	Bruk av kvardagsrehabilitering for at innbyggjarane skal bu lengst mogeleg heime	Tal brukarar til ei kvar tid	4	5	+/- 2
	Rett hjelp til rett tid	Andel barn med utarbeidd plan	Barnevern Statistikk	82	100%	- 5%
		Andel undersøkjingar handsama innan fristen	Barnevern statistikk	32	100%	-10%
	Oppfølging fosterheimar	Andel tilsynsbesøk i året (4 pr. år)	Barnevern statistikk	94	100%	-5%
Areal og forvaltning	Effektiv og god saksbehandling	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, byggesak	KOSTRA (Dagar)	26	< 30	29
		Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, reg.plan	KOSTRA (Dagar)	364	< 300	221

Samfunns-utvikling	Positiv folketals-utvikling	Netto folketilvekst	SSB - årsstatistikk	-0,57 %	> + 1 %	
		Byggemelde bustader og tilbygg	Meld i kalenderåret 2018	67	70	57
		Fullføring vidaregåande skule	Statistikk fylket	76,7 %	75%	
	Miljø	Etter 2 år intro. prog skal deltarar vera kvalifisert til arbeid eller vidare skulegang	Statistikk IMDI	17 %	55%	
		Miljøsertifisering kommunale einingar	Tal sertifiseringar	0	0 i 2018	2 resertifiseringar
		Energibruk kommunale bygg - kw pr m2	kwh/m2	*	< 170	
Organisasjonsutvikling	Helsefremjande arbeidsplass	Sjukefråvær	Lønssystem %	7,8 % (2018)	< 6 %	
	Leiar-, medarbeidar- og organisasjonsutvikling	Meistringsorientert leiing	10faktor	3,8 (2016)	4,0 i 2019	
		Meistringsklima	10faktor	4,0 (2016)	4,1 i 2019	

\*Har ikkje tal på forbruk pga. skifte av straumleverandør, og dermed därleg datakvalitet.

### 3.4 Avvik og Avvikshåndtering

	HMS				Eksterne klager				Informasjonstryggleik			
Rammeområde	2017 Avvik	2017 Lukka	2018 Avvik	2018 Lukka	2017 Avvik	2017 Lukka	2018 Avvik	2018 Lukka	2017 Avvik	2017 Lukka	2018 Avvik	2018 Lukka
Administrasjon					0	0			1	1		
Oppvekst	22	19	91	77	11	9			1	0	2	
Helse	110	71	54	49	3	2			3	1	3	3
Forvaltning	9	3	1		5	2	4	4	0	0	1	

	Brann				Tenestekvalitet			
Rammeområde	2017 Avvik	2017 Lukka	2018 Avvik	2018 Lukka	2017 Avvik	2017 Lukka	2018 Avvik	2018 Lukka
Administrasjon					2	2	2	1
Oppvekst	2	2	2	1	5	5	58	2
Helse	11	10	8	8	111	66	155	152
Forvaltning	3	1			13	4	9	7

Det er meldt inn 390 avvik. Ved årsskifte er 304 lukka. I tillegg er meldt inn 20 varsler som alle er lukka. 2 av desse varsla gjeld legemidler, 1 ulåst kjølerom, 1 kontakt e-bil, resten er meldt som vald / trakkassering / utagering / mobbing.


## 4. Strategiar

### 4.1 Samfunnsutvikling

#### Folketalsutvikling



Folketalsutviklinga dei ti siste åra viser at veksten ein hadde i starten av perioden har flata ut. Trenden for dei to siste åra viser nedgang. I 2018 gjekk folketalet ned med 50 personar, noko som tilsvarar ein reduksjon på 0,57%. Endringa er sett saman av eit fødselsoverskot på 7 personar, og ei netto utflytting på 57 personar.

Når folketalet stagnerer eller avtar, er det alvorleg og negativt for utviklinga av kommunen. Vindafjord kommune har ei målsetjing om ein årleg folketalsvekst på 1% eller meir. Såleis ligg ein godt under måltalet.



Folketalsutviklinga i 2018 i dei ulike grendene, viser at det berre er Skjold og Vikebygd som har vekst. Særleg Skjold med sine 33 personar merkar seg ut. Dei andre grendene hadde nedgang i folketalet. Det er særleg Vats som har ei negativ utvikling med 30 personar i minus. Ølensvåg og Ølen har også nedgang med hhv 14 og 12 personar. Dei øvrige grendene har nedgang på mellom 5 og 9 personar.


Ser ein utviklinga dei tre siste åra, ser ein at særleg Skjold og Ølen har hatt vekst i folketalet på hhv 53 og 49. I Vikebygd har det vore vekst på 15 personar, medan Imsland har 4 i pluss. Bjoa og Vats merkar seg ut negativt med nedgang på hhv 52 og 42 personar. Elles er det ein negativ trend med folketalsnedgang i både Ølensvåg, Vikedal og Sandeid på opp mot 20 personar i kvar bygd.




Det samla folketalet i dei ulike bygdene viser at folketalet i Ølen er størst, med Skjold, Vats og Sandeid på dei etterfølgjande plassane. Det lågaste folketalet finn ein i Imsland, med Bjoa og Vikebygd på dei neste plassane.

	01.01.15	01.01.16	01.01.17	01.01.18	01.01.19
Imsland	312	310	314	320	314
Vikedal	854	838	819	823	818
Sandeid	1 079	1 089	1 086	1 080	1 071
Vats	1 289	1 277	1 301	1 265	1 235
Skjold	1 503	1 515	1 532	1 535	1 568
Vikebygd	541	546	547	558	561
Bjøa	495	492	465	445	440
Ølensvåg	931	926	927	921	907
Ølen	1 723	1 749	1 791	1 810	1 798
Uoppgitt	38	46	46	36	31
Kommune	8 765	8 788	8 828	8 793	8 743

Folketalsutviklinga i 2018 fordelt på alder viser størst nedgang i aldersgruppa 20-66 år. Dette representerer den yrkesaktive delen av befolkninga, og heng truleg saman med tilgangen til arbeidsplassar. Vidare er det nedgang i den yngste aldersgruppa. Det er uheldig for befolkningsutviklinga over tid. Aldersgruppa 16-19 år har negativ utvikling, og representerer ungdom i vidaregåande skule. Aldersgruppa tilhøyrande småskule og mellomtrinn viser ein liten auke, medan aldersgruppa for ungdomsskulen er relativt stabil. Dei eldste aldersgruppene frå 80 år og oppover viser ein samla nedgang, medan aldersgruppa 67-79 viser god auke. Dette viser at gjennomsnittsalderen i kommunen er stigande, noko som er uheldig med tanke på vidare utvikling og vekst.



Ser ein utviklinga over ein treårsperiode, er bildet mykje det same. Det er særleg urovekkjande at den yngste aldersgruppa har ein negativ trend. At det er vekst i desse gruppene er truleg avgjeraende for vidare utvikling og vekst i kommunen. Også den yrkesaktive delen av befolkninga minkar. Det har innverknad på utviklinga i dei yngste aldersgruppene.



Kjønnsbalansen i Vindafjord viser at det er ei lita overvekt av menn i kommunen. Ser ein på dei tre siste år, er forholdstalet relativt stabilt med ein mannsandel på 51,8% og kvinneandel på 48,2%.

Folketal	0-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-66 år	67-79 år	80-89 år	90 år +	Sum
<b>01.01.2017</b>									
<b>Menn</b>	334	362	189	269	2 814	417	150	37	4 572
<b>Kvinner</b>	348	405	175	240	2 375	434	207	72	4 256
<b>Sum</b>	<b>682</b>	<b>767</b>	<b>364</b>	<b>509</b>	<b>5 189</b>	<b>851</b>	<b>357</b>	<b>109</b>	<b>8 828</b>
<b>01.01.2018</b>									
<b>Menn</b>	324	381	164	269	2 804	430	161	36	4 569
<b>Kvinner</b>	337	405	167	244	2 367	435	201	68	4 224
<b>Sum</b>	<b>661</b>	<b>786</b>	<b>331</b>	<b>513</b>	<b>5 171</b>	<b>865</b>	<b>362</b>	<b>104</b>	<b>8 793</b>
<b>01.01.2019</b>									
<b>Menn</b>	320	387	158	256	2 759	454	153	36	4 523
<b>Kvinner</b>	316	410	174	237	2 360	461	192	70	4 220
<b>Sum</b>	<b>636</b>	<b>797</b>	<b>332</b>	<b>493</b>	<b>5 119</b>	<b>915</b>	<b>345</b>	<b>106</b>	<b>8 743</b>

#### 4.1.1 Attraktivitet og Busetnad

I ei tid der folketalsutviklinga har endra seg frå vekst til stagnasjon er det ekstra viktig å ha fokus på attraktivitet og busetnad. Det 3 årige attraktivitetsprosjektet er kome godt i gong. Det er eit prosjekt for å auka attraktiviteten i heile kommunen med mål om auke i innbyggjartalet med særleg vekt på dei 3 minste bygdene våre Bjoa, Imsland og Vikebygd. Etter inspirasjonsseminar og fleire møte med grenadautval er det jobba med å få på plass retningsliner, gode målsetjingar og gode tiltak. Det er sett av 700 000,- til prosjektet over 3 år. I 2018 er det nytta

- 100 000,- til Medvind næringshage for sekretariat og leiing i oppstartsfasen.
- Ca 40 000,- i støtte til det halvårige testprosjektet «handlebuss» for Vikebygd og Bjoa. Eit alternativt busstilbod som gjer at folk utan sertifikat og bil kan handla på butikken sjølv. Det gir i tillegg stor sosial gevinst og eit prosjekt som kan vera eit viktig bidrag for lokalbutikken. Om testprosjektet blir ein suksess vil ein prøva å få til eit tilsvarande fast busstilbod og samordna det med eit breiare prosjekt om innføring av timebuss.

- Ca 15 000,- i støtte til innspeling av låta «heim til Vindafjord» som vil opna for bruk av denne songen i marknadsføringa av kommunen.
- 25 000,- i støtte til eit filmprosjekt i Vikebygd. Prosjektet er eit marknadsføringsprosjekt for bygda, men skal og bidra inn til felles marknadsføring av kommunen.

Dei tre siste prosjekta vil bli realisert i løpet av 2019, og fleire andre spanande søknadar er under behandling. Blant anna jobbast det med å få til fleire prosjekt som kan koplast til nærbutikk, og eit større marknadsføringsprosjekt der prosjektet vidare skal marknadsførast med namnet Vakre Vindafjord.

Tettstadprosjektet for Ølen, som er eit pilotprosjektet i regi fylkeskommunen, er som attraktivetsprosjektet eit prosjekt for å auka attraktiviteten i sentrum med særleg vekt på handel og fritidsaktivitetar. Det skal og bidra til eit meir tilgjengeleg sentrum for alle typar trafikantar. I september hadde prosjektet ei nettverkssamling i Ølen. Ein større workshop resulterte i mange gode tiltak for å nå målsetjingane til prosjektet. Dette arbeidet skal prosjektet ta vidare inn i arbeidet med ein moglegitetstudie som skal gjennomførast i 2019.

#### **4.1.2 Berekraftig arealforvaltning**

Utarbeiding av bustadanalyse er ein viktig strategi i 2018 som skal gi eit godt grunnlagsmateriale for revisjon av kommuneplanen. Den er godt i gang og skal vera ferdig våren 2019. Bustadanalsen skal og gi oss eit grunnlag for å utarbeida ein bustadstrategi som og kan gi viktige bidrag til auke i attraktiviteten i kommunen.

#### **4.1.3 Folkehelse**

Etter sjølvmeldingstilsynet frå fylkesmannen i 2016, har det vore arbeidd for å få på plass det første oversiktsdokumentet for folkehelse i Vindafjord. Det er no på plass, og det er sett ned ei arbeidsgruppe (folkehelseforum) som skal jobba med å peika ut utfordringar kommunen spesielt skal jobba med. Dei fleste tiltaka i tiltaksplanen var gjennomført ved årsslutt med unntak av sjukdom i samband med samarbeid med SLT koordinator. Folkehelsearbeidet i 2018 har hatt størst fokus på psykisk helse, betre tverrfagleg innsats og intergrering av flyktningar. I tillegg har prosjektet ALLEMED vore viktig. Prosjekt som skal gi alle barn og unge i Vindafjord mogleheit til å delta i fritidsaktivitetar uavhengig av familiesituasjon og økonomi. Rapportering på tiltaksplanen for 2018 viste at dei fleste tiltaka blei gjennomført. Folkehelseforum skal ha representantar frå alle fagområda og har blitt styrka innanfor helse for å få dette til.

#### **4.1.4 Oppvekst**

Det er gode skular og barnehagar i kvar bygd, der det vert lagt til rette for tidleg innsats og samarbeid om gode overgangar mellom barnehage og skule, småskule og ungdomsskule og så vidare overgangen til vidaregåande. Det psykososiale miljøet er noko me tek alvorleg og jobbar med som ein raud tråd, både i barnehage og skule. Førebyggjande arbeid på dette området er viktig slik at kvart barn og kvar elev føler seg trygg, og igjen får ei god utvikling vidare i utdanningsløpet og ikkje minst på fritida.

Det er lett tilgang til kulturskuletilbod og andre kulturelle aktivitetar. Det er ein prosess på å utvikla uteområda rundt skular og barnehagar i alle bygder, og sjølv om dette er under utvikling er det likevel gode leikemoglegheiter for barn og unge i kommunen. Det er idrettshall i alle strok, indre (Vikedal), midtre (Ølen) og ytre (Skjold), med gode idrettsanlegg rundt til ulike aktivitetar. Det er viktig med gode og trygge skulevegar, og der det ikkje er lagt til rette for dette blir det innvilga skyss for særskild farleg skuleveg, ein plan som er vedteken av Kommunestyret. I barnehagen og skulen vert det jobba med førebygging og

haldningsarbeid i samband med det å ferdast trygt langs vegen, både til fots, med sykkel og andre framkomstmidlar.

## 4.2 Tenesteutvikling

### 4.2.1 Busetjing av flyktningar og integrering

Vindafjord kommune har godteke, etter anmodning frå IMDI-vest, å busetja 10 flyktningar i 2018. Busetjing av 10 flyktningar vart gjennomført seinhausten 2018. Det vert arbeidd fortløpende for å etablera praksisplasser og språkarbeidsplassar i det offentlege og i privat regi. Det er tett samarbeid mellom vaksenopplæringa og NAV, som jobbar med einskild-flyktningar med tilrettelegging av introduksjonsordninga, busetjing, arbeidsplassar mm.

### 4.2.2 Bustadsosial handlingsplan

Bustadsosial handlingsplan er revidert og vart politisk godkjent februar 2018.

### 4.2.3 Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein del av planstrategien og reviderast i starten av kvar kommunestyreperiode. Arbeidet er planlagd gjennomført i 2019.

Undervisningsprogrammet «Ung i Vindafjord» og «Ditt Val» er gjennomført i tråd med SLT handlingsplan. Ung Data undersøkinga vert gjennomført våren 2019.

Prioriterete strategiar og tiltak i 2018	Rapportering 2018
Gjennomføra undervisningsprogrammet «Ung i Vindafjord» og «Ditt val» i tråd med SLT-plan	Gjennomført i 2018
Gjennomføra «Ungdata» undersøkinga hausten 2018.	Undersøkinga vert gjennomført våren 2019.

### 4.2.4 Velferdsteknologi

Kommunane på Haugalandet er saman om eit velferdsteknologiprosjekt der ein har tilsett felles prosjektleiar. Prosjektet er forlenga i 2019. I forlenging av dette har kommunen oppretta eit eige prosjekt som har som mål at; *«økt bruk av velferdsteknologi skal gi brukere muligheter for å bo lengst mulig hjemme med god livskvalitet, pårørende trygghet for en god oppfølging av brukeren og bedre og rimeligere offentlige tjenester. I den grad det er mulig trekkes lokale bedrifter med i prosessene for å oppnå økt innovasjon og nyskaping.»*

Det vart tilsett prosjektleiar i august 2018. Prosjektleiarene har deltatt i felles prosjektet og er aktiv deltarar i innkjøpsprosessen når det gjeld nye tryggleiksalarmer som skal sendast ut i 2019. Vindafjord kommune har inngått avtale saman med fleire kommunar om kjøp/leasing av medisindispensarar. Ein har også jobba vidare med nye planløysingar på baderom som eit innovasjonsprosjekt. Når det gjeld å inngå samarbeid med andre for å etablera ein demonstrasjonsbustad med velferdsteknologiske løysninger, er dette arbeidet ikkje ferdig og ein vurderer alternative løysingar.

### 4.2.5 Kvardagsrehabilitering og førebyggjing

Tenesta er starta opp med eit eige kvardagsrehabiliteringsteam. Det tverrfaglege teamet består av 08 årsverk og har til no gitt tilbod til 4 heimebuande brukarar.

## 4.3 Organisasjonsutvikling

### 4.3.1 Økonomi, styring og service

#### Økonomisk handlingsrom

Skatteinntektene har vore høgare enn budsjettet. Det har kome eingongs-inntekter frå Havbruksfondet. Trass vekst i inntektene, har ein ikkje hatt høve til å skaffa seg handlingsrom. Dette skuldast igjen at utgiftene har vakse kraftig. Tenestbehovet er veksande. Når ein ser det økonomiske resultatet for 2018, er det grunn til bekymring for framtidig drift.

#### Eigedomsskatt for verk og bruk – retaksering

Takstane for eigedomsskatt er kontormessig justert opp i tråd med budsjett.

#### Kostra-analyse

Det blei utarbeidd kostra-analyse. Denne blei lagt som vedlegg til årsmeldinga for 2017.

#### Rådmannen sin internkontroll

Kommunen nyttar RISK Manager som styringverktøy for internkontroll. Det blir arbeidd kontinuerleg for å betra dette. Forvaltningsrevisjonar og eksterne tilsyn har også bidratt til forbeteringar.

#### Oppfølging av budsjett og politiske vedtak

Det er rapportert på økonomi og tenesteproduksjon kvart tertial. Det er vidare rapportert på oppfølging av politiske saker kvart halvår.

#### Kommunal service

Det blir arbeidd med mogelege effektiviseringar på fleire område. Dette gjeld både bruk av teknologiske løysingar og arbeidsmetodar. Målsetjinga har vore auka kvalitet og betre ressursutnytting, som igjen kan føra til reduksjon i stillingsomfang på sikt.

### 4.3.2 Tverrfagleg samhandling og innovasjon

BTI (Betre Tverrfagleg Innsats) er på god veg til å bli implementert. Ei pådrivargruppe har vore aktive for å leggja til rette for å få gode samarbeidsplattformer for tverrfagleg samhandling. Det er gått til innkjøp av stafettlogg, der fleire einingar har vore pilotar før utrulling til alle i løpet av 2019. I 2018 arrangerte kommunen den første «PåGlimedBTI-konferansen» for alle som jobbar med barn og unge. Dette var ein vellukka konferanse med fokus på førebyggjande arbeid for barn og unge. Hovudinnlegg var med Forandringsfabrikken og nokre av deira proffar.

Gjennom BTI har ein no fått nye prosjektmidlar til 50% stilling som skal vidareføra arbeidet som er begynt med å få til betre tverrfagleg innsats blant tenestene i kommunen vår.

Innovasjonsarbeidet har vore vidareført i 2018, blant anna med prosjektgrupper og leiarutvikling. Det har vore fleire samlingar der kvar einingsleiar har blitt utfordra til å bruka BLT-modellen: Behov - Løysing- Test. Det er eit mål å bruka meir tid på å definera behovet før ein bestemmer seg for løysing, og saman på tvers med andre einingsleiarar i andre sektorar. Dette er ein metodikk som er godt eigna til å setja brukaren, og vår service til brukaren, i fokus.

Skype for Business er brukt som kommunikasjonsverktøy. Det er framleis ein del utfordringar, både teknisk og også brukarmessige utfordringar. Skype er mykje brukt til korte og effektive informasjons – og orienteringsmøte internt for å redusera reisetid og kostnad. Det er framleis eit stykke igjen før det er eit naturleg verktøy å bruka, men kommunen er på

god veg. Eksterne instansar brukar også denne kommunikasjonsplattforma til å avvikla møte med oss, noko som gjer at ein slepp lange reiser for korte møte.

Evaluering av «Bygdamodellen» er på trappene og skal opp som sak i løpet av 2019. Tanken er at denne skal no bli vidareført gjennom BTI arbeidet. Det er gjennomført evaluering, som legg grunnlaget for den vidare saka som skal opp.

Arbeidet med GDPR/personvern starta i 2018, sjølv om den mest «utøvande» delen av prosjektet skjer i 2019. Dette er eit organisasjonsovergripande arbeid kor tverrfagleg samhandling, og også interkommunal samhandling, vil vera aktuelt.

#### **4.3.3 Rekruttera og behalda kompetanse**

Målet er alltid å vera ein omstillingssyktig og serviceinnstilt kommune til beste for våre innbyggjarar. For å oppnå dette må me klara å rekruttera/behalda medarbeidarar med evne og vilje til stadig forbetring.

I 2018 er det oppretta lønstiltak for sjukepleiarar innafor pleie og omsorg. Ei av utfordringane her er at det er mangel på sjukepleiarar å rekruttera på heile Haugalandet, og for så vidt i heile landet. Kommunane risikerer difor å overby kvarandre med lønstiltak, men utan at ein får gjort noko med den underliggende mangelen på denne type arbeidskraft. Det har vore dialog mellom kommunane på Haugalandet og Høgskulen på Vestlandet om dette, men det er dverre berre andre instansar som kan gjera noko med for eksempel inntak av studentar. Ein ser noko av den same inntaksproblematikken på helsesjukepleiarar (tidl. helseøstre).

Det vert teke inn lærlingar, dei fleste av dei i helsefag. I 2018 tok ein inn to lærlingar utover dei 15 læringsplassene me har. Det vert arbeidd med deltaking i prosjektet Menn i Helse og i førebuingar for desentralisert sjukepleiarutdanning ved Høgskulen på Vestlandet. Det vert også arbeidd med deltidsproblematikk. Arbeidsgjevar ynskjer seg fleire tilsette i heiltidsstillingar. Tilsette i deltid er ei stor arbeidskraftsreserve i kommunen, og høgare andel heiltid/store stillingar kan ha gunstig effekt blant anna på sjukefråværet.

I mars gjekk Vindafjordkonferansen av stabelen. Konferansen var ei gave til alle tilsette, og til inspirasjon og læring på tema kor det menneskelege møtet var ein raud tråd. Dette var blant anna relatert til målet om å vera ein serviceinnstilt kommune til beste for våre innbyggjarar. Interne og eksterne aktørar var sentrale både på og bak scena. Det var omlag 300 deltakarar både på dagtid og på kveldstid.

#### **4.3.4 Samfunnstryggleik og beredskap**

Spørsmålet om betring av mobildekninga i Vikedal er tatt opp med Telenor via Fylkesmannen i Rogaland. Det er lova eit meir stabilt samband. Det er viktig å halda oppe presset på denne saka. Det har vore nytt møte med Telenor i haust der det særleg er peikt på 4 område i kommunen som må prioriterast når det gjeld dekning både på telefoni og internett. Telenor skal sjå på betre samarbeidsløysingar med kommunen.

Det oppstod brann på Skjold skule 1. mars. Delar av skulen vart totalskadd, men ingen personar kom til skade. Det har teke tid å få endeleg tilbakemelding angåande forsikringsoppgrjerset, og noko meir langvarige mellombelse løysingar må etablerast.

Arbeidet med revidering av overordna Risiko og Sårbarheitsanalyse (ROS) starta opp hausten 2018.

## 5. Investeringar

### 5.1 Administrasjon og fellesdrift

#### 20001 Fornyning av IT-utstyr

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
235 587,-	500 000,-	496 044,-	239 543,-

Det er lagt opp til årleg fornying av IT-utstyr for 500.000 kr pr. år i heile perioden. Midlane er knytt opp til IT-plan for skulen, som blei vedteken i 2018.

#### 20003 Velferdsteknologi

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	500 000,-	-	500 000,-

Det er sett av 1 mill kr over to år til velferdsteknologi-investeringar.

### 5.2 Oppvekst og kultur

#### 21001 Barnehageutbygging Skjold

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
7 581 463,-	6 200 000,-	13 384 275,-	397 188,-

Mindre arbeid gjenstår før prosjektet er ferdigstilt.

#### 21002 Skuleutbygging Ølen

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	-	-

Det er i sett av 3 mill. til ombygging av biblioteklokalet ved Ølen skule når biblioteket flyttar i nytt bygg.

#### 21003 Vidare utbygging og rehabilitering av skular

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	1 000 000,-	453 576,-	546 424,-

Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for skular.

Varmeomnane i gymsalen i Vikedal slutta å fungera. Desse er nå erstatta med varmepumper.

Det er montert nytt brannvarslingsanlegg på Imsland skule.

I samband med arbeid knytt til vass- og kloakkledninga vert det gjort utbetringar av p-området for Sandeid skule.

Det er utført lydisolering av grupperom på Skjold skule.

#### 21004 Sjøperlo

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
39 523 526,-	-	21 710 404,-	17 813 122,-

Arbeid pågår, noko forsinka framdrift pga. forsinka levering av aluminiumsfasadar.

**21008 Interkommunalt anlegg (Fjellstøl)**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
<b>5 615 355,-</b>	-	5 395 724,-	219 631,-

Bygget ferdigstilt, med unntak av 2. etasje som i stor grad skal utførast på dugnad. Uteområdet er ferdigstilt.

**21010 Gjenoppbygging Skjold skule - KLP forsikringspengeprosjekt**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	250 000,-	-250 000,-

Prosjektet gjeld kostnadar ved gjenoppbygginga som vert del av forsikringsoppgjeret. Brukte midlar er knytt til sikring av eksisterande bygg før riving av brannskadd del.

**21012 Gjenoppbygging Skjold skule – Vindafjord sin kostnad**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	73 705,-	-73 705,-

Prosjektet gjeld kostnadar ved gjenoppbygginga som må dekkast i sin heilheit av Vindafjord kommune. Brukte midlar er knytt til radonsperre i sløydsal, og er dekka med midlar frå prosjekt 23002.

**21011 Vindafjordhallen – KS-sak 060/18**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	950 000,-	638 239,-	311 761,-

Elektroarbeid og utskifting av lys i basseng. Elektroarbeidet er utført. Undervasslys til basseng er kjøpt inn, men må monterast sommarferien 2019.

**23016 Uteanlegg skule – barnehage**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	1 043 000,-	1 396 467,-	0,-

Årets midlar er sett av til gummibark ved Sandeid skule og Vikedal skule sitt prosjekt for uteareal «Med hjarte på rette staden». Sistnemnde er delvis finansiert med eksterne midlar. Begge prosjekta er fullført. Legginga av gummibark vart noko dyrare enn budsjett. Denne overskridingen vert dekka inn frå prosjekt 21003.

**23017 El-tavler Vats, Bjoa, Ølen skule**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	-	-

På skulane i Bjoa og Ølen er enkelte elektriske tavler så gamle at det byr på utfordringar å få tak i deler. Det føreligg eit avvik frå Det lokale eltilsyn på tavla på Bjoa. Anbod for Bjoa er sendt ut og tildelt. Arbeidet vert utført i vinterferien 2019 pga at skulen blir utan straum medan arbeidet vert utført. Oppgradring av el-tavle i Ølen vert utsatt til oppgradering av ventilasjonsanlegg er avklart (økonomiplan 2020).

## **21009 Kultur- og idrettspark**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	10 000 000,-	42 000,-	9 958 000,-

Kontrakt underskriven. Oppstart over nyttår. Kostnadene i 2018 er knytt til prosjektleiing.

## **5.3 Helse og omsorg**

### **22001 Bustadar til helse- og omsorgsføremål**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	2 000 000,-	8 627,-	1 991 372,-

Midlar sett av i 2018 til oppstart prosjektering av omsorgsbustadar som skal byggast i Ølen for å erstatta Seljebakken, som skal nyttast til andre føremål. Ein har vore på synfaringar på tilsvarende bygg i andre kommunar og har starta arbeidet med kravspesifikasjon og skisseprosjekt. Kostnadene i 2018 er knytt til arbeid med tomt.

### **22004 Aktivitetshuset – utviding med vaskehall**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	1 000 000,-	-	1 000 000,-

Anbod er klart til utsending, men vaskehallen kan først setjast opp etter at kommunal bustad på same tomt er flytta.

### **22006 Vindafjordtunet - reservestraumsaggregat**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
2 744 852,-	-	-	2 744 852,-

Det vart installert naudstraumsaggregat ved Ølen omsorgssenter til bruk ved straumbrot i 2015. Det er planlagt tilsvarende tiltak for Vindafjordtunet. Arbeid med dette er ikkje starta. Det er gjort eigne tiltak for sårbare pasientar.

### **22008 Vindafjordtunet – Ventilasjonsanlegg**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	3 200 000,-	-	3 200 000,-

Ventilasjonsanlegget for store delar av Vindafjordtunet er gammalt og fungerer dårlig. Dette er spesielt tydeleg om sommaren, då innstemperaturane kan bli høge. For å betra situasjonen vil ein sjå på moglege løysingar for å få oppgradert anlegget og ev. få installert kjøling. Summen er basert på eit tidlegare prosjekt, men for å få rett kostnad, må det utførast prosjektering. Det er sett av meir midlar til prosjektet i økonomiplan 2020.

### **22009 Ølen omsorgssenter – Personheis**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
303 000,-	-	-	303 000,-

Restmidlar skal gå til innkjøp av tak/stol-heisar ved Ølen omsorgssenter.

**22010 Vindafjordtunet – Bemanna omsorgsbustadar**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	500 000,-	-	500 000,-

Midlar sett av til mindre ombygging av bustadar inne på Vindafjordtunet. Prosjektet er ikkje starta.

**22011 Skjoldali – tak på bustadar**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	2 200 000,-	-	2 200 000,-

Prosjektet er utsett pga manglende kapasitet og at andre prosjekt har høgare prioritet.

## 5.4 Forvaltning, drift og utvikling

**23002 Kommunale bygg og anlegg**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	2 000 000,-	356 289,-	1 067 126,-

Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for kommunale bygg og anlegg. Kostnadene er knytt til ombygging av varmeanlegg på Ølen omsorgssenter og nytt nødstraumsagggregat til Rådhuset

**23004 HMS tiltak**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
275 609,-	400 000,-	306 328,-	369 281,-

Terrasse for å betra rømmingsvegar frå fellesareal og bustadar ved bufellesskapet i Sandeid er ferdigstilt. Det er montert lydplater i Vats barnehage, Imsland barnehage, garderobar idrettshall Vikedal og på Ølen skule i tillegg til fleire mindre tiltak.

**23005 Strategisk eigedomskjøp**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	4 500 000,-	1 951 581,-	2 548 419,-

Midlar sett av til kjøp av eigedomar til næringsutviklings- og bustadføremål. Midlar er nytta til sluttoppgjer etter utviding av gravplass i Sandeid og kjøp av Littlehagen 14, Ølen. Kostnadene ved kjøp av Eiabakken 4, Ølen, er ført på 23026, men skal også dekkast av desse midlane.

**23026 Strategisk eigedomskjøp Ølen – aust for ØOS**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-		1 691 775,-	-1 691 775,-

Kjøp av eigedom (Eiabakken 4) ved nye brann- og ambulansestasjonen.

## **23006 Brann / ambulanse / legevakt / legekontor**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
<b>25 123 228,-</b>	4 000 000,-	25 615 770,-	3 507 458,-

Mindre arbeid gjenstår før ferdigstilling av bygget. Sannsynleg overtaking i månadsskiftet januar/februar og innflytting i mars/april. Brukartilpassning må avklarast før innflytting.

## **23008 Kommunale vegar/ infrastruktur**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
<b>963 898,-</b>	1 000 000,-	2 251 115,-	-146 217,-

Restmidlane frå før 2018 er sett av til ferdigstilling av uteståande arbeid i samband med privatiseringa av kommunale vegar i 2009. Arbeidet er fullført for Rønnevikkvegen og Skipavågvegen.

Aurdalsvegen er asfaltert som første ledd i ei utbetring. Det er lagt nytt dekke på vegen Holmen i Vikedal for å gjera vegen framkomeleg.

Resterande midlar vart nytta til asfaltering av fleire kommunale vegar, m.a. veg inn til Vats kyrkje, del av Littlehagen, Ølen, del av Eidevegen, Vats, fortau i Littlehagen og på Heievegen, Ølen og fortau Vågshagen. Overforbruk vert dekka frå prosjekt 23002.

## **23009 Trafikksikring**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
<b>1 188 203,-</b>	500 000,-	1 772 021,-	-83 818,-

Midlane vert nytta til eigendel på trafikksikringstiltak som Rogaland fylkeskommune har gitt tilskot til, og trafikksikringstiltak som ikkje har andre finansieringskjelder.

I 2016 fekk ein TS-midlar til veglys på veg inn til Sandeid skule. Arbeidet er ferdigstilt.

Veglys er sett opp frå Vikevegen og ei strekning retning Haraldseidvågen. Pga nye krav til veglys var ikkje løvvde midlar tilstrekkeleg til å setja opp lys på heile strekninga fram til Toranesvegen.

Det er bestilt veglys for snarveg mellom Bjoa skule og Apalvikfeltet.

Det er sett opp gjerde på bru i undergang under E134 i Austreimsbygda for å sikra skuleveg, og det vert etablerat fartsdumpar på Plassavegen i løpet av september.

Sjå også prosjekt 23036 Vossaplassvingane  
Overforbruk vert dekka frå prosjekt 23002.

## **23010 Uteområde Sandeid samfunnshus**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
<b>1 000 000,-</b>	-	-	1 000 000,-

Fokus Sandeid, Sandeid samfunnshus og andre interessentar arbeidar med eit forslag til utforming. Statens vegvesen sitt arbeid med gang- og sykkelsti frå Sandeid kyrkje til Lærdal vil koma inn på delar av området, så sjølve oppgraderinga vert gjort etter at SVV er ferdig med sitt arbeid.

## **23013 Sal eigedomar**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	342 698,-	-342 698,-

Kostnadar knytt til sal av kommunale bygg og eigedomar. Utgifter vert dekka av salsinntektene.

### 23015 Radontiltak

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	-	-

Ein er pålagt å utføra jamnlege radonmålingar i kommunale bygg. Kostnadar ved målingar vert dekka av driftsbudsjettet, medan større tiltak vert kostnadsført her og vert dekka av 21002 eller 23002.

Det skal installast to stk radonbrønnar ved Vik skule. Arbeidet er ikkje starta.

### 23018 Oppgradering bustader

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
152 833,-	500 000,-	407 225,-	245 608,-

Det er i løpet av året utført oppgraderingar i fire bustadar i Skjold, ein bustad i Vikebygd, 3 bustadar i Sandeid og 4 bustadar i Ølen.

### 23019 Veg Gartnerihagen

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
3 088 417,-	4 000 000,-	47 204,-	7 041 213,-

Det er tinglyst avtalar med dei fleste aktuelle grunneigarane, medan ein fortsatt er i forhandlingar med andre grunneigarar.

Prosjektering av veg pågår. Kostnadar i 2018 knytt til grunnerverv og prosjektering.

### 23021 Veg Lio-feltet

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
454 560,-	-	-	454 560,-

Ein har ikkje hatt kapasitet til å starta dette prosjektet. Her var opprinnelag sett av 850 000,-, men delar av midlane vart bruk til å dekka overskridinger på andre prosjekt i 2017. Her kjem ein tilbake med oppdatert estimat i samband med budsjettprosess 2019.

### 23022 Vindafjordmuseet – parkering

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
260 704,-	-	260 704,-	0,-

Prosjektet er fullført.

### 23023 Knaphus industriområde

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	1 825 836,-	-1 825 836,-

Begge byggetrinn er i all hovudsak ferdig byggemodna, kun mindre arbeid gjenstår. Totalt 6 tomter er selde. Kostnadar vert dekka av tomtesal og Raunesfondet.

**23025 Hengebru Mo – Nes**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	2 700 000,-	151 831,-	2 542 169,-

Politisk vedtak KS-sak 031/18 om finansiering av gjenoppføring av bru. Anbod er lyst ut med frist 25.01.2019.

**23027 Miljøgate Vikedal – Holmen (kommunal veg)**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	40 252,-	- 40 252,-

Kostnadar er knytt til grunnerverv. Vert dekka av 23008.  
Sjå også 25019

**23030 Leikeplasser i bustadfelt – KS-sak 051/16**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
274 750,-	-	-	274 750,-

Midlar sett av til riving av utrygge leikeapparat på leikeplassar i kommunal eige.  
Det har vore møte med Vikebygd, Vikedal og Skjold grenadautval for å informera om saka.  
Det er laga forslag til avtale mellom kommunen og grenadautvala om drift og vedlikehald av leikeplassar.

Ein har ikkje hatt kapasitet til å arbeida vidare med dette prosjektet.

**23032 Kommunale leikeplasser i bustadfelt**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
1 000 000,-	-	-	1 000 000,-

Prosjektet er ikkje starta. Det må først gjennomførast møte med aktuelle velforeiningar og riva gamalt utstyr før det blir kjøpt inn nye apparat/utstyr.

**23033 Nerheim – næringstromter (opparbeiting)**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	10 000 000,-	-	10 000 000,-

Reguleringsplan er ikkje vedteken.

**23034 Skifte av veglys-armatur til LED**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	500 000,-	312 221,-	187 449,-

I 2017 vart HQL-armaturar skifta til LED i Imsland, Vikedal og Sandeid. I 2018 er alle HQL-armaturar på kommunale vegar i Skjold og Vats skifta.  
For å få skifta HQL-armaturar i det tidlegare SØK-området må det utførast eit kartleggingsarbeid ettersom lysmastene der ikkje er innmålt, merka eller registrert med type armatur. Det er nytta HQL-armaturar på fleire kommunale plassar og område. Utskifting av desse vert også ein del av prosjektet.

**23035 Breibandprosjekt**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
<b>1 930 452,-</b>	2 000 000,-	5 205 999,-	-1 275 547,-

Det er signert avtale om gjennomføring av prosjekt 1 Dørheim – Fikse, og intensjonsavtale om gjennomføring av dei 4 resterande prosjekta. Tilskotsmidler dekkar overskytande.

**23036 Vossaplassvingane**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	9 613 622,-	8 022 153,-	1 591 469,-

Vindafjord kommune fekk TS-midlar 1,5 millionar i 2017 og 1,5 millionar i 2018. I Handlingsprogrammet for fylkesvegar er det sett av midlar til Vossaplassvingen i 2019, og i KS-sak 011/18 vart det vedteke at kommunen skal forskottera desse midlane. Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom Vindafjord kommune, Statens vegvesen, Rogaland fylkeskommune og Haugaland Kraft. Vindafjord kommune er byggherre. Arbeidet er nærferdigstilt.

Det er lagt leidningar for vatn og kloakk i traséen.

Sjå også 25024.

**23037 Nytt golv – Ølen idrettshall**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	1 000 000,-	-	1 000 000,-

Midlar sett av til utskifting av golvbelegget i idrettshallen. Arbeid med anbod pågår. For å kunna søkja spelemidlar til rehabiliteringa må ein ha sakkunnig rapport av tilstanden. Takstmann er bestilt.

**23038 Maskinpark kommunalteknisk**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	200 000,-	-	200 000,-

Midlar sett av til styrking av maskinparken til kommunalteknisk. Eininga har avgjort kva som skal kjøpast, men budsjettmidlar er ikkje tilstrekkeleg, så ein følgjer med på bruktnarknaden.

## 5.5 Kyrkja

**24001 Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
<b>536 522,-</b>	700 000,-	617 478,-	619 044,-

Midlar sett av til oppgradering av kyrkjer og kyrkjegardar etter eigen plan.

**24002 Ølen kyrkjegard, ny veg, parkering og utviding**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
<b>7 500 000,-</b>	-	-	7 500 000,-

Planforslaget er vedteke, og ein har byrja arbeidet med å kartleggja kva grunneigarar som blir omfatta slik at ein kan få gjennomført grunnerverv. Ein har ikkje hatt kapasitet til å arbeida ytterlegare med dette.

## 5.6 VAR området

### Kloakk – prosjekt samla (K)

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
12 977 200,-	15 000 000,-	6 957 238,-	21 019 962,-

Samleprosjektnr for kloakk. Budsjettmidlar for alle anlegg er lagt her.

### Vatn – prosjekt samla (V)

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-312 850,-	16 500 000,-	6 809 988,-	9 377 162,-

Samleprosjektnr. for vatn. Budsjettmidlar for alle anlegg er lagt her.

### 25001 Kloakk (K)

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	1 585 919,-	-1 585 919,-

Midlar nytta til fleire mindre prosjekt knytt til avløp og overvasshandtering, til dømes renovering av pumpestasjon Osen i Ølen, skisseprosjekt framtidig avløp i Skjold og oppgradering kloakk Hauane, Ølen.

### 25002 Vatn (V)

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	442 001,-	-442 001,-

Oppgradert vasskum i Haralseidvågen. Oppgradert trykkaukestasjon i Sandeid. Arbeid knytt til konsesjon for Holmavatnet.

### 25008 Ny vassleidning i Østbøfeltet, Sandeid

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	-63 910,-	63 910,-

Arbeidet er ferdigstilt. Inntekter er refusjon frå Haugaland Kraft.

### 25009 Vassleidning Håvik – Anndal (V)

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	-350 799,-	350 799,-

Vassleidning er ferdigstilt. Inntekter er refusjon frå grunneigarar.

**25010 Malmrøy Sandeid Sentrum (V)**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	3 986 485,-	-3 986 485,-

Strekket frå Helgevoldbygget til bedehuset er fullført.

Frå Nortura til Sandeid skule er det lagt ny hovudvassleiding. Dette vil gi oss ringleidning i Sandeid, og ein får kopla fleire abonnementar over frå den gamle malmleidninga til den nye hovudleidninga. I samband med dette prosjektet skal det også etablerast ei tilrettelagt fotgjengar-kryssing ved Helgevoldbygget. Dette trafikksikringstiltaket vert kosta av Statens vegvesen. Arbeidet er ferdig bortsett frå noko istandsetjing som vert utført til våren.

**25012 Tverrlengdeidning over Vikedalselva (V)**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	918 093,-	918 093,-

Vassforsyninga i Vikedal har to sårbare punkt der leidningane kryssar elva i Vikedalsdalen. For å sikra forsyninga arbeidar ein med å leggja tverrlengdeidning på desse punkta. Ein har fullført ei elvekryssing inkl. kummar. Ei elvekryssing gjenstår. Denne vert utført på eit seinare tidspunkt av budsjettomsyn.

**25014 Fatlandleidningen (K)**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	-1 858 887,-	1 858 887,-

Kostnadane knytt til kloakkgrøfta frå Steinbru til Osen som skal delast mellom kommunen og Fatland AS. Arbeidet er fullført. Sluttoppgjer mottatt.

**25016 Hålandsdalen vasskjelde (V)**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	1 080 713,-	-1 080 713,-

Utviding av vasskjelda i Sandeid pga lite kapasitet. Prosjektet er i all hovudsak ferdigstilt, men det gjenstår noko arbeid som må utførast til våren.

**25017 GS-veg E134 Ølen – Ølensvåg – Avløp (K)**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	3 431 490,-	-3 431 490,-

Prosjektet vert utført i samband med Statens vegvesen si utbygging av gang- og sykkelveg mellom Ølen og Ølensvåg.

**25019 VA – Miljøgate Vikedal - Holmen (V/K)**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	-	-

Rehabilitering av VA-anlegg i kommunal veg. Planlagt utført etter at Statens vegvesen har fullført opparbeiding av miljøgate i Vikedal.

**25020 VA – Miljøgate Vikedal - SVV (V/K)**

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	61 400,-	-61 400,-

Rehabilitering av VA-anlegg i og ved Fv 46. Prosjektering pågår.

**25021 Håvik kloakk (K)**

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	-	-

Planleggjring for å kunna samla avløp for fleire ulike utbyggjarar. Her er laga eit skisseprosjekt som er presentert for utbyggjarar og eksisterande hytteeigarar. I DUK-sak 049/18 vart det vedteke at kommunen ikkje skal byggja felles avløpsanlegg, og prosjektet vert difor avslutta.

**25022 Østbøfeltet – Hålandsbakken (V/K)**

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	77 344,-	77 344,-

Ein mindre del av den nordre del av Østbøfeltet i Sandeid er ikkje knytt til offentleg avløp. I samband med at Haugaland Kraft skal grava for fiber nyttar ein høve til å leggja sjølvfallsleidning for avløp. Vassleidning vert fornya, og Statens vegvesen fornyar overvassanlegg. Arbeid pågår.

**25023 Lekkasje Lysenutvegen (V)**

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	11 876,-	-11 876,-

Prosjekt ferdigstilt.

**25024 VA - Vossaplassvingen (V/K)**

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	2 880 849,-	-2 880 849,-

Det vert lagt leidningar for vatn og avløp i traséen der det blir bygd ny G/S-veg. Dette gir eit viktig bidrag til å få etablert ringleidning i området.

Leidning for avløp blir ført mot sør så langt det vert gravearbeid, og det vert lagt vekt på å få aktuelle abonnentar langs traséen tilknytta.

Arbeidet pågår, og er nær ferdigstilt.

**25025 Ny pumpestasjon i Fiskerihamn i Ølen**

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	1 511 648,-	-1 511 648,-

Nødvendig pumpestasjon for å knytta vestsida av Ølen til det kommunale avløppssystemet. Arbeid starta.

**25026 VA G/s-veg Håkull - Trovåg**

Restmidlar før 2018	Budsjett 2018	Medgått 2018	Restmidlar 2018
-	-	17 753,-	-17 753,-

Samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen der det vert lagt hovudvassleidning med tanke på framtidig samanknyting mellom Skjold og Vikebygd. Inntil vidare vil leidninga gi ringleidning til Trovågfeltet.

Det blir planlagt avløpsleidning for del av strekket som har sjølvfall mot Isvik. Det vert også lagt pumpeleidning for kloakk i traséen, i samsvar med DUK-sak 041/18.

#### **25027 Pumpestasjon Prestabrygga - Vikebygd**

<b>Restmidlar før 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Medgått 2018</b>	<b>Restmidlar 2018</b>
-	-	66 355,-	-66 355,-

Arbeid for oppgradera eksisterande anlegg og knyta til fleire abonnentar til kommunalt avløpssystem. Prosjektering pågår.

## 6. Resultatvurdering Rammeområda

### 6.1 Rammeområde Administrasjon og Fellesdrift

Rammeområdet omfattar politisk styring, administrasjon, stabsfunksjonar, støttefunksjonar, lærlingordninga og felles utgifter for alle einingar. I tillegg er Kyrkja omtalt her.

#### 6.1.1 Felles for rammeområde

##### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Rammeområdet har stor grad av intern tenesteyting, for eksempel gjennom støtte og sakshandsaming på fag som økonomi, IT, arkiv og personal. Den største kontaktflata utad skjer via servicetorget eller via kommunen sine nettsider. Det er også dette rammeområdet som har teke hovudansvar for digitalisering, informasjonstryggleik og personvern arbeid. Dette er oppgåver som ein har nytta mykje tid og ressursar på i 2018, i tillegg til dagleg drift. Den teknologiske utviklinga har vore slik at ein kan tilby fleire og fleire tenester via nett. For brukarane er dette ein fordel ved at tenestene er tilgjengelege heile døgnet. For drifta dei siste åra har det også vore heilt naudsynt blant anna på grunn av redusert bemanning og fleksibilitet. I tillegg har ein i 2018 blant anna organisert Vindafjordkonferansen, oppretta særskilte lønstiltak for sjukepleiarar i pleie og omsorg, samt teke inn to ekstra lærlingar frå hausten av.

Det er relativt stabil arbeidskraft innan rammeområdet, men det er sårbart. Det kan vera svært utfordrande å skaffa kvalifiserte vikarar innafor desse spesialiserte tenesteområda. Vakansar kan difor vanskeleggjera drifta, noko som har vore tilfelle for deler av rammeområdet også i 2018. Lønsavdelinga er eit eksempel på ei avdeling med slikt spesialisert arbeid. Innafor IKT-området pågår ei utgreiing av mogleg interkommunalt samarbeid.

##### Økonomi

	Regnskap	Budsjett	Just budsj	Avvik	%-
	2018	2018	2018		forbruk
<b>Utgifter</b>	56 709 968	57 515 889	54 245 185	-2 464 783	104,5
<b>Inntekter</b>	-7 066 334	-3 619 378	-3 877 098	3 189 236	182,3
<b>Netto utgifter</b>	<b>49 643 634</b>	<b>53 896 511</b>	<b>50 368 087</b>	<b>724 453</b>	<b>98,6</b>

Som nemnt kan vakansar på dette området vanskeleggjera drifta pga at oppgåvene er så spesialiserte at ein ikkje alltid har høve til å henta inn vikarar. Desse ville trengt så mykje opplæring at ein i slike tilfelle vurderer det som uhensiktmessig i allereie pressa tider. Ulempa med dette er auka arbeidspress i lengre periodar, og at enkelte oppgåver blir utsett eller ikkje løyst.

Rammeområdet har eit samla mindreforbruk på kr 724 453. Dette skuldast fråvær utan innhenting av vikar, kombinert med generelt god økonomistyring.

##### Utfordringar

Det er ei kontinuerleg målsetjing å betra utnyttinga av eksisterande digitale verktøy, samt å ta i bruk nye. Dette gjeld både internt og eksternt. Det er ofte stor vilje til utvikling i rammeområdet, men krevjande å prioritera i ein stadig meir travel kvardag.

Det vil fortsatt vera naudsynt å tilpassa drifta til endra rammevilkår, både med tanke på det nye inntektssystemet, bortfallet av inndelingstilskot frå 2021-2025 og spesifikke budsjettkutt.

### 6.1.2 Politisk styring

#### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Tenesteområdet omfattar folkevalde, val, støtte til politiske parti, kontrollutval og næring. Det var ikkje halde val i 2018. Under næring er tilskot til Medvind næringshage, turistinformasjon, Destinasjon Haugesund & Haugalandet og omdømmeprosjekt.

#### Økonomi

Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr 261 469. Dette er hovudsakleg knytt til lågare utgifter til politisk møteverksemd.

#### Utfordringar

Tilpassa drifta til endra rammevilkår, både gjennom det nye inntektssystemet frå 2017, men også gradvis bortfall av inndelingstilskot frå 2021 – 2025.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.1.2.1	Rekruttering av ny rådmann. Finansierast av disposisjonsfond.	Ny rådmann tilsett 01.06.2018.
6.1.2.2	Vurdering av politisk struktur for ny valperiode.	Utvalet som er sett ned, starta arbeidet hausten 2018. Arbeidet vert fullført våren 2019.

### 6.1.3 Administrasjon og fellesdrift

#### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Tenesteområdet arbeidar blant anna med intern støtte og sakshandsaming på fag som økonomi, IT, arkiv og personal. Ein har også ei kontaktflate eksternt via servicetorget og nettsidene. Tenesta har også teke hovuddansvar for digitalisering, informasjonstryggleik og personvernarbeid. Dette er oppgåver som ein har nytta mykje tid og ressursar på i 2018. Dei siste åra har vore prega av endringar i bemanning og fleksibilitet, og ei teknologisk utvikling som er ynskt for å forenkla arbeidsprosessar og auka servicenivå, men som også krev ein del å innføra.

Det er relativt stabil arbeidskraft innafor tenesta, men det er sårbart. Vakansar kan difor vanskeleggjera drifta, noko som har vore tilfelle for dette tenesteområdet, for eksempel innafor løn og personal, i 2018. Innafor IKT-området pågår ei utgreiing av mogleg interkommunalt samarbeid

#### Økonomi

Som nemnt kan vakansar på dette området vanskeleggjera drifta pga at oppgåvene er så spesialiserte at ein ikkje alltid har høve til å henta inn, og læra opp, vikarar. Ulempa med dette er auka arbeidspress i lengre periodar og at enkelte oppgåver blir utsett eller ikkje løyst. Tenesta har eit samla mindreforbruk på kr 462 985. Dette skuldast fråvær utan innhenting av vikar, kombinert med generelt god økonomistyring.

### Utfordringar

Det er ei kontinuerleg målsetjing å betra utnyttinga av eksisterande digitale verktøy, samt å ta i bruk nye. Dette gjeld både internt og eksternt. Det er ofte stor vilje til utvikling i tenesta, men krevjande å prioritera i ein stadig meir travel kvar dag. Endringar her fordrar som regel endringar for heile organisasjonen. Det kan difor vera krevjande å innføra slike endringar, ikkje minst på grunn av kva slike organisasjonsutviklingar krev av ressursar. Digitalisering er i stor grad organisasjonsutvikling, men det er viktig at den tekniske infrastrukturen er på plass i utgangspunktet.

Det vil fortsatt vera naudsynt å tilpassa drifta til endra rammevilkår, både med tanke på det nye inntektssystemet, bortfallet av inndelingstilskot frå 2021-2025 og spesifikke budsjettkutt.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.1.3.1	Vidare reduksjon i bemanning stab, støtte og merkantil	Gjennomført.
6.1.3.2	Felles skatteoppkrevarfunksjon med Etne	Gjennomført.

### 6.1.4 Kyrkja

#### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Fellesrådet har ansvar for bygging, drift og vedlikehald av kyrkjebygg og kyrkjegardar. Rådet har også ansvar for prestane sitt kontorhald, og personalansvar for kyrkjeleg tilsette så nær som prestane. Oppgåvene er heimla i Kyrkjelova §14.

### Økonomi

Fellesrådet har hatt jamn drift gjennom året. Netto driftsresultat er negativt og utgjer kr 1 046 573,31 (11,3%). Rekneskapsmessig resultat viser meirforbruk på kr 928 610,93. Meirforbruket skuldast hovudsakleg at ein har måttkorrigera utgifter bokført i investeringsrekneskapen over til driftsrekneskapen. Det blir vist til endeleg vedtatt rekneskapsstandard (GKRS nr 4) om skiljet mellom drift og investering, som blei gjort gjeldande frå og med 2018-rekneskapen. I investeringsrekneskapen er det tilsvarande mindreforbruk. Ein viser elles til Fellesrådet si eiga årsmelding for ytterlegare informasjon.

## 6.2 Rammeområde Oppvekst og Kultur

### 6.2.1 Felles for rammeområde

#### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Rammeområdet oppvekst og kultur omfattar 15 eininger; tre barne – og ungdomsskular, tre barneskular, tre oppvekstsstenter (felles eining med barnehage og skule), fire barnehagar, PPT-kontor og eining kultur og læring.

Totalt gjekk det 476 barn i barnehage i Vindafjord pr 15. desember 2018. Av desse var 181 i privat barnehage og 295 i kommunal barnehage.

Pr. 1. oktober gjekk det 1112 elevar i grunnskulen, fordelt på 539 gutter og 573 jenter. Dette er ti elevar meir enn året før. Det er til saman 327 ungdomsskuleelevar i Vikedal, Ølen og Skjold.

303 elevar hadde SFO plass, av desse hadde 108 elevar tilbod 5 dagar i veka.

På same tid gjekk det 232 elevar i kulturskulen og 41 stod på venteliste. I starten på året var det 44 elevar på vaksenopplæringa. I tillegg var det 6 elevar på eksamensretta grunnskule og 4 elevar på grunnskule §4A-2.

### Organisasjon og drift

Både barnehage og skule arbeidar med ei varig ordning for kompetanseutvikling, der kommunen får midlar for å driva barnehage – og skulebasert kompetanseutvikling. Det er fokus på analysekompetanse og leiarutvikling i første omgang. Skule er kome litt lengre enn barnehage, dette fordi det vart rulla ut i ulik takt frå Udir og Fylkesmannen. Her skal skulane og barnehagane få bistand frå HVL (Høgskulen på Vestlandet), som skal tilby kompetanseheving i partnarskap med barnehagar og skular i kommunen.

Skule har eit interkommunalt samarbeid med kommunane Sauda, Suldal og Tysvær, der ein har gått saman om å tilsetja ein person i 100% stilling som utviklingsrettleiar. Denne personen vert løna av midlar kommunane får frå Fylkesmannen.

For begge ordningane er det eit arbeidsutval som består av representantar frå dei ulike kommunane i Nord Rogaland. Denne gruppa skal halda tråden i arbeidet og arrangera regionale samlingar der ein som nettverk får input frå HVL og andre eksterne.

Elles er det fleire lærarar og barnehagelærarar som søker vidareutdanning, det er bra. I skule byrjar me å nærma oss kravet frå regjeringa om at alle som underviser i matte, norsk og engelsk skal ha min 30 STP på barnesteget og min 60 STP på ungdomssteget. Dette under ordninga kompetanse for kvalitet, som kommunen får midlar til.

Det same gjeld for barnehagane.

I tillegg går fem stk frå Vindafjord kommune på rektorutdanninga.

Arbeidet med det psykososiale miljøet har vore ein raud tråd på begge områda, og det er noko me kjem til å ha fokus på framover også. Det er veldig viktig at alle barn og unge har det trygt og godt i barnehagen og på skulen.

BTI er viktig del av oppvekst, der god samhandling for barn og unge er i fokus. Her er nokre skular og barnehagar pilotar på stafettlogg, som etter planen skal rullast ut til alle i løpet av neste år. Det er også laga ein handlingsrettleiar på nett, som er meint for barn/ungdom, foreldre/føresette og tilsette: <https://vindafjord.betreinnsats.no>

### Økonomi

	Regnskap 2018	Budsjett 2018	Just budsj 2018	Avvik	%- forbruk
<b>Utgifter</b>	255 550 715	244 300 918	247 700 443	-7 850 272	103,2
<b>Inntekter</b>	-46 438 922	-30 450 876	-38 775 546	7 663 376	119,8
<b>Netto utgifter</b>	<b>209 111 793</b>	<b>213 850 042</b>	<b>208 924 897</b>	<b>-186 896</b>	<b>100,1</b>

Rammeområdet kjem ut med eit negativt avvik på kr 186 896. Det er litt varierande resultat innan dei ulike tenesteområda, men ingen vesentlege avvik.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.2.1.1	Innsparing fellesområdet 500 000 kr	Innsparingsa er gjennomført.
6.2.1.2	Evaluering av «Bygdemodellen» og andre tverrfaglege samhandlingsarenaer etter samlokalisering i Familiens hus	Kartlegging og evaluering gjennomført. Saka er påbegynt og den skal opp som sak i løpet av 2019.
6.2.1.3	Ved bygging av Familiens hus vart det sett av lokale til Open barnehage. Eit slikt ålment tilbod høyrer til fundamentet i eit Familiens hus. Oppretting av eit slikt tilbod skal utgreiaast i 2018 og sjåast i samanheng med anna tverrfagleg samhandling, jf kap 4.	Denne saka har blitt behandla politisk i KS 080/18 med følgjande vedtak: Tilbodet «Open barnehage» i Familiens hus, med bakgrunn i arbeidet med Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) som samhandlingsmodell, vert dekt i tenestene i «Familiens hus», jmfr Open helsestasjon.

## 6.2.2 Barnehage

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Totalt gjekk det 476 barn i barnehage i Vindafjord pr 15. desember 2018. Av desse var 181 i privat barnehage og 295 i kommunal barnehage.

Frå 1. august blei ny pedagognorm gjeldande, noko som førte med seg auke i tal på pedagogar, samla for alle barnehagene ein auke frå 46 i 2017 til 57 i 2018, medan tal på fagarbeidar og assisterantar gjekk ned frå 76 til 70.

Samla sett måtte ingen seiast opp, men det blei gjort overflytting mellom barnehagane for at alle tilsette skulle behalda jobben.

Kommunen fekk auke frå 5,2% pedagogiske leiarar på dispensasjon i 2017 til 7,5% i 2018. I dei kommunale barnehagane er det framleis i hovudsak i vikariat i deltidsstillingar me ikkje får tak i pedagog. Kommunen hadde til oppstart av barnehageåret 2018-2019 ei fast pedagogisk leiarstilling der det er tilsett fagarbeider på midlertidig dispensasjon.

Sjukefråveret ved barnehagane ligg frå 3% til 10%, men ulik storleik på einingane gir difor stort utslag ved til dømes långtidsfråver hos einskilde. Einingsleiarane har god oversikt over sjukefråver og tilsette. Det er ikkje registrert avvik i barnehagane.

Fylkesmannen tildelte kr 239 099 til tiltak for å styrkja den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage i Vindafjord. Desse midlane er nytta til pedagog som har arbeidd med minoritetsspråklege barn i Ølensjøen FUS barnehage. Det er minoritetsspråklege barn i dei andre barnehagane også, men ikkje i same grad.

Alle barnehagane søkte midlar til symjeopplæring, og kommunen mottok samla kr 349 200,- til dette. Midlane går direkte vidare til kvar barnehage etter ei fordeling med kr 1800 pr barn som blir gitt opplæring i basseng.

Felles satsing for barnehagane har vore implementering av rammeplanen, oppfølging i samband med BTI-arbeidet og bruk av pedagogisk analyse som verktøy. Det er framleis 3 ABLU-studentar, i Skjold barnehage, som i 2018 er inne i sitt 3. år på utdanning som barnehagelærar. I tillegg har kommunen hatt tilsette som tar utdanning som praksislærar for barnehagestudentar og tilsett som har tatt vidareutdanning i språk- og språkutvikling.

## Økonomi

Det er negativt avvik på kr 626 188. Barnehagane driv stort sett i balanse, men nokre har utfordringar. Dei små einingane går samla sett i balanse for skule og barnehage. Barn med spesialpedagogisk hjelp har gått ned i antal, men det er auke i omfang på timar. Det er her hovuddelen av meirforbruket gjer seg gjeldande. Utover dette har det i 2018 vore mindre vakanse i stillingane for spesialpedagogar. Det har vore tilsett pedagog på midlar som kommunen har fått til tiltak for minoritetspråklege barn. Kommunen mottok midlar til symjeopplæring for barn i barnehagane. Desse ressursane går direkte ut til kvar barnehage ut frå ei fordeling av antal kroner pr. barn.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Barn i kommunale og private barnehagar	500	505	500	476
Barn i private barnehagar	179	191	198	181
Barn i kommunale barnehagar	321	314	302	295
Barn med spesialpedagogisk hjelp	21	18	17	13
Minoritetsspråklege barn	62	65	69	68
Tilsette med barnehagelærarutdanning	50	57	52	62
Andel barn med 40 timer eller mindre	10%	25,1%	27,4%	25,2%
Andel barn med 40 timer eller mer	90%	74,9%	72,6%	74,8%

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.2.2.1	Auka bemanning. Ei avdeling barnehageåret 2018/19	Skjold barnehage utvida noko ved nytt barnehageår, og opna ei ny avdeling ved årsskiftet
6.2.2.3	Plan for «Kvalitet og strategi i barnehagane»	Sjåast i samanheng med felles plan for barnehage og skule
6.2.2.4	Kompetanseheving på assistentar som jobbar i barnehagane, mot ppt-vedtak	Opplæring og oppfølging vert gitt av spesialpedagog og gjennom rettleiing frå PPT og andre instansar ut frå behov for kompetanse knytt til kvart einskilde barn.

### 6.2.3 Grunnskule

#### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

I grunnskule er det eit samla årsverk på skulane er 121,9 for lærarane og 31,68 for assistent/fagarbeidar. Det er elleve lærarar som ikkje har kompetanse i faget dei underviser i.

Skulane har eit måltal på 4% når det gjeld sjukefråvær, tre skular ligg under og fem skular ligg over måltalet. Stort sett skuldast fråværet langtidssjukemeldingar som ikkje er arbeidsrelatert.

Det er meldt 105 avvik på Risk. Mesteparten av avvika er knytt til utfordringar med å møta elevane sine behov. Ein ser auke med utagerande elevar i småskulen, både i Vindafjord og generelt i landet. Dette er ei problemstilling som Vindafjord kommune må sjå nærmare på, både med omsyn til elevane og til dei vaksne som jobbar med elevane. Avvika fortset å koma jammleg inn, og dei vert kontinuerleg jobba med.

Elleve lærarar tek vidareutdanning gjennom kompetanse for kvalitet, to utdannar seg i psykisk helsepedagogikk.

Det er stort sett låge tal på fråværet blant elevane. Samla sett i kommunen ligg skulane under det nasjonale snittet på opplæring etter §5.1, spesialundervisning. Dette tyder på at fleire elevar får hjelp innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Skule har lågt sjukefråvær med eit snitt på 5,3. Dette er likevel over måltalet på 4%.

Skulane jobbar intensivt og kontinuerleg med struktur, orden og læringsmiljø. Alle skular har lesing som fokusområde.

Det er framleis høg gjennomføringsprosent på vidaregåande. Dei aller fleste av våre elevar byrjar på vidaregåande.

Når det gjeld elevane sitt læringsmiljø viser Udir sin nasjonale undersøking at på 7.trinn ligg elevane på snitt med landet på «trivsel» (4,3 av maks 5 poeng). På ungdomstrinnet ligg Vindafjord litt under landssnittet. Både Fylkesmannen i Rogaland og Vindafjord kommune har stort fokus §9A og arbeider systematisk for at elevane skal ha det trygt og godt på skulen. Det skal utarbeidast ei overordna rutine som omhandlar elevane sitt læringsmiljø.

På nasjonal prøve er målet å vera på snitt med nasjonen (50). For småskulen er snittet på veg opp, 48,6, medan mellomtrinnet fekk eit samla snitt på 49.

Arbeidet med leseplan for mellomtrinnet er godt i gong. Planen er at denne skal vera ferdig og takast i bruk hausten 2019. Eit mål med denne planen er å styrkja leseopplæringa slik at ein får funksjonelle leserar og medvitne lærarar.

Alle skulane er i gong med å bruka analyse som verktøy for å få til betre resultat og laga betre læringsmiljø for elevane. Dette er i tråd med den varige nasjonale ordninga om skulebasert og desentralisert kompetanseheving. Skulane skal definera utfordringar på si eining, og få hjelp til å løysa dei der.

Eksamensresultatet 2018 har eit snitt på 3,4, som er likt frå året før. Engelsk og norsk sidemål ligg over landssnittet, medan matematikk norsk hovudmål ligg under landsnittet. Elevane i Vindafjord kommune hadde eit snitt på 40,4 på grunnskulepoeng (alle avsluttande karakterar multiplisert med 10), dette er litt under nasjonalt snitt.

Norskopplæringa for minoritetselever som kjem nye i 1. og 2. klasse har ikkje tilbod i velkomstklassen og får berre eit minimum av tilpassa norskopplæring: 1,5t/v. Tilboden i velkomstklassen er 9 t/v. Her er det trong for ein revisjon av planen slik at tilboden kan gjelda alle nye minoritetselever frå 1.-10.klasse.

Fleire skular melder at dei har utfordringar med å innfri krav/forventningar frå styresmakter nasjonalt med ressursane dei får tildelt. Ressursane blir tildelt skulane ut frå elevtal, ikkje ut frå behov. Skulane kan ikkje «be om meir» dersom dei møter utfordringar i løpet av året. Mange skular rapporterer inn auka behov for å «skreddarsy» opplegg kring enkeltelevar. Dette er ofte elevar med sosio-emosjonelle vanskar. Mange elevar har utfordringar med at skulen er så teoribasert.

Generelt kan det vera vanskeleg å få til gode klasseløysingar og gode læringsarenaer ut frå ressursar og klassestorleikar.

Skjold skule har store utfordringar med rom etter brannen. Dette har vore ei belastning for både elevar og tilsette.

«Vurdering for læring» er implementert på skulane. Alle skulane er i gong med desentralisert kompetanseutvikling, der kommunane i Nord Rogaland (NordR) har bestemt at kommunane her skal læra seg å nytta pedagogisk analyse som er eit analyseverktøy for å betra praksis på skulane og gjera personalet meir medvitne på kva rolle dei har.

Skuleleiingane har vore på opplæring med Lars Myhr, som er ein av grunnleggjarane til pedagogisk analyse, to gonger. Neste samlingspunkt er april 2019. Pedagogisk analyse er fast tema på rektormøta.

## Økonomi

Det er brukt om lag kr 119 948,- meir enn budsjettet på skuletenesta. Overforbruket er stort sett knytt til lønsutgifter. I Skjold skuldast ein del av overforbruket brannen på skulen. To skular har sett inn samla 70 % ekstra (utover ramma) i høve til utfordringar med å møta elevane sine behov.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Elevtalsutvikling	1119	1116	1102	1112
Tal på elevar med spesialundervisning	8,7%	8,9 %	7,1%	7,81%
Min. språklege elevar med vedtak om norsk	5,5%	4,9%	3,9%	3,0%

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.2.3.1	Vidare reduksjon av ass. timar skuleåret 2018/19.	Gjennomført
6.2.3.2	Reduksjon av to årsverk skuleåret 2018/19.	Gjennomført
6.2.3.4	Kvalifisering av lærarar etter ny forskrift.	11 lærarar går på vidareutdanning, der basisfaga har prioritet. Det er framleis ein del lærarar som ikkje imøtekjem krava frå KD, men me er i rute fram mot 2025. Ny kartleggjing skal gjennomførast i løpet av kort tid.
6.2.3.5	Revisjon av IKT plan.	IKT- planen er revidert og vedteken, i løpet av 2019 får alle u-trinnselevane ny pc. Stort sett alle elevane på 1.-7. har iPad 1:1.
6.2.3.6	Leseplan – 5.- 7. trinn	Arbeidet er godt i gong, planen skal vera ferdig og klar til bruk til skulestart 2019/20.
6.2.3.7	Kvalitet- og strategiplan for grunnskule.	Skal reviderast i 2020
6.2.3.8	Kompetanseheving på assistentar i skulen som jobbar med ppt-vedtak	PPT har hatt kurstilbod på planleggingsdagar. Opplæring og oppfølging vert gitt gjennom rettleiing frå PPT og andre instansar ut frå behov for kompetanse knytt til kvar einskilde elev.
6.2.3.9	Språkopplæringa for born med anna morsmål. Sikra språkopplæringa for born med anna morsmål slik at dei er i stand til å få nytte av den ordinære undervisninga. Skulen skal vera ein god og meiningsfull læringsarena for alle.	Rektor på Ølen skule har hatt orientering om korleis det vert arbeidd med minoritetsspråklege i politisk utval OPOM. Plan skal reviderast i løpet av kort tid.
6.2.3.10	Førebyggjande arbeid skal prioriterast. Tal årsverk på småskulesteget skal aukast gjennom tilsvarande reduksjon på ungdomsseget. Tilstandsrapport for 2018 skal ha eit eige punkt om fordeling av årsverk over tid på dei ulike stega.	Gjennomført

## 6.2.4 Skulefritidsordninga

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Med utgangspunkt i at nokre foreldre melder om at «pakkane» på SFO ikkje møtte behovet deira, og at dei måtte betala for meir enn dei brukte, vart SFO- tilboden evaluert på nytt. Det nye tilboden som blei vedteke var at foreldra kunne velja dagar fritt ut frå eigne behov og ønskje.

Det skal utarbeidast ein kvalitetsplan i SFO, gruppa skal vera representert med rektorar, SFO-koordinator, skulerådgjevar og foreldrerepresentant. Denne planen skal sikra at kvaliteten på tilboden er mest mogleg lik på alle SFO i Vindafjord.

### Økonomi

SFO har eit samla meirforbruk på kr 446 544. Det er ei utfordring å kunna tilpassa drifta til talet på barn i løpet av året, sjølv med tre månaders oppseilingstid.

Skule	1 dag	2 lange eller 3 korte	5 dagar	Ferie-pakke	Barn totalt
<b>Skjold</b>	13	22	26	8	69
<b>Ølen</b>	7	11	30	15	63
<b>Vats</b>	6	5	8	0	19
<b>Sandeid</b>	4	19	10	1	34
<b>Vågen</b>	7	12	15	5	39
<b>Vikedal</b>	10	6	10	0	26
<b>Vikebygd</b>	2	7	3	1	18
<b>Bjoa</b>	7	8	4	0	19
<b>Imsland</b>	6	7	2	1	16
Totalt	<b>62</b>	<b>97</b>	<b>108</b>	<b>31</b>	<b>303</b>

### Prioriterte strategiar og tiltak i 2018

### Rapportering 2018

6.2.4.2	Evaluering av ny tilbodsstruktur SFO	Ny evaluering er gjennomført, ny struktur gjeld frå skuleåret 2019/20.
---------	--------------------------------------	--

## 6.2.5 PPT

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

PP-tenesta for Etne og Vindafjord er sakkunnig organ knytt til opplæring heimla i barnehagelova kap 5V A §19 og opplæringslova kap 5, §5. PP-tenesta har oppgåvene knytt til 13 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet for elevar med spesialpedagogiske behov. Tenesta skal hjelpe barnehagar og skular med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for barn/elevar med særlege behov. Som førsteprioritet skal tenesta syta for at det vert utarbeidd sakkunnige vurdering der lova krev det. Det er 6,4 årsverk knytt til tenesta, etter at 0,8 årsverk merkantil funksjon vart flytta til Service- og felleseteneste frå 01.04.18. PPT har gjennom 2018 vore arbeidsgjevar for 0,3 årsverk logoped, med refusjon frå mottakar av tenester. Dei tilsette har kontorstad på rådhuset i Vindafjord. Sjukefråværet i 2018 var 6,2%.

## Økonomi

Meirforbruk på kr 204 648 har samanheng med høgare KLP-pensjonskostnader og høgare arbeidsgjevaravgift enn berekna.

Nøkkeltal nasjonalt	2015	2016	2017	2018
Sakkunnige vurderingar barnehage	2,8%	2,9%	3,1%	
Sakkunnig vurdering skule	8,0%	7,9%	7,85%	7,81%

Nøkkeltal tenesteyting Vindafjord	2015	2016	2017	2018
Antal individsaker	236	236	225	201
Sakkunnige vurderingar barnehage *	3,0%	2,7%	2,7%	2,8%
Sakkunnige vurderingar skule *	8,7%	8,9%	7,1%	6,92%

Nøkkeltal tenesteyting Etne	2015	2016	2017	2018
Antal individsaker	132	109	101	107
Sakkunnige vurderingar barnehage *		3,4%	2,46%	4,74%
Sakkunnige vurderingar skule *	12,5%	9,9%	9,6%	8,9%

Antal individsaker viser tilviste, aktive saker gjennom 2018. Målet for både Etne og Vindafjord kommune er at utviklinga av tal sakkunnig vurdering skal fylgja nasjonalt nivå. Etne og Vindafjord kommune er på lågt nivå i barnehage. For skule er Vindafjord komen under nasjonalt nivå, medan Etne kommune er på veg mot dette målet. PP-tenesta nyttar i større grad tid til utgreiing av behov og rettleiing til barnehagar og skular, både i individ og systemsaker. Dette er ikkje teke med i statistikken.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.2.5.1	Vidareutvikla og brukta plan for «Kvalitet og strategi»	Utdanningsdirektoratet sine kvalitetskriterium for PP-tenesta vert lagt til grunn for utvikling av tenesta i samhandling med eigar. PP-tenesta gjer prioriteringar knytt til nasjonale føringar, behov i kommunane og behov for utviklingstiltak i barnehage- og skule.
6.2.5.2	Auka spesialpedagogisk kompetanse i barnehage og skule, inkludert logopedkompetanse	PP-tenesta har delteke i nettverk for spesialpedagogar i barnehagen, halde «minikurs» for tilsette i barnehage og skule, vore kurshaldar på planleggingsdagar, rettleia i system- og individsaker etter behov og leia nettverk for spespedkoordinatorane på skulane. «Pedagogisk analyse» vert nytta aktivt. Gjennom 2018 har ein av rådgjevarane vore tilsett som utøvande logoped i 30%. Tilsett med logopedkompetanse har bidrege med rettleiing i barnehage og skule. For alt arbeid i tenesta er målet tidleg innsats og inkludering.
6.2.5.3	Innføra fullelektronisk fagsystem – Visma Flyt PPT	Gamalt fagprogram, Visma PPI, vart avslutta 31.12.17 og papirmapper avslutta og arkivert. Fullelektronisk fagprogram, Visma Flyt PPT, vart teke i bruk frå 01.01.18. Overgangen var utfordrande, men programmet fungerer etter kvart

		tilfredsstillande. Arkivering er fullelektronisk og post går via «KS svar ut».
6.2.5.4	BTI - Betre tverrfagleg innsats	PP-tenesta har delteke i prosjektet BTI både i Etne og Vindafjord kommune. PP-tenesta har også vore med å utvikla samhandlingsforløpa på tvers av tenester, kommunar og spesialisthelseteneste. I dagleg arbeid er PP-tenesta med i tverrfagleg samhandling knytt til individsaker.

## 6.2.6 Kultur og læring

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Eininga Kultur og læring dekkjer over eit breitt fagfelt og fleire ulike lovverk. Kulturskule, vaksenopplæring, bibliotek, frivilligsentral og kultur allmenn. Til saman 28 tilsette i eininga, fordelt på 20,63 årsverk. Driftsgruppa består av avdelingsleiar vaksenopplæring, biblioteksjef, rektor kulturskule, dagleg leiar frivilligsentral, kultur- og idrettskonsulent. Innflytting i det nye Kultur -og læringssenteret gjekk ikkje som planlagt i 2018. Gjennomsnitt sjukefråvær 2018 er 8%, skuldast i hovudsak langtidsjukdom og/eller kronisk sjukdom. Vernerunden i eininga synte at dei fleste ser veldig fram til å flytta inn i nye arbeidslokalitetar og saknar kjensle av å høyra til som ei eining. Ingen avvik er registrert.

**Kultur allmenn** omfattar blant anna arbeid med museum, bygdebokarbeid, kulturminneforvaltning, friluftsliv, aktivitetstilbod barn og unge, friluftsområde, kunst og kulturformidling (Den kulturelle spaserstokken), folkehelse og diverse tilskot. Nykonsolidering av fleire museum på Haugalandet har bidratt til at styret ved Vindafjordmuseet er avvikla, og museet er nå ein del av Haugalandmuseet AS. Bygdeboka, Heimar og folk i Vikebygd, kom i sal rett før jul. Kulturminneplanen vart ferdig hausten 2018. Tiltaket *Ut på tur* er i 2018 blitt ein del av drifta. Kultur og læring har hatt fokus på barnefattigdom og har i samband med dette vore engasjert i verktøyet ALLEMED. Dette verktøyet blir brukt for å skapa diskusjonar og finna løysingar for å inkludera barn og unge i fritidsaktivitet, uavhengig av familien sin økonomi.

**Vindafjord bibliotek** si hovudoppgåve er å sikra tilgang til kunnskap og kultur for alle innbyggjarane og medverka til at brukarane skal kunna nytta informasjonen til kunnskapsdanning. Biblioteket skal vera ein kulturell og sosial møtestad og ha eit særleg fokus på litteratur- og aktivitetstilbod til born og unge. Biblioteket har i tillegg til utlån og formidlingsverksemeld hatt 8 arrangement for vaksne med 296 deltakarar, og sju arrangement for barn med 410 deltakarar. I 2018 har det vore arrangert 16 språkkafear, målet er språktraining i norsk for framandspråklege. Bibliotekformidling til fem skular med totalt 134 deltakarar. *Bøker på ferie* i Vindafjord, er utplassert på ulike campingplassar, kafear og Drøseståva i Vikebygd. Utlån og besøk har hatt ein nedgang i 2018 og følgjer ein trend over fleire år. Det blir spanande å sjå utviklinga på desse områda når bibliotekverksemda flyttar i nye lokale.

Gjennom tilskot frå Nasjonalbiblioteket driv Vindafjord bibliotek bibliotekteneste i Sandeid fengsel to ettermiddagar i veka. Det er eit ope fengsel med 88 soningsplassar, 80 for menn og 8 for kvinner.

**Kulturskule** omfattar musikkopplæring og andre kunstuttrykk og er eit kulturpedagogisk ressurs- og kompetansesenter og samarbeidar med fritidskulturlivet, grunnskule, barnehage og andre kommunale tenesteområde der dette er tenleg. Administrering av *Den kulturelle skulesekken* (DKS) er ei av rektor sine ansvarsoppgåver, og har ansvar for lokale produksjonar og rapportering til fylket og kulturtanken nasjonalt. For skulen var det særskilt vanskeleg å rekruttera kvalifisert danselærar, noko som førte til eit avgrensa tilbod i 2018. Nytt digitalt administrasjonsprogram bidrog til betre og sikrare informasjon- og kommunikasjonsflyt, spesielt mellom heim og skule i samhandling med den store aktiviteten den desentraliserte undervisninga i heile kommunen. Rektor har gjennomført rektorskulen og to lærarar har teke vidareutdanning. Skulen har starta prosess med ny rammeplan og fagplanar. Dette arbeidet skal førast vidare i 2019. Målet er kvalitetssikring av innhald og resultat for elevane.

**Vaksenopplæring** starta året med 44 elevar. Målgruppa er busette flyktningar i introduksjonsprogram og familiegjenforeinte både til desse og busett i kommunen med rett og plikt til norsk og samfunnskunnskap. Tilbodet har vore 30 timer i veka. Inkludert i desse timane er det blitt undervist i grunnskulefaga matematikk, samfunnsfag, naturfag og engelsk grunnskulepensum 1. - 7. trinn. Undervisninga har fokus på tema henta frå arbeid, yrkesliv, familieliv osb., som den vaksne er oppteken av og har interesse for. Det har vore reduksjon i elevar med vedtak om spesialpedagogikk.

I august starta seks bokmålselevar på eksamensretta grunnskule ved Breidablik i Haugesund og fem deltarar starta i innføringsklasse på vidaregåande skule. Nokre fortsette i tiltak i regi NAV. Med reduksjon i elevtal fekk alle plass i lokala på helsehuset att. Særskilt praktisk, godt sosialt og fagleg bra for alle partar. Ei særskilt positiv tilbakemelding fekk me utpå hausten frå fagleiar ved Breidablik om at norsknivået til elevane som starta der var særskilt bra. Breidda av undervisninga dei hadde fått ved vaksenopplæringa i Vindafjord gjorde at dei var godt rusta til å fortsetja der. Ei slik tilbakemelding gjer oss stolte.

Ei av dei største utfordringane har vore handsaminga av vedtaket; *Opplæringsspråk nynorsk*. Dyrt med innkjøp av heilt nye undervisningsmateriell og læreverk. Det er nå brukt to år på å fasa ut bokmål. Målet er å berre undervise på nynorsk fom hausten 2019. Auka krav til formell utdanning, aukar krav til grunnskule. Utfordring både økonomisk og praktisk har det også vore å implementera fagsystemet Visma vaksenopplæring. Jobben med dette fortsett i 2019. Samarbeidet med programrådgjevar er avgjerande for teamarbeidet rundt elevane og deira framdrift.

**Frivilligsentral** I juni 2018 vart det vedtatt at kommunen overtar ansvar for drift av frivilligsentralen. Drifts- og ressursgruppe er einingsleiar, kultur- og idrettskonsulent og dagleg leiar FS. Auke i nye frivillige gjennom året, særskilt kjekt med fleire unge som er blitt rekruttert. Sentralen flytta ut av Public og har hatt kontor i 3. etasje i gamle kommunehuset i Ølen sidan det. Nokre av aktivitetane i 2018 har vore; symjekurs for både menn og kvinner i samarbeid frå idrettslaget. Språktreffgruppa med 15 deltarar, tilrettelagt teorikurs for førarprøve for 14 deltarar i samarbeid med Haugaland trafikkskule. Besøksvener. Besøkshundar på omsorgssentera. Camp Vindafjord i vinterferien og

haustferien. Treff for kreftramma. KS nettverk, barn og unges fritid og *Allemed*. På slutten av året fekk FS ei flott gave frå Haugaland Kraft på kr 10.000,- som i 2019 vil koma vel med til nye spanande aktivitetar. Innsamling av julegåver til dei som treng litt ekstra i samarbeid med NAV var ei god avslutning på året.

## Økonomi

Dette er første året den nye eininga er under eit budsjett, ansvar 1260. Det er eit mindre meirforbruk på kr 125 954. Dette kan hovudsakleg knytast til ekstraordinære tilskot til Vindafjordhallen,jf saker til politisk behandling. Vaksenopplæringa er den avdelinga som har hatt størst variablar og avvik gjennom året. Investering og implementering av nytt digitalt fagsystem var ein av faktorane. Færre busette flyktingar samt mindre statstilskot enn budsjettet.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Kulturskule, elevar(GSI) pr.1/10	229	237	232	232
Kulturskule, elevplassar*(GSI)pr.1/10	264	260	261	261
Kulturskule, venteliste**	74	70	41	41
Kulturskule, musikk for barnehageborn(tal medverkande barn)	200	200	100	100
Bibliotek, Utlån (barn og vaksne)	27 154	23 617	23 522	22 196
Bibliotek, digitale bøker, Utlån	872	1 547	3 745	2 707
Bibliotek, besøk, alle	12 426	12 004	12 305	11 531
Bibliotek SF, Tal besøk/ snitt pr veke	2468/51,5	2218/46	2322/ 48,5	2034/42,5
Bibliotek SF, samla utlån bøker og digitale bøker	5896	4785	4222	4069
Vaksenopplæring, elevar (norsk- og sam. K.)	26	45	44	44
Grunnskule §4A-1 (eksamensretta) GSI	0	1	0	6
Grunnskule §4A-2 (spesialpedagogikk) GSI	12	14	12	4

\*Ein elev kan ha fleire elevplassar, t.d. kan ein vera elev på kunstfag(gruppe) i tillegg til å spela eit instrument. \*\*Ventelistene har gått ned dei siste åra. Det kan skuldast gjennomgang og rydding av lister, det kan også skuldast økonomiske nedgangstider.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.2.6.1	Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.	Ferdig desember 2018
6.2.6.2	Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbrygg	Arbeidet med kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbrygg er i planleggingsfasen
6.2.6.3	Prosjekt bygdebøker	Bygdeboka for Vikebygd vart trykt og lagt ut for sal desember 2018. Dei andre i 2019 og 2020.
6.2.6.4	Etablera den nye eininga Kultur og læring	Eininga er etablert og skal inn i det nye kultur- og læringssenteret som heng saman med Ølen kulturhus. Bygget har fått namnet Sjøperlo. Noko revidert framdriftsplan fører til innflytting i 2019.
6.2.6.5	Prosjekt med fullt program 1. år, delvis 2. år for deltakarar i intro-programmet.	Vaksenopplæringa si undervisning 5 dagar (30 undervisningstimar) i veka blir vidareført for skuleåret 2018 /2019.
6.2.6.6	Styrkja/ modernisera til digitale løysingar og verktøy	Digitalt fagsystem og arkiv ved vaksenopplæringa er implementert, planlegging av ulike tekniske og digitale løysingar og verktøy til det nye senteret er under arbeid.
6.2.6.7	Koma den moderne bibliotekbrukaren i møte	Eininga har kjøpt inn digitale løysingar for å koma meirope bibliotek i møte.
6.2.6.8	Frivilligsentralen vert oppretthalden.	KS vedtak juni 2018; Frivilligsentralen vidareført med dagleg leiar i 100% stilling.

## 6.2.7 SLT

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Ung i Vindafjord som ein begynte på i 2017 vart runda av i 2018. Det var eit godt oppmøte på foreldremøta som blir arrangert knytt til opplegget. Nytt av året var eit evalueringsskjema frå foreldra med oppmoding om tilbakemelding på opplegget dei og ungdomane hadde delteke på. Tilbakemeldingane var svært gode, og viser eit tydeleg behov for foreldre å møtast for både informasjon og erfaringsutveksling med andre foreldre.

Vindafjord kommune valde i 2018 å signera samarbeidsavtale for fire nye år med alkovettorganisasjonen «Av og Til». Dette vart markert med signering av ordførar.

Kommunen har gjennom dei fire første åra med samarbeid nytt godt av tilknytinga til «Av og Til», både med oppdatert fagkunnskap og materiell til kampanjar mm.

Lensmannskontoret i Etne og Vindafjord tilsette i 2018 ein politikontakt som skal vera kommunen sin kontaktperson hjå det lokale politiet. Stillinga er nyopprettet, og er eit resultat av den nye politireforma. Politikontakten vil ha ansvaret for blant anna det førebyggjande barne- og ungdomsarbeidet hjå politiet, og vil difor vera ein nøkkelperson for kommunen i sitt arbeid med barn og unge. SLT koordinator har jamnlege treffpunkt og jobbar tett med politikontakten. Det er med å styrkja samarbeidet mellom kommune og politi i endå større grad enn tidlegare.

Planprosessen på gjennomføringa av ungdomsundersøkjinga «UngData» vart begynt på i 2018. Det er viktig med eit godt forarbeid før undersøkjinga, både for å oppnå høgast mogleg svarprosent hjå elevane, og ikkje minst for å gjera elevar og tilsette som arbeidar med ungdom kjent med kva undersøkinga inneheld, og kva me ynskjer, og kan bruka den til. SLT arbeidsutvalet har ei sentral rolle i dette arbeidet.

Det vart gjennomført to felles politiråd saman med Etne kommune. Her vart det i sin heilskap rapportert på arbeidet og framdrifta i høve SLT handlingsplanen.

## Økonomi

Det er eit mindreforbruk på kr 160 832 på denne tenesta, grunna delvis vakanse gjennom året.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.2.7.1	Gjennomføra tiltaka i SLT handlingsplanen	Det meste er utført, noko er utsett grunna redusert kapasitet.
6.2.7.2	Gjennomføra «Ung data» undersøkinga	Planprosessen på gjennomføringa av ungdomsundersøkjinga vart begynt på i 2018. Den er no gjennomført i jan 2019
6.2.7.3	Utarbeida plan for oppgåvane til SLT-koordinator	Ei gruppe er samansett og har starta arbeidet. Skal sjåast i samanheng med saka som skal opp 2019, der ein skal sikra at oppgåvane blir ivaretatt frå 2020.
6.2.7.4	SLT koordinator – evaluera ordninga	Skal sjåast i samanheng med saka som skal opp 2019, der ein skal sikra at oppgåvane blir ivaretatt frå 2020.

## 6.3 Rammeområde Helse og omsorg

### 6.3.1 Felles for rammeområde

#### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Rammeområdet omfattar følgjande einingar: Barnevern, helse og psykiatri, tilrettelagde tenester, Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, tenestekontoret og NAV. I tillegg er kommuneoverlege og smittevernlege underlagt området.

Det er eit stort meirforbruk innan rammeområdet. Hovudårsaka til meirforbruket ligg i pleie og omsorg og barnevernet. Innan pleie og omsorg kan det meste av meirforbruket leggjast til høgt sjukefråvær, stort bruk av vikarbyrå grunna sjukefråvær og rekrutteringsutfordringar, ressurskrevjande tenester og utgifter med hovudårsak i meir krevjande brukarar i tenestene.

I 2018 har også tenestene vore prega av smitteverntiltak som har medført reduksjon i institusjonsplassar. I slutten av 2018 ser ein moglegheit for å ta alle instisjonsplassane i bruk tidleg i 2019.

I 2018 har arbeidet med omstilling av Pleie og omsorg prega mykje av drifta og arbeidskapasiteten. Omstillinga av pleie og omsorg er frå integrerte tenester til meir spesialiserte tenester. Arbeidet var langt på veg ferdigstilt i 2018 med iverksetjing i 2019. I 2018 har ein også sett ein auke i bruk av Kommunale ØH-senger og auke i «overliggedøgn» på sjukehuset.

Kommunen har så langt råd er gitt tenester som er tilpassa den einskilde sine behov for naudsnyt hjelp som t.d helsehjelp, hjelp i heimen og økonomisk hjelp. Målsetjinga har vore at ein skal leggja til rette for at dei fleste kan bu og motta tenester i alle livsfasar. Tenestene skal bli ytt på ein slik måte at ressursane vert nytta saman med brukar sine ressursar og så langt råd er lagt til rette for at tenestemottakar sjølv tek ansvar for eigen livssituasjon.

Tenestene er utfordra på å imøtekoma dei behova som er i befolkninga. Den demografiske utviklinga viser at talet på eldre aukar frå 2025 og talet på unge med behov for tenester viser også ein auke frametter. Ein må heile tida sjå på tenesteutviklinga og korleis ein kan jobba for å imøtekoma dei behova som er og korleis ein kan utvikla tenestene til det betre for brukarane og innanfor gitte rammer.

#### Økonomi

	Regnskap 2018	Budsjett 2018	Just budsj 2018	Avvik	%- forbruk
<b>Utgifter</b>	337 434 073	276 688 965	305 747 046	-31 687 027	110,4
<b>Inntekter</b>	-96 926 424	-62 852 799	-84 218 561	12 707 863	115,1
<b>Netto utgifter</b>	<b>240 507 649</b>	<b>213 836 166</b>	<b>221 528 485</b>	<b>-18 979 164</b>	<b>108,6</b>

Meirforbruket innan rammeområdet er på kr 18 979 164. Hovuddelen kan knytast til pleie og omsorg. Det er samansette årsaker til avviket, men dei viktigaste faktorane kan knytast til sjukefråvær, rekrutteringsvansk, smitteproblematikk, og meir krevande brukarar. Også barneverntenesta har stort negativt avvik. Fleire og til dels meir omfattande tiltak er noko av forklaringa, men også rekrutteringsvansk med tilhøyrande fristbrot på sakshandsaminga.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Institusjonsplassar	87	81	82	82
Liggedøgn communal ØH-seng	-	22	431	137
Overliggende døgn Haugesund sjukehus	21	41	120	83
Ressurskrevjande brukarar			11	13

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.3.1.1	Prosjektstilling – velferdsteknologi/ omstilling i pleie- og omsorg	Tilsett frå august 2018. Hovudfokus på arbeid med omstilling PLO og stort fokus på å implementera velferdsteknologiske løysingar.
6.3.1.2	Etablara demonstrasjonsbustad for velferdsteknologiske løysingar i samarbeid med andre	Det er vurdert løysingar, men ingen bustad er etablert.
6.3.1.3	Revidera helse- og omsorgsplan 2015 - 2020	Skal gjennomførast i 2019.
6.3.1.4	Revidera bustadsosial handlingsplan (ferdigstilling av pågående arbeid)	Ny bustadsosial handlingsplan 2018-2022 vedtatt februar 2018.
6.3.1.5	Leggja til rette for omsorgsbustader og bustader som er tilrettelagt for å bli gamal i, nær butikk og andre tenester. Ha trygge rammer for desse som opnar for turar i nærområdet og gangavstand til daglege tenester og aktivitetar.	Må sjåast i samanheng med gjennomføring av tiltaka i Bustadsosial handlingsplan 2018 – 2022 og vil ha fokus på dette gjennom «attraktivitetsprosjektet» .

## 6.3.2 Helse- og psykiatritenester

Hovudtrekk oppgåver og drift 2018
Jordmor, helsestasjon, skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom, Familieteam og smittevern
<b>Jordmor:</b> Ein stor andel gravide går til jordmor under svangerskapet. Det er kome nye nasjonale retningslinjer for svangerskapsomsorga i 2018. Jordmor tilbyr nå heimebesøk til alle nybakte foreldre 1-4 dagar etter heimkomst. Ein ser at det er behov for ein auke i jordmorressursane for å etterkoma krav i nye retningsliner.
<b>Helsestasjon/ skulehelsetenesta:</b> Med bakgrunn i tilskotsmidlar frå helsedirektoratet har helsestasjon/skulehelsetenesta styrka tenesta i 2018. Det har ført til at tenesta har «normdekning» som anbefalt og har som resultat mykje bra førebyggjande arbeid, både på helsestasjon og i skulehelsetenesta.
<b>Helsestasjon for ungdom (finanisert av tilskotsmidlar)</b> Helsestasjon for ungdom har hatt ope ein ettermiddag i veka. Her treff ungdomen både lege og helsejukepleiar. Her får de hjelp til oppfølging av psykisk/fysisk helse og prevensjonsrettleiing. Tilbodet er populært med ein aukande etterspurnad.
<b>Familieteamet:</b> Familieteamet jobbar med dei mest utsette familiene, både gjennom låg terskel helsearbeid og som tiltak i barnevertenesta. Henvending til teamet skjer ved tilvising. I 2018 hadde teamet 81 aktive saker og ein auke på 46 nye tilvisingar.
<b>Smittevern:</b>

Smittevernavdelinga er i god fagleg utvikling, oppstart av vaksinekontor var ein av hovudsatsingane. Her tilbyr dei reisevaksinering, reiseråd, yrkesvaksinering, influensavaksinering og anna aktuell opp vaksinering. Pågangen er stigande og innbyggjarar i eigen kommune og nabokommunar nyttar seg av tilbodet. Det er knytt 65% stilling til drift av vaksinekontoret, som etter kvart skal bli sjølvfinansiert. Prosjektet er utvida ut 2019

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Fødseltal	95	115	109	89
Framandspråklege	8	33	21	24
Heimebesøk - jordmor	95	115	109	89
Samtalar grunnskule	287			
Jenter		557	570	972 *
Gutar	186	352	307	580 *
Samtalar videregående skule				
Jenter	145	227	282	327
Gutar	26	29	64	104
Helsestasjon for ungdom				
Jenter				90
Gutar				6
Influensavaksine tilsette			32	189

### Hovudtrekk oppgåver

#### Psykisk helse

Hauatunet, er eit heildøgns bemanna bufellesskap med 8 bustader for menneske med psykiske utfordringar. Personalmessig har det i periodar vore utfordrande å tilsetja personar med tilstrekkeleg kompetanse innanfor fagfeltet. Det er eit godt samarbeid med 2. line tenesta i samband med rettleiing til dei tilsette.

Psykisk helse og rustenesta har hatt ein nedgang i tala på nye brukarar, men einskilde brukarar har hatt store og samansette utfordringar. Det har blitt brukt store ressursar på desse pasientane. Tenesta opplever at fleire og fleire brukarar som tidlegare fekk behandling i 2. line tenesta nå blir overført til kommunen, dette som eit resultat av opptrappingsplan for rusfeltet. Opptrappingsplanen for rusfeltet har fokus på at fleire oppgåver vert overført til kommunane med vekt på tidleg intervension, reell brukarmedverknad, eit variert og heilskapleg tenesteapparat, og at det skal bli tatt i bruk alternative straffereaksjonar. Finansieringa er lagt inn i budsjettet.

Brukarplan er blitt tatt i bruk som kartleggingsverktøy både i psykisk helse og rustenesta.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Aktive brukarar Psykiatrisk sjukepleie	109	122	140	145
Herav nye tilmeldte	51	64	68	57
Psykisk helse dagsenter	49	43	32	39
Miljøarbeid i heimen	10	10	10	11
Aktive brukarar i RUS/ROP	27	26	32	28
Inn på tunet		7	6	6

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

### Fysio- og ergoterapitenesta

Fysioterapiavdelinga vart tildelt 50% prosjektstilling tilknytta helsestasjon og skulehelsestenesta i 2018, som følgje av tilskotsmidlar tilført helsestasjonen. Dette har styrka samarbeidet mellom helsestasjon og fysioterapeut, og brukarane på helsestasjonen har fått eit betre og utvida tilbod. Terapeuten har vore med på 4 mnd. grupper, barselgrupper, open helsestasjon, i samhandling med skular og barnehagar, foredrag for klassar og aktivitetsgruppe for familiar med overvekt og /eller innaktivitetsproblematikk.

Det har vore ein auke i talet på korttidspasientar på sjukeheimane. Det vart oppretta balansegruppe for heimebuande for å førebyggja mellom anna fall. Heimevurderingar har auka siste året, med fokus på at folk bur lengst mogleg heime, så det er eit prioritert tiltak. Som følgje av at fleire bur heime aukar også behovet for hjelpeMidlar. Tenesta ligg fortsatt lågt på «normtall» og ut ifrå behova hjå brukarane er det eit fokus på å auka ressursane både når det gjeld fysioterapeut og ergoterapeut.

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

### Interkommunal legevakt

Etne/Vindafjord interkommunale legevakt har som hovedoppgåve å handtera alle medisinske nødstilfelle og behov for strakshjelp til befolkninga som til ei kvar tid oppheld seg i kommunane. Den interkommunale legevakta er eit godt tilbod til innbyggjarane i Etne og Vindafjord. Det er god tilgang på kvalifiserte legar til å gå vakter. Det har til tider vore litt utfordrande å få tak i sjukepleiarar til vaktene. Vindafjord kommune har avtale med Haugesund legevakt om handtering av alle telefonar til legevakt (116117). Ved utgangen av året fekk Haugesund legevakt tilgang til same fagprogram (System X) som lokal legevakt, noko som gjer at vi no har felles avtalebok. Dette har ført til kvalitetsforbetring på dokumentasjon og informasjon, noko som også fylkeslegen påpeikte som eit forbetningspotensialet i høve til legevakta. Kostnadene til den nye legevakta er vesentleg høgare enn den tidlegare ordning. Dette kjem av at det er krav til tilstadesvakt for lege og sjukepleiar. Dette gir eit kvalitativt betre tilbod til innbyggjarane i kommunane.

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

### Fengselshelsetenesta

Sandeid fengsel er eit lågrisiko fengsel med plass til 88 innsette. Helseavdelinga sine oppgåver er varierte, men går i hovudsak ut på kartlegging/vurdering av behov for abstinensbehandling, nedtrapping av vanedannande medisin, små skadar, belastningsskadar, samtalar, utdeling av medisin og LAR behandling. Prosjekt Unge 18-23 og ODD (overdose prosjekt) er prosjekt i samarbeid med Kriminalomsorga, Helse Fonna. ODD – prosjektet går ut på å førebyggja overdose etter endt soning. Her ligg Sandeid fengsel på topp blant alle fengsel som deler ut Nalokson spray. Det har vore gjort ein stor innsats i dette prosjektet.

Nøkkeltenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Tal innsette som møtte til soning		527	413	456
Legemiddelassistert rusbehandling (LAR)	46	56	29	35
Legemiddelutdeling (Dosettar i snitt pr.veke)	50	46	37	40
Samtalar/konsultasjonar med lege/sjukepl	9531	5530	3867	4123

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

### Legetenesta

I 2018 har det vore to ledige legeheimilar, men i løpet av hausten blei det tilsett legar i begge heimlane. Det har vore behov for å leiga inn legevikar gjennom byrå siste året. Det er til tider utfordrande å få tak i vikarar for helsesekretærane på legekontora. Ein bør sjå på andre løysingar slik at det ikkje blir så sårbart.

### Økonomi

Tenesteområdet hadde eit meirforbruk på kr 2 366 367. Hovuddelen er knytt til ressurskrevande brukarar. Det er også ein del meirforbruk knytt til legeteneste.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.3.2.1	Koordinering kvardagsrehabilitering	Starta opp hausten 2018, med eit tverrfagleg team totalt i 80% stilling. 4 personar fekk tilbod etter oppstart.
6.3.2.2	Reforhandling av dagens fastlegeavtalar	Arbeidet startar opp i januar 2019
6.3.2.3	Investering og overtaking av Seljebakken omsorgsbustader	Arbeidet med dette er utsett til 2019.
6.3.2.4	Etablering av smittevernkontor	Oppstart april 2018.
6.3.2.5	Stilling som psykolog innan helse og sosial	Mottatt tilskotsmidlar i saman med Etne, men det er ikkje avsett eigne driftsmidlar til dette i 2018. Lovpålagt teneste frå 2020
6.3.2.6	Auka tilgjengeleight i helsestasjon og skulehelsetenesta	Helsestasjon/skulehelsetenesta fekk tilskotsmidlar til å styrkja tenesta med 3 årsverk i 2018. Det har vore vanskeleg å få rekruttera helsejukepleierar til Vindafjord. Det har også vore utfordringar knytt til at me har tilsett fagfolk i prosjektstillingar og ikkje faste stillingar. Dette har ført til at mange har slutta, til fordel for andre nærliggjande kommunar som har tilbodd fast jobb. Styrkinga er ikkje vidareført i 2019. Ny søknad vert sendt i 2019 for å kunna oppretthalda allereie starta tiltak i tenesta.

### 6.3.3 Pleie- og omsorgstenester

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Pleie- og omsorgstenesta har eit stort meirforbruk i 2018. På begge omsorgsentra har ein i stort omfang nytta vikarbyrå for å kompensera for stort sjukefråvær og store faglege utfordringar i tenesta i samband med komplekse brukarbehov. Det har i 2018 vore utskiftingar i leiinga i tenesta.

Arbeidsmiljøet vert meldt som bra. Det er stor trivsel blant personalet, og tilbakemeldingar frå besökande og pårørande samt brukarane er stort sett positive.

I 2018 har ein hatt store rekrutteringsutfordringar, spesielt når det gjeld sjukepleiarar. Tenesta har brukt mykje ressursar på sjukefråværsoppfølging og har hatt tett oppfølging av tilsette når det gjeld nærvær og sjukefråvær. Tenesta har også hatt fokus på tilsetjing i større stillingar, leiartettleik og oppfølging. Det er iverksett rekrutteringstiltak for sjukepleiarar og stipendordningar for sjukepleiarstudentar med målsetjing for rekruttering etter endt utdanning. Tenesta vil frametter ha store rekrutteringsutfordringar når ein tek utgangspunkt i alderssamansetninga blant dei tilsette.

Hausten 2018 vart arbeidet med omstillinga av pleie- og omsorgtenesta intensivert. Styringsgruppa for omstillingsarbeidet har bestått av einingsleiarar i helse og omsorg, hovudtillitsvalde, hovudverneombud, personal- og organisasjonssjef og kommunalsjef. Det er gjennomført kartlegging av dei tilsette sine ynskje, kompetanse mm. Det vart også gjennomført eit kurs med tema omstilling for alle tilsette i tenesta. Omstillinga vart ikkje sluttført i 2018, målet er å gjennomføra omstillinga frå integrerte tenester til meir spesialiserte tenester i starten på 2019.

I ny organisering deler ein opp tenestene slik:

Vindafjordtunet - avdeling for demente personar(38 plasser) og ein langtid somatisk avdeling(14 plassar).

Ølen omsorgssenter- ei somatisk langtidsavdeling(16 plasser) og ei korttid/rehabiliterings avdeling (14 plasser)

Heimetenesta- vert samla for heile kommunen og underlagt einingsleiar ved Ølen omsorgssenter, med base på begge sentera.

Vindafjordtunet har etablert vikarpool i 2018 og som har resultert i at frå 2019 kan ein drifta utan bruk av vikarbyrå. Ved Vindafjordtunet har ein auka snittet på stillingsstorleik blant dei tilsette.

For Ølen omsorgssenter har 2018 vore eit krevjande år prega av rekruttering, ny leiing, høgt sjukefråvær, tiltak for å få kontroll over MRSA smitte, samt omorganisering. Eit av smittetiltaka var å ta ned tal på institusjonsplassar ved ØOS, ein har fortsatt ikkje kome opp på normal drift, ein driftar i dag 28 av 30 institusjonsplassar. Ein reknar med at ein vil ta i bruk 30 institusjonsplassar tidlig i 2019.

Kreftsjukepleiarane heiter no kreftkoordinator og arbeider mykje med heimebuande som er i siste fase i livet. Pågangen for tenesta varierte gjennom året. Det er ein tendens at det stadig blir fleire yngre brukarar og større fokus på rehabiliteringsbiten for dei som er blitt frismeldte. Dette viser og gjennom auka samarbeid med skule i kommunen. Kreftomsorga arbeider og på omsorgssentra og gir opplæring og rettleiing til personalet. Dei driftar kafé for kreftramma og deira pårørande i lag med frivilligsentralen.

Hukommelsteamet har i 2018 auka slik at dei no er 2 personar med 20% stilling kvar. Dei arrangerer kveldskafé for personar som er berørt av sjukdomen. Dei har og hatt eit kurs for frivillige som ønskjer å verta aktivitetsven. I 2016 hadde hukommelsteamet 38 oppfølgingar. I 2018 hadde dei 66.

Det er dagsentertilbod for eldre både på Vindafjordtunet og ved Ølen omsorgssenter. I tillegg er det tilrettelagt for dagsenter for heimebuande med demens i eit Inn På Tunet tiltak.

## Økonomi

Tenesta har hatt eit meirforbruk i alle tenester over tid. Totalt meirforbruk er kr 10 760 173. Brukarane har stadig aukande og meir komplekse behov for tenester, både når det gjeld medisinske behov og brukarar med utagerande atferd som krev mykje ressursar.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Heimesjukepleie tal brukarar	337	390	395	391
Tal institusjonsplassar	87	81	82	82
Tal vedtak heimeteneste	375	379	374	384
Praktisk bistand tal brukarar	165	176	178	161

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.3.3.1	Kvardsrehabilitering. Omfordeling innanfor ramma.	Team oppretta hausten 2018.
6.3.3.2	Ferdigstilla driftsgjennomgang innan rammeområdet. Gjennomføra tiltak.	Oppstart omorganisering 18/3/19: Ikke lenger integrerte tenester.
6.3.3.3	Vurdera ØH senger i Vindafjord kommune.	Oppseiing Haugesund kommune, ny avtale med Tysvær kommune frå 2020.
6.3.3.4	Etablera omsorgsbustader med heildøgnsbemannning for eldre.	Behovet er tilstades, og må sjåast i samanheng med budsjett 2020.
6.3.3.5	Ta i bruk førebyggjande heimebesøk som eit praktisk og konkret verktøy for å tilretteleggja for at eldre kan bu lengre heime.	Rutiner er utarbeidd. Vidare arbeid blir iverksett i 2019. Ansvar er lagt til Tenestekontoret.
6.3.3.6	Utvila ordninga med faste vikarar på Vindafjordtunet.	Ordninga er etablert.
6.3.3.7	Styrkja det førebyggjande arbeidet med aktivitetstilbod som aukar evna til å klara seg meir sjølv. Engasjera bebruarane i kvardagsaktivitetar og vurdera tettare samarbeid med frivillige, flyktingar og skular der det er mogeleg.	Må sjåast i samanheng med gjennomføring av tiltaka i Bustadsosial handlingsplan 2018 – 2022 og vil ha fokus på dette gjennom «attraktivitetsprosjektet» .

## 6.3.4 Tilrettelagte tenester

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Eining tilrettelagte tenester gjev tenester etter vedtak heimla i helse – og omsorgstenestlova; avlastning, støttekontakt, heimetenester og bistand i bustad med heldøgnsbemannning. Eininga kjøper også tenester til enkeltbrukarar og har ansvar for BPA ordningar. Eininga består av 3 bufellesskap som gjev heildøgns tenester, miljøarbeidar-teneste og Gnisten; eit arbeids- og aktivitetssenter. I Tilrettelagte tenester er det om lag 100 tilsette, i tillegg til støttekontaktar og familieavlastarar. Tenestene er individuelt tilpassa enkeltmenneske sitt behov. Formålet er å fremja personleg vekst og utvikling, eigemestring og deltaking på lik line med andre i samfunnet.

Nytt bufellesskap som er vedteke får ein auke på brukarar og behov for avlastningshusvære.

Per 31.12.18 hadde eining Tilrettelagte tenester ein sjukefråværsprosent på 10,4%. Eininga har sidan hausten 2016 hatt eit tett samarbeid med IA gjennom eit

nærværsprosjekt som vart avslutta hausten 2018. Der har leiarane saman med tillitsvalde og verneombod utarbeidd handlingsplanar og lagt vekt på systematisk målretta arbeid som skal bidra til eit helsefremjande arbeidsmiljø i avdelingane.

Eininga har gjennomført tilsyn frå Fylkesmannen i november 2017 der rapporten viser ulike avvik på systemnivå. Eininga har levert inn tiltaksplan på korleis ein skal lukka avvika innan fristen 05.02.18. Tiltaksplanen er gjennomført og avvika er lukka i 2018 .

BPA vart lovpålagnad frå 01.01.2015. Eininga har i 2018 hatt 2 ordningar drifta via eit privat firma. BPA kosta eininga i 2018 om lag 1,8 millionar kroner. Ingen av BPA ordningane kjem under ordninga for ressurskrevjande brukarar.

Eininga har også frå januar 2018 kjøpt tenester til ein brukar frå eit privat firma.

Vaktmeisterteamet har 2 årsverk som no vert delvis drifta gjennom tilskotsordning frå Fylkesmannen. Det er ein forventning at kommunen skal fullfinansiera dette frå 2020. Desse to årsverka i vaktmeisterteamet er ein føresetnad for at kommunen skal kunna innfri kravet frå Husbanken for tilskot gitt til finansiering av Gnisten. Vaktmeisterteamet er i full drift. Bygginga av vaskehall tilknytt Gnisten er ikkje iverksett i 2018.

Gnisten har hatt ein auke av brukarar også inne på verkstad/aktivitetene etter flytting i nye lokale, men klarar å ta dette i dei budsjetterte rammene. Framover vil ein ha behov for å tilføra fleire årsverk for å kunna ta imot dei brukarane som har behov for tilbod etter ferdig vidaregåande skulegong. Fleire av desse har store hjelpebehov slik at dersom ein ikkje tilfører nye årsverk på Gnisten, må ein tilby tenestene i bustaden der brukarane bur og då ikkje kunne gje tilbod om arbeid/aktivitet.

Det er fleire born og unge i kommunen med store hjelpebehov som vil ha behov for hjelpetiltak som t.d avlastningstiltak framover. Det er store utfordringar med å skaffa private avlastningsfamiliar. Dette gjer at ein i nokre tilfelle no gjev tilbod om avlastning til små born inne på bemanna bufellesskap.

## Økonomi

Eininga har eit meirforbruk på kr 2 133 248. Årsbudsjettet for 2018 vart redusert med kr 1 million frå 2017. Årsaka til meirforbruket er ressurskrevande brukarar.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Totalt tal brukarar	56	55	56	60
Miljøarbeid	13	11	25	27
Støttekontakt	25	27	27	30
Avlastning	9	10	10	11
BPA	3	4	3	2
Heildøgnteneste i bufellesskap	15	14	13	13
Vaktmeisterteamet – tal deltakarar	-	9	18	18

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.3.4.1	Oppfølgjing av bustadsosial handlingsplan – Byggja 8 nye bustader som erstatning for Seljebakken. – og ta i bruk 4 «nye» omsorgsbustader.	Planleggingsarbeidet er starta opp. Bygging av nye bustader er ikkje starta opp. Tre av dei fire «nye» omsorgsbustadane er tekne i bruk.
6.3.4.2	Etablera fast vikarpool i eininga	Fast vikarpool vart etablert hausten 2018.

### 6.3.5 Barnevernstenesta

#### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Etne Vindafjord barnevernstenesta har opplevd ein sterk vekst i aktivitet dei siste åra. Tenesta har berre i kortare periodar hatt full bemanning. Trenden med mange tilsette i lovfesta omsorgspermisjon held fram, samstundes har ein i periodar hatt særleg stort sjukefråvær - det meste forklarast med forhold som ikkje er knytt til arbeidsplassen.

Tenesta opplever at restansen vekst. Spesielt utfordrande blei det å halda fristen, tre eller seks mnd. på undersøkjingar. Dette var og eit område som hadde fokus under dialogmøte med Fylkesmannen i oktober. Ny vurdering og plan blei utvikla hausten 2018.

Tiltaksperiode er 01.01.19 - 31.03.19. Frå då vil ein løysa oppgåvene innanfor fristen som er sett i lova.

Barnevernstenesta løyer den lovfesta akuttoppgåva utanfor kontortid saman med Tysvær og Sveio. Oppstart av VEST (Vindafjord, Etne, Sveio, Tysvær) barnevernsvakt 01.02.18. Av dei sju som er tilsett i ordninga er to frå Etne Vindafjord, i tillegg til ein vikar.

Barnevernsfeltet er i sterkt utvikling nasjonalt og lokalt. Etne Vindafjord barnevernstenesta deltok hausten 2018 på Tenestestøtteprogram i regi av Barne-, ungdoms-, og familielid direktoratet (Bufdir). Programmet tar sikte på å utvikla tenesta på sentrale område som undersøkjing og hjelpe tiltak. Like viktig er at heile tenesta metodisk jobbar med utviklingsarbeid, som ein også vil dra nytta av i den vidare utviklinga som må skje. Fire kontaktpersonar/sakshandsamarar gjennomfører skuleåret 2018/2019 vidareutdanning tilsvarande 30 STP. Tema er vurdering av barn sitt beste, og juss i barnevernet. Staten dekkjer kostnadane.

#### Økonomi

Tenesta hadde eit meirforbruk ut over budsjettetramma i 2018 på kr 3 904 571.

Meirforbruket gjeld Vindafjord kommune. Budsjettetramma i Etne vart halden.

Overforbruket ligg for det meste på områda tiltak i heimen og tiltak utanfor heimen. Kommunen betalar eigenandel til Staten og kjøper tenester frå private og ideelle aktørar. Når aktiviteten aukar har tenesta også kjøpt fleire tenester. I tillegg har me også kjøpt fleire spesialiserte tenester som har høg kostnad.

Analysen på kvifor ein brukar meir pengar enn budsjettetert er lagt til grunn når ein gjennom 2018 har gjort grep for å senka kostnadane. Her vert nemnt interkommunalt samarbeid med advokattenester og tilsetjing av eigne terapeutar som skal erstatta kjøp av tenester både i og utanfor heimen. Tenesta reknar med å kunna nyttiggjera seg dei statlege støtteordningane for særlege utgifter knytt til flyktningar frå andre halvår 2019. Ein legg opp til at denne prosessen vil skje i samarbeid med andre kommunale tenester. Som døme, og slik barneversleiar forstår kriteria for refusjon. ville ein i 2017 og 2018 ha styrka rekneskapen med mellom 750 000 kr og 1 million kroner.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Mottekne meldingar	88	126	157	128
Fristoverskriding på avklaring av melding	12,5%	4,5%	0%	1,9%
Henlagde meldingar	33	16	27	27
Nye undersøkingar	46	109	140	100
Avslutta undersøkingar	70	99	128	76

Undersøkingar som ikkje var ferdigstilt innan fristen (3 eller 6 mnd.)	57	59	71	49
Nye vedtak om tiltak	37	36	68	37
Ventar på tiltak per 31.12	18	18	32	7
Barn med hjelpetiltak per 31.12.	35	42	54	62
Barn under omsorg	24	26	32	29

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.3.5.1	Tiltaksutvikling	<p>Barnevernstenesta har i 2018 utvida det forpliktande samarbeidet med helsestasjonen om familieteamet. Barnevernstenesta deltar hausten 2018 på Tenestestøtteprogram og frå januar 2019 i læringsnettverk i regi av Fylkesmannen.</p> <p>Ein har ikkje tatt skritt for å gjera forpliktande avtalar med ideelle barnevernsaktørar.</p>
6.3.5.2	Fullelektronisk sakshandsaming og arkiv	<p>Arbeidet haldt fram hausten 2018 og vidare våren 2019. Organisatorisk ramme og metode for korleis dette skal gjerast er avklart, men kommunen manglar framleis digital arkivkjerne.</p> <p>Frå april 2018 blei merkantil-funksjonen flytta til Service- og fellesstenesta. Alle nye saker blir lagt inn fullektronisk i systemet. Me ventar samstundes på at SvarInn/SvarUt-funksjon blir implementert i kommunen.</p>

### 6.3.6 NAV – Kommunal del

Hovudtrekk oppgåver og drift 2018
<p>NAV skal arbeida for å betra levevilkåra for vanskelegstilte slik at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og ha eit meiningsfullt liv i eit sosialt fellesskap. Vidare skal ein gi råd og rettleiing som kan bidra til å løysa eller førebyggja sosiale vanskår.</p> <p>NAV Vindafjord har ansvar for statlege arbeids- og velferdsoppgåver, økonomisk sosialhjelp inkludert krisehjelp og midlertidig husvære, kvalifiseringsprogrammet (KVP), FRAM, økonomisk rådgjeving, gjeldsrådgjeving og flyktningstenesta. I 2018 blei ansvaret for saksbehandling på startlån gjennom Husbanken lagt til NAV.</p> <p><b>Økonomisk sosialhjelp</b></p> <p>I 2018 var utbetaling av økonomisk sosialhjelp i underkant av 5,9 mill. Dette er 200.000 mindre enn i 2017, og i forhold til 2016 er det ein reduksjon i utbetalingar på rundt 1 million.</p>

Noko av forklaringa på den totale nedgangen er at tenesta frå våren 2017 reknar barnetrygd som inntekt ved utmåling av økonomisk sosialhjelp. Ei anna forklaring til nedgangen er at me har busett færre flyktningar i 2017 og 2018 enn i 2016.

Me har likevel hatt ein auke på den ordinære sosialhjelpa. Ein av grunnane til dette ligg i arbeidsmarknaden og auke i levekårs-utfordringane blant dei mest utsette gruppene. Inntektsutviklinga dei siste åra og den forventa utviklinga på arbeidsmarknaden forsterkar inntrykket av fattigdomsproblem og levekårsutfordringane for dei komande åra. Situasjonen tyder på at andelen med låg inntekt blant barn, ungdom og unge vaksne samt innvandrarar vil auka.

I 2018 vert det gjort endringar på den statlege ordninga arbeidsavklaringspengar (AAP). Dette går ut på at det mellom anna vert eitt år kortare tid i AAP ordninga, samt strengare inngangsvillkår. Dette kan slå inn på utbetaling av økonomisk sosialhjelp i åra framover.

### Kvalifiseringsprogrammet (KVP)

Kvalifiseringsprogrammet skal vera med på å auka overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Sjølvforsørging gjennom arbeid er avgjerande for at den enkelte skal koma seg ut av fattigdom og for å motverka fattigdom blant born. Dette er eit viktig arbeid, og tverrfagleg samarbeid vil vera avgjerande då mange av deltakarane vil ha behov for tenester frå fleire i kommunen.

Me har eit team på 3 personar som jobbar med kvalifiseringsprogrammet, rundt 1 årsverk til saman. Utfordringa er å fylla opp programma med meiningsfylt innhald som kan vera med å hjelpe deltakarane på vegen mot eit arbeid. Det er og behov for fleire arbeidstreningsplassar i kommunal sektor, spesielt innan helse.

### Aktivitetsplikt for unge under 30 år/ FRAM

Aktivitetsplikta for unge sosialhjelpsmottakarar under 30 år vert innført i januar 2017. Formålet med aktivitetsplikta er å styrkja dei unge sin moglegheit for overgang til arbeid, utdanning eller bli sjølvforsørga på anna vis enn ved økonomisk stønad.

I oktober 2016 etablerte NAV Vindafjord FRAM, ein aktivitet for unge vaksne under 30 år som har økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt. Målet er å få dei unge i arbeid eller utdanning og ut av økonomisk sosialhjelp. FRAM held til i 2. etasje i «den gamle brannstasjonen», og det er behov for nye lokaler i 2019.

Det har sidan 2016 vore ein jamn nedgang på unge under 30 år som har hatt behov for oppfølging frå NAV. I løpet av 2018 har det vore 19 personar på tiltaket FRAM. Av desse har det vore 9 stk som har hatt aktivitetsplikt etter sosialtenestelova. Fleire av desse har i løpet av året gått over til andre ytingar. Me har og frå hausten 2018 opna for deltakarar over 30 år. Hausten 2018 besto deltakarane i hovudsak av personar med minoritetsbakgrunn.

Tal på deltakarar som har møtt på FRAM	19
Aktivitetsplikt etter sosialtenestelova	9
Overgang til arbeid	7
Overgang til andre tiltak	7
Overgang til behandling	1
Fortsett på FRAM 2019	2
Avbrutt	2
Fått tilbod, aldri møtt	6

Målet frametter er å auka tilbodet til 5 dagar i veka.

## Flyktingtenesta

Det vart busett 10 flyktningar i 2018.

Det er i perioden 2016- 2018 auka opp bemanninga i flyktingtenesta med 1,6 årsverk, ein 100 % stilling med fokus på økonomi og arbeid, og ein 60 % stilling som familiekonsulent. Desse stillingane dekkast av integreringstilskotet.

Det var 39 deltagarar i introduksjonsprogrammet per 31.12.18. Dei fleste får tilbod om 3 år. Regjeringa har eit målta på at 55% av elevane som startar i introduksjonsordninga skal etter 2 år starta i ordinær utdanning eller ordinært arbeid. I 2016 starta 29 personar i introduksjonsordninga, og av desse var det 17% som nådde målet om ordinær utdanning/arbeid i 2018.

Kvalifisering til ordinær utdanning og arbeid er ei stor utfordring. Mange av dei elevane som har starta på Helsefag og Barne- og ungdomsarbeid opplever at dei ikkje kjem i mål. Ei av årsakene til dette er at dei har språkutfordringar som gjer at det tar lenger tid å bli klar for å starta som lærling, og praksisperioden vert difor lenger. Erfaringa viser at einingane ikkje har kapasitet til å tilretteleggja for dette slik situasjonen er no. NAV opplever at dei elevane som utdannar seg innan servicefag og yrkessjåfør har ein større sjanse for å lukkast og koma seg ut i ordinært arbeid etter endt utdanning.

Det er og ei generell utfordring å få elevane ut i språkpraksis, då det er «venteliste» for å få praksisplass. Det er eit mål at elevane skal kunna læra språket i ein kombinasjon med aktivitet i arbeidslivet. Det vil også sikra ei innføring i rammer og reglar i det norske arbeidslivet. Det er difor eit behov for å få tak i fleire praksisplassar både privat og offentleg.

NAV opplever at fleire elevar er bekymra for om det er jobb å få i denne regionen, og då det er ei utfordring å finna praksisplassar eller læreplassar og det opna for moglegheit å ha praksisplassar i andre kommunar. Det er Vindafjord kommune som har ansvaret for oppfølginga. Målet er at flest mogleg skal få mogleheter til å få seg arbeid lokalt slik at dei kan busetja seg i kommunen.

I hovudsak så har ein dei siste åra busett flyktningar nær Ølen sentrum. Dette av praktiske årsaker som blant anna plassering av vaksenopplæringa. Det er spesielt barnefamiliar som kan få utfordringar med å levera i barnehagen og nå skulen til kl. 9, då tilbodet om kollektivtransport ikkje er like godt i heile kommunen. Me ser framover no at me må leggja til rette for busetjing i fleire bygder enn Ølen, då det er ei utfordring å få plass i barnehagen i Ølen.

## Økonomi

Nav-kontoret, kommunal del, har eit mindreforbruk på kr 648 810. Resultatet er samansett av eit meirforbruk på ytingar til livsopphald (sosialstønad) om lag 400 000 kroner, medan intro-ordninga har eit mindreforbruk på om lag 1 mill kroner.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Tal som mottar økonomisk sosialhjelp	144	183	160	154
- under 18 år	0	0	0	0
- 18 – 24 år	40	47	40	30
- 25 – 44 år	65	96	84	83
- 45 – 66 år	39	39	36	39
- 67 år +	0	1	0	2
- Unge under 30 år	59	80	73	54

Klientar med forsøgjaransvar for born under 18 år	42	58	64	53
Deltakarar kvalifiseringsprogrammet	4	5	2	2
Disponeringsavtalar økonomi	25	34	37	31
Avtale om aktivitet unge under 30 år	-	-	30 av 57	25 av 30

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.3.6.1	Innføring av «ventelønn» flyktningar i påvente oppstart i introduksjonsprogrammet.	Venteløn er ikkje innført i 2018. Vil jobba vidare med dette i 2019
6.3.6.2	Eit nytt årsverk knytta mot KVP og aktivitetsplikt. Innanfor gitt ramme.	Gjennomført ved omdisponering innanfor ramma
6.3.6.3	Vurdera å overføra stillinga som programrådgivar til vaksenopplæringa	Dette er vurdert. Stillingsa vert ikkje overført til vaksenopplæringa.
6.3.6.4	Arbeida for å etablera fleire praksisplassar i bedrifter i kommunen	Vil jobba vidare med dette i 2019
6.3.6.5	Bidra til gjennomføring av arrangementet mitt fargerike nabolog	Gjennomført
6.3.6.6	Rullering av tiltaksliste for busetjing, kvalifisering og integrering	Planen skal reviderast i 2019
6.3.6.7	Rullering av handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme	

## 6.4 Rammeområde Forvaltning, Drift og Utvikling

### 6.4.1 Felles for rammeområde

Hovudtrekk oppgåver og drift 2018
Rammeområde omfattar einingane Areal og forvaltning, Kommunaltekniske tenester, Reinhald og Brann og redning.
God og framtidsretta samfunnsutvikling og rett og forsvarleg forvaltning av kommunal eigedom er hovudoppgåvene.
I 2018 blei det arbeidd med bustadanalyse for heile kommunen og sentrumsanalyse for Skjold starta opp. Arbeidet skal vera ferdig våren 2019. Desse skal vera grunnlag for kommuneplanrevisjonen som skal starta opp i forkant av kommunestyrevalet til hausten.
Bustadanalsysen skal og vera grunnlaget for utarbeiding av ein bustadstrategi for kommunen.
Svært mange store investeringsprosjekt har prega dette rammeområdet og gjer at kommunen går inn i ein svært spanande tid der mange tenesteområde får nye bygg og ny organisering. Dette er også utfordrande. Arbeidsomfanget aukar gjennom fleire utbyggingar utan at driftsmidlar, vedlikehaldsmidlar eller tal på årsverk aukar tilsvarende.
I 2018 starta arbeidet med å revidera den kommunale trafikksikringsplanen, der eit av måla er å bli ein trafikksikker kommune. I arbeid med planen har det i 2018 vore utstrakt medverknad frå alle grenadutval, FAU, SU, skule og elevar.
Kommunaltekniske tenester legg opp til å få planen vedtatt på våren 2019. I etterkant av vedtak startar arbeidet om å oppnå status som trafikksikker kommune.
Kommunen skal vera god på verdiskaping og næringsutvikling og på å oppretthalda og

vidareutvikla landbruket. Vil her særleg trekka fram arbeidet med Nerheim næringsområde i 2018.

Kommunen skal vera ein målstyrt og utviklingsorientert organisasjon, og som møter innbyggjarane lyttande og løysingsorientert. Sjå under kap 4 for dei to prosjekta attraktivitetsprosjektet og tettstadprosjektet som vil vera viktig for attraktiviteten i heile kommunen og Ølen sentrum spesielt.

Haugaland Brann og Redning IKS vart oppretta frå 1. juli 2018. Tilsette i administrasjonen i Etne og Vindafjord brann og redning har blitt overført til selskapet, men heilt fram til nyttår har det falle oppgåver til kommunen etter gamal modell, og det er jobba mykje med implementering frå begge sider.

## Økonomi

	Regnskap 2018	Budsjett 2018	Just budsj 2018	Avvik	%- forbruk
<b>Utgifter</b>	109 347 257	91 284 121	93 514 649	-15 832 608	116,9
<b>Inntekter</b>	-60 695 535	-46 373 080	-48 162 918	12 532 617	126,0
Netto utgifter	<b>48 651 721</b>	<b>44 911 041</b>	<b>45 351 731</b>	<b>-3 299 990</b>	<b>107,3</b>

Rammeområdet har eit negativt avvik på kr 3 299 990. Ein stor del av meirforbruket er knytt til planarbeid, byggesak og oppmåling, mellom anna ved svikt i inntektene. Kommunaltekniske tenester har meirforbruk på drift og vedlikehald på bygg og veg. Reinhaldseininga har oppnådd mindreforbruk. Vidare har brann- og beredskapstenestene hatt meirforbruk.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.4.1.1	Gjennomføra tettstadsprosjektet Ølen sentrum	Sjå under kap. 4 Satsingsområde og punkt 4.1.1
6.4.1.2	Bustadsanalyse i heile kommunen, inkludert sentrumsanalyse for Skjold	Sjå under areal og forvaltning
6.4.1.3	Sertifisera kommunen som Trafikksikker kommune	Sjå under kommunaltekniske tenester
6.4.1.4	Utarbeida marknadsføringstiltak	Arbeid i attraktivitetsprosjektet. Sjå under kap. 4 Satsingsområde og punkt 4.1.1
6.4.1.5	Utarbeida strategi for folkehelsearbeidet	Sjå under kap. 4 Satsingsområde og punkt 4.1.3

## 6.4.2 Areal og forvaltning

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Eininga jobbar med sakshandsaming etter blant anna plan- og bygningslova, forureiningslova, eigarseksjonslova, matrikkellova, jordlova, konsesjonslova, skoglova, viltlova og naturmangfaldlova, samt forvaltning av ulike tilskotsordningar innan landbruk.

Handsaming av søknader og planar, å yta god service og gi god rettleiing til kundar innanfor alle fagområda er viktig del av vår arbeidsdag. Me arbeider for eit aktivt landbruks-/skogbruksmiljø, positiv samfunnsutvikling med tilrettelegging av nye tenlege bustad- og næringsområde. Vidare utarbeider me kommuneplan og kommunale reguleringsplanar m.m.

Eininga har både kommunale og private planar til handsaming. I løpet av 2018 har eininga brukt mykje tid på reguleringsplanar for Nerheim næringsområde, Søndenå bustadområde (kommunale planar) og Ølensvåg (delvis kommunal). I løpet av 2018 har eininga lagt fram seks planar til førstegongs handsaming og to planar til andre gongs handsaming i formannskapet og vedtak i kommunestyret.

I byrjinga av året blei det leigd vikar for å ta unna byggesaker grunna sjukdom og tidsfristar på eininga. Også dette året har det vore stor pågang på søknadar om tiltak i strandsona (til dømes naust og brygger). Det er ikkje ressursar til å gjennomføra for lovpålagt tilsyn etter plan- og bygningslova. På kart og oppmåling kjem det inn jamt med saker, men færre oppmålingssaker i 2018 samanlikna med tidlegare år.

Eininga har fokus på kompetanseheving gjennom deltaking på kurs, konferansar og i interkommunale nettverk. Samarbeid på tvers av kommunane er nyttig for å etablera gode og nyttige nettverk i distriktet, dela erfaring og auka kompetanse innanfor fagområda.

Areal og forvaltning har arrangert dialogmøte med både landbruksnæringa og plan- og byggnæringa. Formålet med møta er at kommunen og næringane kan utveksla kunnskap, dela erfaring og diskutera utfordringar innanfor fagområda.

Eininga har lågt sjukefråvær. Yoga for alle på eininga eit kvarter to gonger i veka bidrar til at typiske belastningskader blir mindre.

## Økonomi

Eininga har 16 årsverk. Nokre av eininga sine tenester vert finansierte gjennom gebyr. Kvart år utarbeidar kommunen sjølvkostkalkyler. Det er politisk vedtatt at byggesak og tilsyn av privat avløp skal vera 100% sjølvkost. I 2018 oppnådde eininga sjølvkost på privat avløp, men ikkje på byggesak.

Eininga hadde totalt sett eit meirforbruk i 2018 på om lag 500 000 kroner. Dette skuldast lågare inntekter på gebyr enn venta innanfor tenesteområda plan, bygg og oppmåling. Det er utfordrande å gi prognose for inntektsnivået på desse tenesteområda, då det er knytt usikkerheit til aktivitetsnivået og saker som kjem inn. Meirforbruket skuldast også arbeidet med reguleringsplanen for Nerheim næringsområde. Eininga har dekka utgifter knytt til innkjøp av konsulenttenester både til utarbeiding av reguleringsplanen og teknisk plan.

Kommunale planoppgåver gir ingen gebyrinntekter og gir mindre ressursar til handsaming av private planar. Ølensvåg-planen er ein områdeplan, og gir dermed ikkje gebyrinntekter til kommunen.

Handsaming av klager på byggesaksvedtak og krav om retting i matrikkelen gir ikkje inntekter, men tek tid å sakshandsama.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet Sakshandsaming	2015	2016	2017	2018
Nye bustader og tilbygg / Nye fritidsbygg og tilbygg	70	89/18	55/11	35/22
Ferdigattestar/mellombels bruksløyve	69	82	78/11	67/23
Oppmålingssaker/krav om retting i matrikkelen	106/21	94/30	100/19	80/17
Vedtekne reguleringsplanar	8	4	8	2
Planar under arbeid	9	9	7	12
Produksjonstilskot	-	-	380	386
Regionalt miljøprogram	196	197	216	231
Innovasjon Noreg	11	13	19	18
Miljøtiltak landbruk/skogbruk	30/18	24/12	36/29	69/13
Jordlovsaker	19	8	8	8
Landbruksvegar	22	10	16	14

Nøkkeltala for eininga seier noko om saksomfanget og endringar frå år til år på nokre område, men ikkje noko om total arbeidsmengde.

Sakshandsaming for nye bustadar og tilbygg var i 2018 totalt 35, derav 16 var nye bustadar. Det var betydeleg mindre samanlikna med 2017. I 2017 var sakshandsaming for nye bustadar og tilbygg totalt 55, derav 41 var nye bustadar.

Det er litt færre oppmålingssaker i 2018 samanlikna med åra før. Det skuldast at det var ingen store utbyggingsfelt som vart oppmålt i 2018. Det var også ein nedgang i vedtekne reguleringsplanar i 2018 samanlikna med 2017, mens talet på planar som er under handsaming er større.

Det har vore ein auke i behandling av innovasjonssaker dei siste to åra. Frå og med 2017 har Innovasjon Norge gitt tilskot til bygging av gjødsellager, difor har tal saker til Innovasjon Norge i 2017 og 2018 auka.

I 2018 var det ein betydeleg auke i tilskot innan miljøtiltak i landbruk. Dette skuldast hovudsakelig tilskot til grøfting. God informasjon og rettleiing kan vera årsaka til at tal jordlovsaker har gått ned. Det er stor aktivitet på bygging av landbruksvegar.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018			
6.4.2.1	Starta/ vidareføra og/eller slutføra pågåande kommunale planoppgåver i samsvar med oversikta under som også viser fordeling av planar i heile perioden.	Sjå status i tabell og tekst under.			
Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger <i>Merknadar til planen er til behandling i departementet</i>		2018	2019	2020	2021
Områdeplan Ølensvåg <i>Planforslag utarbeidd i samarbeid med Omega Areal/Ølensvåg utvikling. Offentleg ettersyn med høyringsfrist september 2018. Jobbar med å løysa motseigner.</i>					
Revisjon av kommuneplan med utarbeiding av bustadanalyse <i>Arbeid med planprogrammet er utsett og vil første starta i 2019.</i> <i>Tildelt konsulentoppdrag for å gjennomføra bustadanalyse inkludert sentrumsanalyse for Skjold i mars 2018. Oppstartsmøte i april og statusmøte med konsulent i juni og i desember.</i>					

	Kommunale retningsliner for campingplassar  Nerheim næringsområde <i>Kommunen starta arbeidet med å løysa motsegner i januar 2018. Planforslaget la opp til store mengder overskotsmassar. Det blei behov for å undersøkja berggrunnskvaliteten og justera planforslaget. Endeleg ferdigstilling av rapport om berggrunnskvalitet oktober 2018. Forprosjekt teknisk plan starta hausten 2018.</i>			
	Endring Søndenåfletet <i>Reguleringsplan, utarbeid av konsulent på oppdrag frå kommunen, var første gongs behandla i februar. I høyringsperioden mottok kommunen nytt planforslag frå grendeutvalet. Dette planforslaget vart første gongs behandla oktober 2018 og sendt på høyring.</i>			
	Ny veg og barnehage mellom byggefelt i Isvik		■	
	G/s-veg Knapphus – Kårhus			■
6.4.2.2	Utarbeida bustadanalyse med sentrumsanalyse for Skjold	Sjå status i tabell og tekst over		
6.4.2.3	Omlegging av tilskotsrutinar, landbruk	Eininga har tatt i bruk nye elektroniske system for produksjonstilskot. Produksjonstilskot vert nå utbetalt ein gong i året. Risikobasert kontroll (minimum 10 % av søknadsmassen) skal utførast i samsvar med eininga sin kontrollplan for aktuelt søknadsår, og ikkje rett etter søknadsomgang som tidlegare.		
6.4.2.4	Arbeida fram moglege samarbeidsløysingar for landbruksforvaltninga på Haugalandet	Samarbeidsløysing med kommunar på heile Haugalandet er forsøkt, men har førebels ikkje lukkast.		
6.4.2.5	Pilotprosjekt klimaskog	Prosjektet er gjennomført. Det var i 2018 planta ca. 499 daa fordelt på 15 eigedomar.		
6.4.2.6	Oppfølging av vassdirektivet gjennom prosjekt Vatsvassdraget, arbeid i heile kommunen for reduksjon av forureining frå husdyrgjødsel og effektuering av handlingsdelen til hovudplan vatn og avløp	Konsulent har gjennomført overvaking av Vats- og Landavatnet i 2018 på oppdrag for Haugalandet vannområde. Resultat kan tyda på at iverksette tiltak i nedbørfeltet har hatt effekt.		
6.4.2.7	Oppretta samarbeidsgrupper på tvers av fag for å få fram standardiserte rutinar og føresegner	Eininga hatt fleire enkeltprosjekt. Frå våren 2018 blei det innført tverrfaglege interne møte for å betra samordning og samarbeid på tvers i saker.		
6.4.2.8	Gjennomføra tiltak i samsvar med handlingsplan knytt til medarbeidarundersøkinga med mål om betre kompetanseutvikling	6 av 8 tiltak er igangsett.		
6.4.2.9	Forbetring av byggesakprosess med løysing for tilsynsarbeidet	November 2018 vedtok kommunen å kjøpa nytt system som forbetrar prosess for byggesak, plan og oppmåling.		

		Det har ikkje vore ressursar til å gjennomføra lovpålagt tilsyn.
6.4.2.10	Prosjektstilling tilsyn og handsaming av private avløpsanlegg.	Tilsetjing vart gjennomført våren 2018, og prosjektstillinga starta 01.05.2018.

### 6.4.3 Kommunaltekniske tenester

<b>Hovudtrekk oppgåver og drift 2018</b>	
Eininga omfattar drift, vedlikehald og utbygging av vegar, vatn- og avlaupsanlegg, og eigedomsforvalting, drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygg og grøntområde.	
Administrativt har året vore prega av arbeid knytt til dei store investeringsprosjekta til kommunen. Elles er det brukt mykje ressursar på innføringa av digitalt FDV-system, arbeid knytt til brannen på Skjold skule, tilsetjingar, og oppfølging av ulike tilsyn, i tillegg til dei meir vanlege oppgåvene med oppfølging av drift og vedlikehald, samt politiske vedtak.	
Eininga har svært lågt korttidssjukefråvær, og har nådd måltalet for sjukefråvær for 2018. Sjølv om arbeidsdagen til driftsoperatørane på VA og fagarbeidarane på bygg inneholder risikoelement, er det minimalt med skader i eininga. Det er per 31.12 registrert 11 avvik under handsaming.	
Kommunalteknisk har mange utbyggingsoppgåver innan både bygg- og VA-sektoren i tillegg til sakshandsaming, drift og vedlikehald. I planprosessar og i private utbyggingar er eininga sterkt involvert. Ein ser at eininga ikkje er rett dimensjonert for arbeidsmengda, noko som fører til manglande tilbakemeldingar på førespurnadar, lang sakshandsamingstid, og at prosjekt må utsetjast.	
Å ta vare på og vidareutvikla fagmiljø med god allmenn communalteknisk kompetanse er viktig for å fylla dei forventingar eininga blir møtt med, og for å vera budd på dei utfordringar som framtida vil gi. Ein ser at det er krevjande å rekruttera. Kommunalteknisk konkurrerer med privat næringsliv om arbeidskrafta, og kommunalt lønnsnivå kjem då ofte til kort. Særleg gjeld dette yngre søkerar.	
Det er ei klar utfordring at arbeidsomfanget til eininga aukar gjennom fleire utbyggingar utan at driftsmidlar, vedlikehaldsmidlar eller tal på årsverk aukar tilsvarande. Når budsjettet i tillegg ikkje blir prisjustert, er resultatet at handlingsrommet minkar år for år og ein klarar ikkje følgja dei krav og retningslinjer som gjeld.	
Tabellane nedanfor viser ei kort oppsummering av nokre av oppgåvene og/eller tiltak som er utført i løpet av året. Lista er ikkje uttømmande. For informasjon om dei mange investeringsprosjekta eininga arbeider med, sjå kap 5 Investeringar.	
<p><b>Veg:</b>  Lengda communal veg aukar, men auken i veglengd er ikkje følgt opp med tilsvarande auke i midlar til drift og vedlikehald. Store nedbørsmengder har ført til at ein har vore nødt til å utføra akutte reparasjonar på fleire vegar. Det er stort etterslep på grusing og grøfting av vegar og vedlikehald av mellom anna kantstein, rekksverk, bruver og kaiar. Det er store forventningar til standard på vintervedlikehald i kommunen, og ein mottek relativt mange klager på dette trass i at det vert brukt mykje ressursar på arbeidet. Manglande ressursar til vegvedlikehald medfører redusert trafikktryggleik i kommunen.</p>	

**Bygg:**

Det er stort etterslep i vedlikehald av kommunal byggmasse. Eit svært stramt driftsbudsjett gir lite rom for nødvendige tiltak innan drift og vedlikehald. Ein har heller ikkje tilstrekkelege midlar til å få utført dei servicar og tilsyn som skal og bør gjerast, samt påfølgjande retting av avvik. Situasjonen vert ytterlegare forverra ved at byggmassen aukar utan at eininga får tilført tilsvarende stillingsheimlar eller drifts- og vedlikehaldsmidlar.

FDV-program er kjøpt inn og arbeidet med å ta det i bruk er godt i gang. Arbeidet vart i 2018 konsentrert rundt bygg med døgndrift. I august vart programmet opna for at alle einingar kan melda inn oppgåver i systemet. Programmet bidrar til å sikra betre oversikt over arbeidsoppgåver, tilgang på informasjon og oppfølging av dokumentasjonskrav.

Brannen på Skjold skule 1. mars har medført mykje ekstraarbeid, og det vart i ein periode henta inn ekstrahjelp for at dette ikkje skulle gi for stor belastning på eige personal eller gå for mykje utover tenesteproduksjonen elles. Så langt er kostnadane knytt til brannen ca 8 millionar kroner. Den brannskadde delen av bygget vart rive i sommarferien. Nå arbeider ein med å avklara gjenoppbygging samtidig som forsikringsselskapet gjer vidare undersøkingar rundt brannårsaka. Resultatet av undersøkingane kan få innverknad på erstatningsoppgjeren. Det vil bli ein lang byggeperiode framover for å gjenoppføra bygget.

For driftspersonalet er særleg sommarhalvåret krevjande, med mykje sesongprega arbeid. Det er for eksempel utfordrande å halda grøntanlegga til kommunen tilfredsstillande i stand, og dette er noko innbyggjarane legg merke til.

**Vatn og avløp:**

Arbeid med lekkasjesøk er eit prioritert område for drifta. Totalt har ein i 2018 funne og reparert 20 vasslekkasjar, fleire av desse var store lekkasjar.

Sommaren var spesielt krevjande pga. den lange perioden utan nedbør. Det vart innført vatningsforbud i Skjold, Vikedal og Vats og forbod mot bruk av vass-spreiar i Vikebygd og Sandeid. Tiltaka som har vore gjort, og som pågår, på leidningsnettet i Sandeid har hatt god effekt, og gjorde at ein slapp i innføra meir omfattande restriksjonar på vassforbruket.

Det vert kontinuerleg arbeidd med å få kartlagt og innmålt leidningsnettet vårt, samt å forbetra informasjonen som allereie er registrert. Dette arbeidet er viktig i samband med lekkasjesøk, planlegging av nye prosjekt og for å kunna gi god informasjon til publikum og entreprenørar.

Investeringsprosjekta innan VA er i hovudsak samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen, der me arbeider for å følgja deira framdriftsplanar for dei store utbyggingane som er under prosjektering i kommunen. Meir informasjon om dette er å finna i kapittel 5 Investeringar.

Hovudplan for vatn og avløp viser store investeringsbehov i framtida. Arbeidet med å redusera lekkasjar på vassleidningsnettet vil vera viktig framover med tanke på leveringssikkerheit og økonomi.

**Bygg, eigedom, grøntområde, veg**

<b>Bygg / stad</b>	<b>Tiltak</b>
Vindafjordtunet – og Ølen omsorgsenter, Bufellesskapet i Sandeid, Seljebakken, Hauane og Vats barnehage	Utført el kontroll og lukka avvik etter kontroll
Vikedal skule	Lukka avvik etter tilsyn
Imsland skule	«
Rådhuset – NAV avd.	Lukka avvik som ikkje blei utført under oppføring av familiens hus
Bjoa barnehage	Nye LED-lys i gang
Diverse bygg	Veldig mange nøklar som er på avvegar, blir stadig kjøpt inn nye nøklar
Vindafjordtunet	Tømt fettavskiljar
Diverse bygg	Skjeggkre og sølvkre
Bjoa skule	Reparasjon etter innbrot
Skular og barnehagar	Periodisk kontroll av leikeapparat Lukking av avvik etter kontroll
Vindafjordhallen	Eigenandel lekkasje i underetg.
Bjoa skule	Innstallert 1 stk varmepumpe
Sandeid barnehage	Nytt gjerde bak barnehagen
Vindafjordtunet	Bytta sirkulasjonspumpe
Diverse bygg	SD-anlegg – oppgradering/vedlikehalds-arbeid/undersentralar
Vikedal skule	Nye CO2 målar og temperaturfølarar
Ølen omsorgsenter	Energimålar
Skjold barnehage	Opprettning av feil ved varmegjenvinnar
Ølen omsorgsenter	Oppgradering av nødlyssentral
Vindafjordtunet	Oppgradering av diverse golvbelegg
Bufellesskapet i Sandeid	El opplegg for kontor i bustad
Vindafjordtunet	Bytta kodelås/sylinderar, lekkasje i kjøle til bårerom, ny tofløya dør
Hauatun	Maling og vask av bygget utvendig
Seljebakken	Ny beredar
Heisar i bygg	Reparasjon etter service og kontroll utført av leverandør og heiskontroll
Vindafjord rådhus	Bytta kompressor i datarom
Imsland skule	Vask og maling av to sider av bygget.
Kommunale bustadar Sandeid	Maling og vask av 2. etg, utvendig + nytt boss-stativ
Hauatun	Oppgradert varmepumpe
Sandeid skule	SD-anlegg, ny undersentral
Skjold skule	Ein del ekstra utgifter i samband med brann, eks utelamper, lyskilder ved Skjold arena
Rådhuset	Utgifter i samband med nye kjøleaggregat til datarom
Ølen symjehall	Vedlikehald av symjehall. Kol til filter, biorens, legionella
Teknisk bygg	Nye fliser i 1.etg.
Kolerakyrkjegard Bjoa	Tilskot til rydding av kyrkjegard

## Vatn og avløp

Skjold	Montert frekvensomformarar i trykkforsterkingsstasjon
Vats	Seinka vassleidning gjennom elv pga. frostsikring
«	Skifta 3 stk kummar
Vikedal	Sett ned 2 stk kummar
Ølen	Skifta og utbetra 3 stikkrenner
Alle bygder	Tømt sandfang

.

## Økonomi

Aukande driftsomfang og aukande driftskrav gir store utfordringar når ikkje budsjettmidlane blir justert tilsvarende. Trass i eit lågt drifts- og vedlikehaldsnivå, varsla ein tidleg om betydelige overskridinger ved årets slutt. Store delar av meirforbruket vert dekka av ekstraløyvinga på 2 millionar kroner i KS-sak 040/18 i tillegg til større leigeinntekter frå Dommernes og høgare husleigeinntekter enn budsjettet. Likevel viser resultatet eit betydeleg overforbruk

### Veg

Overskridingane kjem i hovudsak pga. at budsjettet ikkje gjenspeilar faktisk kostnadsnivå. Kostnadene til vintervedlikehald og straum er høge. Resultatet er eit overforbruk på 10%. Været spelar sterkt inn og gir eit uføreseieleg kostnadsbilde som raskt endrar seg.

### Bygg

Eininga har, som tidlegare år, hatt store ekstrautgifter knytt til husleiger i samband med overtaking av bustad(ar) i Vikedaltunet og leige av brannstasjon på Sandeid. Dette, i tillegg til høge kostnadene i samband med smittehandtering på omsorgscentra, fører til eit driftsunderskot for området på ca 9% for bygg, sett bort frå kostnadane med Skjold skule.

### Vatn og avløp

Vatn har eit overskot på ca 840 000,- som vert ført til driftsfond. Kloakk har eit underskot på ca 1 560 000,- som vert dekka av driftsfond. Gebyrinntekter er noko høgare enn budsjettet for begge områda, medan tilknytningsavgifter er noko lågare enn budsjettet. Eininga arbeider aktivt med å kartleggja «gratispassasjerar» og moglege abonnentar.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Lengde kommunale vegar, lm	101 984	102 306	102 646	102 769
Areal kommunal bygningsmasse eks. VA	63 784	62 586	62 586	64 622*
Produsert vatn kommunale vassverk, m3	1 207 004	1 282 000	1 320 983	1 329 040
Straumforbruk kommunale bygg, kWh	9 983 895	10 325 110	**	**
Fornya vassleidning, lm	560	2 430	545	834
Vassabonnentar	2 186	2 206	2 280	2 328

\*Fjellstøl, Skjold barnehage og retting av feil \*\*Har ikkje tal på forbruk pga. skifte av straumleverandør, og dermed dårlig datakvalitet.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.4.3.1	Få ned lekkasjeprosent på vassleidningsnettet.	20 lekkasjar reparert til nå i år. Lekkasjeprosent per 31.12.18 er 3 prosentpoeng lågare enn per 31.12.17.
6.4.3.2	Alle bygg med døgndrift i FDV-program	FDV-program er kjøpt inn og er i dagleg bruk. I august vart programmet opna for at alle einingar kan mælda inn oppgåver i systemet. Alle døgndriftsbygg har fått melding om at dei kun skal nyta FDV-programmet ved innmelding av oppgåver som er ønska utført. Eininga arbeider kontinuerleg med å forbetra informasjonen som er registrert i programmet.
6.4.3.3	Alle helsebygg i FDV programmet	2019
6.4.3.4	Resterande bygg i FDV-program	2020
6.4.3.5	Kartleggja trafikksituasjon rundt skulane	Det er gjennomført møte med skular, SU, FAU og grenaudval. Det er også gjennomført Barnetråkk på alle skular.
6.4.3.6	Revidera trafikksikringsplan	Pågår

#### 6.4.4 Reinhald

Hovudtrekk oppgåver og drift 2018
Eininga har 36 tilsette fordelt på 25 årsverk totalt (adm. 1,1, vaskeri 1,35 og reinhald 22,55 årsverk).
Tenesteområdet utfører dagleg - periodisk og hovedreinhald på alle kommunale bygg. Reinhalde av gongar, fellesareal og vindauge på omsorgsbustader + golvpleie og utvask på bufellesskap.
I august flytta Skjold barnehage inn i nytt tilbygg på 609 m <sup>2</sup> , som gav ein auke av reinhaldsareala i barnehage frå 3303 m <sup>2</sup> til 3883 m <sup>2</sup> . Totalt utgjer dette godt og vel 50000 m <sup>2</sup> reinhaldsareal.
Ved utflytting frå kommunale bustader kontrollerer eininga desse, og reingjer om nødvendig. Ein del av reinhaldet me utfører vert økonomisk fordelt mellom kommune og stat / fylke. Eininga sel også reinhaldstenester til nokre eksterne byggeigarar.
I tillegg sel eininga reinhald til private som ynskjer å leige reinhald ved utflytting av kommunal bustad.
Tenesteområde omfattar også vaskeriet som ligg på Vindafjordtunet. Her blir privattøy til bebruarane på begge omsorgssentera vaska, i tillegg til dyner, puter, gardiner, dukar osb. 2 dagar i veka vert skittent / reint tøy frakta mellom sjukeheimane.
Det har i løp av 2018 vore nokre nye oppgraderinger på vaskeriet.

Økonomi
Årsregnskapen viser eit mindreforbruk på kr 369 814. Dette til tross for eininga har mått ha ekstra reinhald i helgene på Ølen omsorgssenter fram til september måned.

Eininga prøver å spara på inntak av vikarar, så godt det let seg gjera, ved sjukdom og ferieavvikling. Einingsleiar er delaktig i vikariat, eller som hjelp ved større reinhaldsoppgåver.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.4.4.1	Fullføra arbeidet med å få på plass ein maskin for desinfisering av tøy på Vaskeriet.	Det vert vurdert å få på plass ein barrieremaskin. Det krev noko ombygging og ev auke i straumkapasitet.
6.4.4.2	Materialval som har enkelt vedlikehald, og låge vedlikehaldskostnader i ettertid	Det vart i 2018 utarbeidd eit forslag til interkommunal reinhaldsnorm for materialval i reinhald si nettverksgruppa på Haugalandet.
6.4.4.3	Oppretthalda eit økonomisk forsvarleg reinhald	Det vil verta ein gjennomgang av alle stillingar i Ølen sentrum i samband med opning av nye bygg i Ølen. Her vil ein sjå på om me kan få til å effektivisera reinhaldet noko meir
6.4.4.4	Sjukefråværsoppfølgjing – Ergonomikurs	Reinhald hadde eit sjukefråvær på 7 % i 2018. Det vert lagt vekt på ergonomi ved tilsetjing av ny medarbeidar

#### 6.4.5 Brann og Redning

Hovudtrekk oppgåver og drift 2018
Vindafjord har i 2018 overført tenesta til Haugaland brann og redning iks. Tilsette i administrasjonen i Etne og Vindafjord brann og redning har blitt overført til selskapet, men heilt fram til nyttår har det vore oppgåver knytt til både «gammal» og «ny» organisering. Dette har gjort produktiviteten vesentleg mindre enn tidlegare år, som blant anna har resultert i færre utført tilsyn i særskilte brannobjekt. Ny organisering vil gjera denne tenesta meir robust og reknar med at dette tilsynet vil bli langt lettare å følgja opp etter opprettning av Haugaland brann og redning IKS. Beredskapsmessig har det vore eit travelt år. 5 bygningsbrannar, fleire pipebrannar, 15 trafikkulykker og ei aukande mengde helseoppdrag er hovudtrekka frå oppdraga dette året. Til tross for ein svært tørr periode i sommar, så var det få naturbrannar å handtera.

Økonomi
Inn mot overgangen til IKS'et har det vore fokus på kostnadskontroll. Det har likevel vore utfordrande å ivareta dette på grunn av omorganiseringa og endring i ansvarsforhold. Meirforbruket har vore på kr 714 373. Det har vore eit meirforbruk på lønsutgifter pga utrykkingar. Dei andre kostnadane har vore lettare å ha kontroll på og er nærmare budsjettbalanse.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2015	2016	2017	2018
Skarpe utrykkingar (+ unødvendige)	35	51	36	46 (+34)
Tilsyn – brannobjekt / aktuelle brannobjekt	29/67	18/67	10/67	3/67
Feiing bustad	1.716	1.151	1.541	661
Tilsyn bustad	865	567	710	1.108

Prioriterte strategiar og tiltak i 2018		Rapportering 2018
6.4.5.1	Leggja om til behovsprøvd feiing	Feiaravdelinga i Haugaland brann og redning IKS har under utarbeiding plan for behovsprøvd feiing og differensiering i kommunale avgifter
6.4.5.2	Inngå i felles IKS på Haugalandet – oppstart 1. halvår 2018	1. juli 2018 blei tilsette i Brann og redning overført til Haugaland brann og redning IKS.
6.4.5.3	Opplæring av utrykningsleiarar	To utrykkingsleiarar har gjennomgått utrykkingsleiarkurs ved Noregs Brannskule. I tillegg har ein utdanna ein med funksjon som utrykkingsleiar på grunnkurs. Etter gjennomføring av tiltaket har nå Vindafjord utdanna 8 utrykkingsleiarar av i alt 12. For brannkonstablar er tilsvarande tal 14 med obligatorisk grunndanning, og 16 brannkonstablar utan grunndanninga.

## 7 Vedlegg

### 12134: Utvalgte nøkkeltall for kommuneregnskap i prosent av brutto driftsinntekter

	1160 Vindafjord 2017	1160 Vindafjord 2018	KOSTRA gr 11 2018	Rogaland 2018	Landet u/Oslo 2018
Netto driftresultat	6,7	1,9	1,5	3,3	2,1
Årets mindre/merforbruk i driftsregnskapet	2,9	0,0	1,1	1,4	1,2
Arbeidskapital ex. premieavvik	25,4	22,3	17,0	17,9	21,0
Netto renteeksponering	19,2	26,8	56,1	33,9	42,5
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser	61,5	62,8	106,4	100,4	104,1
Frie inntekter per innbygger (kr)	59 999	59 930	56 820	54 380	55 132
Fri egenkapital drift	8,9	9,7	7,6	13,6	10,9
Brutto investeringsutgifter	10,6	15,9	13,4	16,4	15,1
Egenfinansiering av investeringene	55,7	45,5	21,6	46,1	25,7

### 12143: Finansielle nøkkeltall fra bevilgnings- og balanseregnskapet i % av brutto dr innt

	1160 Vindafjord 2017	1160 Vindafjord 2018	KOSTRA gr 11 2018	Rogaland 2018	Landet u/Oslo 2018
Arbeidskapital ex. premieavvik	25,4	22,3	17,0	17,9	21,0
Avdrag (netto)	3,0	3,2	3,5	3,9	3,6
Brutto driftsresultat	5,4	1,2	1,4	1,7	1,7
Brutto investeringsutgifter totalt	10,6	15,9	13,4	16,4	15,1
Disposisjonsfond (K)	8,9	9,7	7,5	13,6	10,8
Langsiktig gjeld	178,3	182,4	229,9	207,4	217,4
Netto driftsresultat	6,7	1,9	1,5	3,3	2,1
Netto lånegjeld	56,5	65,6	91,9	76,9	85,5
Pensjonsforpliktelse	116,8	119,6	123,6	107,0	113,3
Renteeksponert gjeld	48,0	57,9	70,9	54,8	62,3
Årets mindreforbruk/merforbruk i driftsregnskapet	2,9	0,0	1,1	1,4	1,2
Årets udisponert/udekket i investeringsregnskapet	0,0	0,0	-0,4	-1,9	-0,3

### 12137: Finansielle nøkkeltall fra bevilgnings- og balanseregnskapet i kroner per innbygger

	1160 Vindafjord 2017	1160 Vindafjord 2018	KOSTRA gr 11 2018	Rogaland 2018	Landet u/Oslo 2018
Brutto driftsutgifter totalt	82 467	87 171	93 230	79 821	84 703
Korrigerte brutto driftsutgifter totalt	71 187	73 750	76 508	64 784	68 697
Netto driftsutgifter totalt	59 819	64 288	63 625	58 343	59 846
Brutto driftsinntekter i alt	87 146	88 209	94 565	81 212	86 171
Netto driftsresultat	5 845	1 665	1 446	2 687	1 839
Skatt på inntekt og formue inkludert naturressursskatt	34 224	31 836	25 784	31 463	28 921
Rammetilskudd	25 774	28 095	31 036	22 917	26 211
Eiendomsskatt totalt	2 535	2 673	3 369	2 368	2 742
Frie inntekter	59 999	59 930	56 820	54 380	55 132
Brutto investeringsutgifter totalt	9 221	13 998	12 636	13 284	13 045
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktelser	53 595	55 409	100 571	81 524	89 742
Netto lånegjeld	49 199	57 903	86 930	62 426	73 651
Pensjonsforpliktelse	101 761	105 528	116 853	86 871	97 609

**Økonomiske oversikter - drift**

	<b>Rekneskap 2018</b>	<b>Just budsj 2018</b>	<b>Oppr budsj 2018</b>	<b>Rekneskap 2017</b>
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukertilbetalinger	26 358 339,49	25 144 777	23 990 441	25 306 187,70
Andre salgs- og leieinntekter	46 414 301,15	45 195 125	44 244 172	47 456 777,27
Overføringer med krav til motytelse	120 305 127,13	90 489 216	71 912 956	113 047 755,61
Rammetilskudd	245 631 703,00	258 810 000	258 810 000	226 632 689,67
Andre statlige overføringer	25 639 166,17	27 000 923	17 618 760	18 199 525,82
Andre overføringer	5 009 167,97	4 762 000	0	5 078 272,00
Skatt på inntekt og formue	278 340 440,04	254 041 000	254 041 000	300 936 007,63
Eiendomsskatt	23 371 877,74	23 100 000	23 100 000	22 289 723,95
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0	0	0,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>771 070 122,69</b>	<b>728 543 041</b>	<b>693 717 329</b>	<b>758 946 939,65</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	415 223 307,78	401 518 273	399 769 022	401 494 271,27
Sosiale utgifter	105 734 265,66	109 819 402	109 077 355	103 156 919,98
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	100 063 197,47	82 221 375	72 174 827	89 283 982,82
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	79 347 010,82	66 048 237	52 197 345	62 199 732,81
Overføringer	39 061 268,48	31 851 882	31 138 190	41 022 338,24
Avskrivninger	24 819 316,00	24 800 000	19 000 000	23 294 659,00
Fordelte utgifter	-2 471 152,27	-827 800	-732 800	-2 499 818,75
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>761 777 213,94</b>	<b>715 431 369</b>	<b>682 623 939</b>	<b>717 952 085,37</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>9 292 908,75</b>	<b>13 111 672</b>	<b>11 093 390</b>	<b>40 994 854,28</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter og utbytte	12 449 703,55	14 077 000	12 619 000	15 536 914,22
Gevinst på finansielle instrumenter (OM)	0,00	0	0	0,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	710 000	710 000	0,00
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>12 449 703,55</b>	<b>14 787 000</b>	<b>13 329 000</b>	<b>15 536 914,22</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter og låneomkostninger	7 147 332,83	10 860 505	11 360 505	7 033 296,75
Tap på finansielle instrumenter (OM)	0,00	0	0	0,00
Avdrag på lån	24 644 044,45	25 054 000	25 054 000	23 117 335,93
Utlån	0,00	0	0	0,00
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>31 791 377,28</b>	<b>35 914 505</b>	<b>36 414 505</b>	<b>30 150 632,68</b>
<b>Resultat eksterne finantransaksjoner</b>	<b>-19 341 673,73</b>	<b>-21 127 505</b>	<b>-23 085 505</b>	<b>-14 613 718,46</b>
Motpost avskrivninger	24 819 316,00	24 800 000	19 000 000	23 294 659,00
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>14 770 551,02</b>	<b>16 784 167</b>	<b>7 007 885</b>	<b>49 675 794,82</b>
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter	1,92 %	2,30 %	1,01 %	6,55 %
<b>Interne finantransaksjoner</b>				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	20 213 113,62	20 213 113	0	3 317 022,30
Bruk av disposisjonsfond	1 386 575,00	1 045 910	870 910	5 850 295,73
Bruk av bundne fond	9 862 931,48	8 112 295	1 195 854	6 926 521,12
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>31 462 620,10</b>	<b>29 371 318</b>	<b>2 066 764</b>	<b>16 093 839,15</b>
Overført til investeringsregnskapet	18 638 000,31	18 638 000	8 638 000	8 786 000,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0	0	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	12 220 240,82	19 405 667	174 831	18 953 844,62
Avsatt til bundne fond	15 374 929,99	8 111 818	261 818	17 816 675,73
<b>Sum avsetninger</b>	<b>46 233 171,12</b>	<b>46 155 485</b>	<b>9 074 649</b>	<b>45 556 520,35</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>0,00</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>20 213 113,62</b>

**Netto drift pr rammeområde og eining**

	<b>Rekneskap 2017</b>	<b>Rekneskap 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Just budsj 2018</b>	<b>Avvik</b> <b>Just budsj - R18</b>	<b>%- forbruk</b>
<b>Administrasjon og fellesdrift</b>						
1005 Politisk	4 762 286	4 897 491	5 088 575	5 158 960	261 469	94,9
1009 Rådmann	4 669 490	6 595 564	5 225 350	5 643 763	-951 801	116,9
1010 Økonomiavdeling	14 454 975	13 971 773	13 439 230	13 966 749	-5 024	100,0
1020 Personalavdeling	7 344 921	6 847 011	9 355 456	7 521 414	674 403	91,0
1030 IKTavdeling	6 345 583	7 129 794	8 134 289	7 574 289	444 495	94,1
1040 Service- og fellestenester	7 313 590	7 553 040	8 507 556	8 044 832	491 792	93,9
1080 Stabsrådgjeverar	2 011 576	1 458 609	1 441 724	1 508 722	50 113	96,7
1095 Felles Adm og fellesdrift	1 090 832	1 190 351	2 704 331	949 358	-240 993	125,4
<b>Sum Administrasjon og fellesdrift</b>	<b>47 993 253</b>	<b>49 643 633</b>	<b>53 896 511</b>	<b>50 368 087</b>	<b>724 454</b>	<b>98,6</b>
<b>Oppvekst og kultur</b>						
1100 Skjold skule	27 704 558	28 129 578	28 058 765	27 675 888	-453 690	101,6
1110 Ølen skule	28 615 204	29 779 713	28 820 732	29 467 713	-312 000	101,1
1120 Vikedal skule	15 055 193	14 893 396	14 733 735	14 738 979	-154 417	101,0
1130 Viikebygd skule og barnehage	8 029 618	8 364 010	8 002 203	8 448 179	84 169	99,0
1140 Bjoa skule og barnehage	6 847 514	7 097 605	6 681 275	7 103 551	5 946	99,9
1150 Vats skule	9 542 214	10 135 200	9 952 039	10 246 842	111 642	98,9
1160 Vågen skule	7 258 665	8 046 033	7 269 151	7 741 412	-304 621	103,9
1170 Sandeid skule	9 713 663	9 833 959	9 797 780	9 998 232	164 273	98,4
1180 Imsland skule og barnehage	5 498 589	5 870 439	5 302 799	5 670 365	-200 074	103,5
1210 Sandeid barnehage	7 497 058	7 578 324	6 045 966	7 689 246	110 922	98,6
1220 Vågen barnehage	5 710 230	6 775 384	5 949 590	6 711 291	-64 093	101,0
1230 Vats barnehage	6 095 009	5 912 541	6 142 773	6 172 412	259 871	95,8
1240 Skjold barnehage	10 115 542	11 011 216	9 959 425	10 943 816	-67 400	100,6
1250 PPT	3 898 248	4 184 440	3 903 065	3 979 792	-204 648	105,1
1260 Kultur- og læring	14 875 821	15 564 474	14 770 907	15 438 520	-125 954	100,8
1295 Felles Oppvekst og kultur	35 046 236	35 935 482	48 459 837	36 898 659	963 177	97,4
<b>Sum Oppvekst og kultur</b>	<b>201 503 362</b>	<b>209 111 794</b>	<b>213 850 042</b>	<b>208 924 897</b>	<b>-186 897</b>	<b>100,1</b>
<b>Helse og omsorg</b>						
1300 Vindafjordtunet	61 585 044	65 941 049	52 099 449	61 566 225	-4 374 824	107,1
1340 Ølen omsorgssenter	49 468 482	55 489 685	44 857 292	49 104 336	-6 385 349	113,0
1410 Barnevern	21 546 023	23 406 475	17 492 328	19 501 904	-3 904 571	120,0
1415 NAV-kontor	24 080 701	21 273 901	23 150 659	21 922 711	648 810	97,0
1420 Helse og psykiatri	42 927 675	44 726 235	39 453 757	42 359 868	-2 366 367	105,6
1430 Tilrettelagte tenester	38 111 347	44 296 694	41 079 654	42 163 446	-2 133 248	105,1
1495 Felles Hels og sos omsorg	-17 489 441	-14 626 389	-4 296 973	-15 090 005	-463 616	96,9
<b>Sum Helse og omsorg</b>	<b>220 229 831</b>	<b>240 507 650</b>	<b>213 836 166</b>	<b>221 528 485</b>	<b>-18 979 165</b>	<b>108,6</b>
<b>Forvaltning, drift og utvikling</b>						
1500 Areal og forvaltning	9 121 322	10 665 568	8 334 253	9 135 909	-1 529 659	116,7
1510 Kommunaltekniske tenester	15 318 060	15 863 825	14 594 161	15 138 194	-725 631	104,8
1515 VAR område	-699 254	-577 242	-814 383	-798 383	-221 141	72,3
1520 Reinhalde	13 310 044	13 987 269	13 556 487	14 357 083	369 814	97,4
1530 Brann og Redning	7 599 777	8 712 301	7 650 310	7 997 928	-714 373	108,9
1595 Felles Forsyning	0	0	1 590 213	-479 000	-479 000	0,0
<b>Sum Forvaltning, drift og utvikling</b>	<b>44 649 949</b>	<b>48 651 721</b>	<b>44 911 041</b>	<b>45 351 731</b>	<b>-3 299 990</b>	<b>107,3</b>
<b>TOTALT</b>	514 376 395	547 914 798	526 493 760	526 173 200	-21 741 598	104,1



«1. mars brann det på Skjold skule, og sjølv om ein klarte å berga det meste av skulen vart delar av bygningsmassen totalskadd som følgje av brannskadar og vasskadar. Dette gav igjen utfordringar både for drifta av Skjold skule i kvarvarden med brannskadde bygningar og alternativ drift, og for Eining kommunaltekniske tenester som i 2018 hadde sitt travlaste år gjennom dei store investeringane/byggeprosjekta som vart gjennomført»

## VITAL OG SENTRAL